




# ÅRSMELDING 2019

ME LØFTER I LAG



# Innhald

<i>Rådmannen si innleiing</i> .....	3
<i>Dette er Hå</i> .....	7
<i>Slik styrer me</i> .....	18
<i>Opplæring og kultur</i> .....	43
<i>Helse- og sosialsaker</i> .....	57
<i>Tekniske saker og næring</i> .....	74
<i>Administrasjonen</i> .....	84
<i>Framtidsutsikter</i> .....	91
<i>Årsresultat</i> .....	94

*Biletet på framsida er tatt av Trine Selvikvåg*

# Rådmannen si innleiing

Hå kommune har god økonomistyring med eit overskot på 32 millionar kr, og eit netto driftsresultat på 3,1 prosent av driftsinntektene. Dette er eit godt resultat som viser at tenesteområda klarer å levere gode tenester under strammare økonomiske rammer

Budsjettet for 2019 hadde overskrifta «Saman i skiftande tider». Bakgrunnen for den overskrifta var strammare økonomiske rammer og krav om meir fleksibilitet, evne til omstilling og nye måtar å møte framtida på. Det er tid for større omstillingar og budsjettet for 2020 har derfor overskrifta «Ansvarleg styring – tid for val».

Netto driftsresultat for 2019 vart 46,9 millionar kr, noko som er 3,1 prosent av driftsinntektene. Det er betre enn regulert budsjett på grunn av høgare skatteinngang i Hå og i landet og ikkje minst god økonomistyring i alle tenesteområda. Det er fjerde året på rad at skatteinngangen i landet blir vesentleg høgare enn det myndighetene la til grunn i statsbudsjettet. Skatteinngangen i Hå var 83,3 % av landsgjennomsnittet, ein auke frå 82,5 % i 2018.

## Folkevekst og bustadbygging

Folketalet i Hå auka med 177 personar i 2019, ein befolkningsvekst på 0,9%. Auken skuldast fødselsoverskottet. Vi har ikkje selt meir enn ei bustadtomt i Stokkalandsmarka, men har godkjent igangsetting av bygging av 111 bustader mot 59 i 2018.

## Store prosjekt og planar

På Nærø kunne vi ta i bruk dei to nye etasjane på Hå sjukeheim og dette blei gjort 19 mars 2019. Vi har også brukt mykje pengar på flomsikringsarbeid på Vigrestad.

For å gjere kommunen meir attraktiv å bu i har me arbeidd mykje med sentrumsplanar. *Kommunedelplan for Nærø sentrum* blei vedtatt i november 2018 og arbeidet med *kommunedelplan for Varhaug sentrum* er godt i gang. Moglegheitsstudie i Stokkalandsmarka blir behandla politisk våren 2020. Interessa for å etablera seg i Hå er stor, og me har selt ein del næringsareal også i 2019.

## Arbeidsløyse

Talet på heilt arbeidslause har gått endå meir ned, frå 223 personar i januar (2,2%) til 180 personar (1,8 %) i desember. Dette er svært lågt. Gjennomsnitt for landet var 2,2% i desember.

## Sjukefråvær

Det er svært gledeleg at sjukefråværet i Hå er gått ned med eitt prosentpoeng frå 2018. Det samla sjukefråværet for Hå kommune vart 5,7 % i 2019 mot 6,7% i 2017 og 2018. Hå har det lågaste nivået samanlikna med nabokommunane Time, Klepp og Gjesdal. I 2019 er det arbeidd med IA-satsing innanfor langtidsavdelingane i pleie og omsorg etter mønster frå barnehageområdet og dette viser gode resultat.

## Innovasjon og kommunikasjon

Hå er ein innovasjonskommune. Gjennom 2019 har me fortsatt arbeidet med å digitalisera måten me arbeider på og å vise korleis me leitar etter innsparinger som til

dømes i «minuttjakta». Rådmannen etablerte derfor ei eiga avdeling for dette og medarbeidarane i servicetorget som møter innbyggjarane kvar dag er del av denne.

Nye problemstillingar er ein avgjerande del i arbeidet med *Framtidsløftet*, endringsstrategien i Hå. Vi er med i ulike prosjekt nasjonalt og regionalt.

### ***Innkjøp***

Klare krav blir stilte til offentlege oppdragsgjevarar for å sikra effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Dette tar me på alvor i Hå og innkjøp er no eigen avdeling som rapporterer til rådmannen. Som ledd i kompetanseoppbygginga i organisasjonen har me hatt innkjøp som tema på leiarforum og me samarbeider med nabokommunane om fleire store avtalar.

### ***Organisasjonsutvikling***

Leiarforum er eit viktig strategisk forum for alle leiarar med resultatansvar i organisasjonen. Det er totalt ca. 80 deltakarar i tillegg til dei hovudtillitsvalde. Leiarforum blir arrangert tre gonger i året og er ein viktig møteplass for leiar- og organisasjonsutvikling. Det tredje kullet med leiarutvikling startar i august 2020.

### ***Folkevaltopplæring***

Etter lokalvalet i 2019 er det nytt kommunestyre og nye folkevalte i sentrale posisjonar. Administrasjonen heldt opplæring for nye og erfarne over to dagar i oktober. Ny kommunelov gjelder frå konstituering av nytt kommunestyre – altså 17 oktober 2019.

### ***Corona-smitta***

Kommunen si handtering av beredskapen er sett på ei stor prøve frå mars 2020. For å hindre spreiling av viruset Covid-19 har Hå kommune, etter råd frå nasjonale styresmakter, mellom anna stengt skular og barnehagar. Det vart sett i verk omfattande tiltak svært raskt basert på pandemiplanar, spesielt i tenesteområdet for helse- og sosialsaker og det er tett samarbeid mellom kommunane. Me erfarer at god kommunikasjon er spesielt viktig,

Avhengig av kor lenge pandemien varer vil den kunne gje store utfordringar innan bemanning og ressursar. Det aller viktigaste er å ivareta liv og helse. Deretter kommer bekymringa for næringslivet. Alt dette til saman er urovekkande i forhold til arbeidsplassar og økonomien for kommunen og næringslivet på kort og lang sikt.

Eg vil med dette takka alle medarbeidarar, hovudtillitsvalde og politikarar for eit godt samarbeid og for at me løfter i lag til det beste for innbyggjarane i Hå kommune.

Anne Berit Berge Ims  
Rådmann



Foto: Anna Nesvik

# FAKTA OM HÅ

**1172**  
barn i barnehagar



**18991**  
**HÅBUAR**  
177 fleire håbuar enn i 2018


305 km vattn  
  
**RØYRLEIDNINGAR**  
427 km avløp

**2630**  
elevar  
i skulen

**29150**  
storf  
65 mill. liter mjølkekvote

**119441**  
dekar jordbruksareal  
**430**  
bønder

523 hytter  
1017 leilegheiter  
**5379**  
einebustadar



**156 km**  
kommunal veg  
49 km gang- og sykkelveg

# Dette er Hå

Hå er – og skal fortsette å vere – ein god kommune å bo, leve og arbeide i. Resultata frå 2020 syner at me ser resultat av omstillinga til trongare tider. Vi leverer eit solid økonomisk resultat og har gjort store investeringar for framtida..

## Slik står det til i kommunen

Gjennom Kommuneplanen 2014 - 2028 har kommunestyret bestemt at Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Dette målet har vi nådd også i 2019. Netto driftsresultat på 46,9 millionar kr er 3,1 % av driftsinntektene. Dette er meir enn målet på 1,5 % som er satt i kommuneplanen.

Dispositionsfond ved utgangen av 2019 var på 243 millionar kr noko som er 16,0 % av driftsinntektene. Årsresultatet og utviklinga blir grundig gått gjennom i kapittelet «Årsresultat».

Millionar kr	Rekneskap					Budsjett 2019 *)	Budsjett 2019
	2015	2016	2017	2018	2019		
Driftsinntekter	1 296,0	1 390,2	1 425,1	1 472,7	1 516,9	1 462,4	1 441,9
Driftsutgifter	-1 243,0	-1 327,0	-1 380,5	-1 432,7	-1 412,2	-1 401,3	-1 361,8
Finansposter	-18,0	-35,3	-93,0	-55,6	-57,8	-60,3	-63,6
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>86,0</b>	<b>81,3</b>	<b>21,0</b>	<b>63,5</b>	<b>46,9</b>	<b>0,8</b>	<b>16,5</b>
Avsetningar	51,0	36,7	-8,8	22,2	14,6	-0,8	-16,5
Overskott	34,0	44,6	29,8	41,3	32,3	-	-
<b>Netto driftsresultat i % driftsinntekter</b>	<b>6,6 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>4,3 %</b>	<b>3,1 %</b>	<b>0,1 %</b>	<b>1,1 %</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

## Samfunnsutvikling

Det er stor etterspurnad etter areal, og konkurransen om arealbruken mellom dei ulike interessene er aukande. For Hå kommune dreier det seg om å ta sin del av den forventa veksten i regionen, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

*Hovudmål for samfunnsutviklinga:*

- Legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det vert tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

*Overordna strategiar for å lukkast:*

- Detaljere langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk.
- Konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.
- Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.

## Kommuneplanen

Kommuneplanen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggast til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen. Planen skal gje greie for kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode.

Kommuneplanen bygger på ein langsiktig overordna arealstrategi som definerer langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Nærbø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innafor det området som i regionalplan for Jæren er karakterisert som kjerneområde landbruk.

For å handtera framtidig vekst, samstundes som nedbygging av grøntareal og matjord avgrensast, er eit av hovudmåla med planarbeidet å konsentrera bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.

Kommuneplanen skal reviderast i kommunestyreperioden 2019-2022.

## Planstrategi 2020-2023

Arbeidet med ny planstrategi for Hå kommune i perioden 2020-2023 vart byrja på etter konstitueringa av det nye kommunestyret i 2019. Planstrategien er ikkje ein plan, men ein strategi for kommunen sitt planarbeid i perioden. Planstrategien skal innehalda omtale av ulike samfunnsmessige utfordringar og utviklingstrekk og gje ei oversikt over kva planar som skal gjennom revidering eller utviklast i perioden.

Dei nasjonale forventningane til planlegging seier at FNs berekraftmål skal nyttast som grunnlag for regional og kommunal planlegging. Som svar på dette vil Hå kommune sin planstrategi for 2020-2023 nytta berekraftmåla som rammeverk.

## Kommunedelplan for Nærbø sentrum.

Kommunestyret vedtok 15. november 2018 Kommunedelplan for Nærbø sentrum.

Kommunedelplanen seier noko om korleis me skal utvikla eit trygt, triveleg og tilgjengeleg sentrum. Hovudgrep i planen er å definera ei ny sentrumskjerne som integrerer jernbanestasjonen, torget og parken, og dagens største handelsområde i eit meir kompakt og velfungerande sentrum. Den nye avgrensinga legg til rette for ein heilskapleg struktur som knyt saman det nye sentrumsområdet, skapar liv i sentrum ved bevisst lokalisering og sambruk, bidreg til meir effektiv arealutnytting og aktiviserer offentlege uterom.

## Detaljregulering sambrukshuset på Nærbø

Arbeidet med detaljregulering av sambrukshuset på Nærbø vart varsla i oktober 2019.

Planen omfattar i hovudsak delområda 1C og OT\_1 i sentrumsplanen for Nærbø. 1 C og OT\_1 er avsett til sentrumsføremål og kombinert formål for samferdsel- og teknisk infrastruktur og hensynssone for grønstruktur og ligg vest for jernbanestasjonen. I tillegg er heile undergangen ved stasjonen inkludert og delar av området som ligg aust for undergangen.

Føremålet med planen er å legga til rette for eit sambrukshus der funksjonar som legesenter helsestasjon, familiesenter, bibliotek, kulturskule og fritidsklubb inngår. Det blir lagt til rette for bustadar og næring i delar av planområdet.

Samstundes skal planen ta opp samanhengar mellom offentlege tenestar og utvikling av nye bustadar, torg og grøntstruktur i tilstøytane areal. I dette inngår eit nytt offentleg byrom med park, torg og amfi/scene.

## Kommunedelplan for Varhaug sentrum

Kommunestyret vedtok 14. desember 2017 Planprogram for Kommunedelplan for Varhaug sentrum. Planprogrammet vart kunngjort, og det vart varsla oppstart av planarbeidet i januar 2018. I samband med arbeidet med sentrumsplanen har det i løpet av 2018 og 2019 vore gjennomført omfattande medverknadsarbeid i form av blant anna gjestebod, ulike verkstadar og barnetråkk.

Innspela frå innbyggjarane har saman med ulike rapportar danna grunnlag for sakene som har vorte lagde fram for kommuneplanutvalet. Blant anna har visjonen «Varhaug sentrum – ein møteplass for alle» blitt vedteken. Vidare har det blitt vedteke å definera ei sentrumskjerne mellom dei to butikksentera med rådhuset sentralt plassert i midten.

Sentrumskjernen skal i tråd med visjonen utviklast som ein attraktiv møteplass for alle, der viktige fellesfunksjonar, byrom, møteplassar og grøne område skal bidra til å skapa eit levande sentrum.

Eit av hovudgrepa for å oppnå dette er å etablira ein ny breiare undergang og gjera delar av Rådhusgata om til gågate for å gi sentrum eit større oppholdsareal og betre samankoplinga mellom aust- og vestsida. Det skal fortsatt vera mogleg å nytta einvegskøyring frå sør langs den sør-austlege sida av Rådhusgata.

Arkitektkontoret MAD fekk i oppdrag å skissera korleis eit framtidig Varhaug sentrum kan bli sjåande ut. Desse framtidsbileta vart presenterte på Varhaugmarken 2019, der Hå kommune var representert med eigen stand. Arbeidet med sentrumsplanen går vidare inn i 2020, og det vert teke sikte på å legge fram planforslaget til første gangs behandling sommaren 2020.

## Stokkalandsmarka sentrum

I kommuneplan for Hå kommune 2014-2028 er Stokkalandsmarka utpeikt som eit hovudutbyggingsområde. Eit godt barnehage- og skuletilbod vert sett på som viktig for å tiltrekka seg tomte- og huskjøparar. Det same vert etablering av nærbutikk, idrettsområde og kollektivtransport. I økonomiplanen for 2018-2021 vedtok kommunestyret derfor å setta av kr 500.000 til ein moglegheitsstudie for å avklara framtidig plassering av skule, barnehage og sentrumsfunksjonar. Ein moglegheitsstudie vil bidra til å visa utviklinga av Stokkalandsmarka sentrum både for dei som allereie bur der, og for framtidige innbyggjarar.

Rådmannen inviterte sommaren 2019 til eit parallelloppdrag for å få vist ulike moglegheiter og idéar for plassering av skule, barnehage og sentrumsfunksjonar. Tre arkitektkontor vart inviterte til å utarbeida kvar sin moglegheitsstudie.

Arkitektkontora vart bedne om å utarbeida idéar og konseptløysingar for framtidig utvikling av sentrumsområdet. Idéforsлага skulle ta høgde for og legga til rette for ei etappevis utbygging av sentrumsområdet, slik at sentrale areal ikkje blir liggande ubygde på ubestemt tid.

Bidraga frå arkitektane vart presenterte for kommuneplanutvalet 26. november 2019. Samstundes vart dei lagt ut på kommunen sine heimesider, og noverande og framtidige innbyggjarar i Stokkalandsmarka vart inviterte til å melda seg som gjestebodsvertar for å


koma med sine synspunkt på forslaga. I byrjinga av 2020 vil gjesteboda bli inviterte til ein verkstad saman med politikarane i kommuneplanutvalet.

Med bakgrunn i moglegheitsstudiane og tilbakemeldingane frå gjesteboda skal det utarbeidast ein områdereguleringsplan for Stokkalandsmarka sentrum.

## Befolkningsutvikling

Folketalet i Hå nådde 18 991 ved årsskiftet etter ein vekst på 177 i 2019. Dette er ein auke på 0,9 %.

I perioden 2007-2014 opplevde Hå ein svært høg folkevekst, og vi runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot. 2019 var prega av moderat vekst, hovudsakleg grunna positiv nettoflytting og eit aukande fødselstal frå året føre.



### Aukande innvandring og mindre innanlandske utflytting har gitt vekst

I Hå kommune var det ei positiv nettoinnflytting i 2019, det vil seia at det flytta fleire inn enn ut av kommunen. I Hå vart det eit innanlands flyttetap på 37 i 2019 mot eit flyttetap på 101 i 2018.

Nettoinnvandringa frå utlandet var på 81 personar i 2019 mot 33 personar i 2018.


Nettoinnvandringa på 81 personer frå utlandet veg opp for det innanlandske flyttetapet på -37, og nettoinnflyttinga enda med totalt 44 fleire personar som flytta inn i kommunen enn ut.

## Folkemengd og endringar 2015-2019

	2015	2016	2017	2018	2019
Folketalet 1. januar	18 528	18 591	18 800	18 762	18 814
Fødde	261	281	280	228	241
Døde	98	98	108	110	110
Fødselsoverskot	163	183	172	118	131
Innvandring	225	365	208	156	164
Utvandring	112	173	127	123	83
Innflytting, innalands	661	568	540	523	573
Utflytting, innalands	869	740	827	624	610
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	-95	20	-206	-68	44
Folkevekst	63	209	-38	52	177
Folketalet ved utgangen av året	18 591	18 800	18 762	18 814	18 991
Folkevekst i %	0,3	1,1	-0,2	0,3	0,9

241 born vart fødde i 2019, 13 born meir enn året før. Dette ligg noko lågare enn føregåande år. Det døydde 110 personar i 2019, same tal som i 2018. Fødselsoverskotet på 131 personar var 13 personar høgare enn i 2018.


## Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folkevekst



## Små endringar i aldersfordeling

Aldersfordelinga i befolkninga held seg nokså stabil. Ved årsskiftet var 8,5 % av alle busette i Hå barn under 6 år, mens 15,2 % var 6 til 15 år og 5,4 % 16 til 19 år. 58,5 % av dei busette i Hå var i alderen 20 til 66, mens 9 % var i alderen 67-79 år. Dei på 80 og eldre utgjorde 3,4 % av folkemengda.

## Folkemengd etter alder 31. desember 2015 - 2019



## Størst auke i talet på eldre

Talet på 0 til 5-åringar minka med 4 frå 2018 til 2019, frå 1623 til 1619. Talet på barnehagebarn minka, mens talet på skulebarn helt seg stabilt. Det var auke i talet på barn i alderen 6 til 15 år på 22 personar frå 2018 til 2019. I aldersgruppa 16 til 19 år var det 22 fleire i 2019 enn 2018. Svingingar mellom enkeltår for desse aldersgruppene er normalt. Det var ein vekst i den yrkesaktive delen av befolkninga på 28 personar. Talet på eldre mellom 67 til 79 har auka med 69 personar, mens talet på personar 80 og 89 år har auka med 42 personar. Gruppa over 90 år har minka med 3 personar.

## Sysselsetting

Talet på heilt arbeidslause har gått endå meir ned, frå 223 personar i januar (2,2%) til 180 personar (1,8 %) i desember. Dette er svært lågt. Gjennomsnitt for landet var 2,2% i desember. Rogaland har eit snitt på 2,3% og Norge 2,3%.

Av heilt ledige i Hå kommune er 48 % innvandrarar, noko som er blant det høgaste i landet. Mange av dei med språkutfordringar vert hengande igjen som arbeidsledige. Det er satt inn auka ressursar for å jobbe med denne gruppa.

Hå kommune har no 45 helt ledige ungdomar under 30, det er ein nedgang frå 2018.

*Foto: Anne Lise Norheim*



# VIKTIGE HENDINGAR I 2019

## FEBRUAR

- Kommunestyre vedtek avtale om Vindpark på Skinansfjellet
- Kommunestyret vedtek forprosjekt til ombygginga på Varhaug skule
- Kommuneplanutvalet vedtek visjon for kommunedelplanen for Varhaug: «Varhaug sentrum – ein møteplass for alle»

## APRIL

- Innbyggjarane kan sjå eigne fakturaar på nett
- Kulturskular og kor frå heile Jæren framfører Händels Messias

## JUNI

- Stormøte i Varhaughallen om ungdom og rus
- Folkemøte i Sirevåg om nytt servicebygg
- Nedlegging av minnesmerke (snublestein) for jøden F.A. Melzer ved biblioteket på Ogna skule

## AUGUST

- Formannskapet vedtek oppgradering av Nasjonal turistveg Refsnes
- Ordføraren presenterer Hå kommune som ein føregangskommune i flaumsikring på Arendalsuka
- Nyheitskanalen Infoskjermen go blir lansert

## JANUAR

- Varhaugmøtet med besøk av statsråd Olaug Bollestad
- Folkemøte om ungdomsmiljø i Varhaughallen
- Rennedrev på Jæren ei heil helg
- Billettar til familiebadning blir automatisert i Vipps

## MARS

- Dei første pasientane flyttar tilbake til sjukeheimen på Nærø et etter ombygging
- Hå kommune får klarspråkprisen for 2018
- Brusand IL feirar sitt 100-årsjubileum
- Hå kulturskule framfører High School Musical

## MAI

- Kommunestyre vedtek å kjøpa Madland hamn
- 10-årsjubileum i Bjarhaug barnehage
- Kommunestyret vedtek at Hå kommune skal ha nullvisjon mot sjølvmort
- Kommuneplanutvalet og gjestebod får presentasjon av framtidsskisser for Varhaug sentrum
- Styret for Jæren Produktutvikling vedtek å legga ned organisasjonen

## JULI

- Ung i juli blir arrangert med 550 besøkande
- Tall Ships Races blir arrangert i Sirevåg for tredje gong

# VIKTIGE HENDINGAR I 2019

## OKTOBER

- Jonas Skrettingland (KrF) blir vald til ordførar på nytt
- Svein Høyland (Sp) blir vald til ny varaordførar
- Hå kommune gjennomfører folkevaldopplæring i Flekkefjord
- Det elektroniske byggesaksarkivet, Weblager, blir opna for innbyggjarar
- Hårrock feirar 25 år

## SEPTEMBER

- Hå kommune gjennomfører Kommune- og fylkestingsval med valdetaking på 65,5 prosent
- Frivilligbørsen blir arrangert for første gong. Det blir inngått 34 avtalar
- Hå kommune deltek på stand under Nordic Edge

## NOVEMBER

- Frivilligprisen blir oppretta. Dei fyrste som får denne prisen er Mats Efjestad og Andre Hegelstad.
- Kommunestyret vedtek at Hå sjukeheim skal bli ein «livsgledeheim»
- Barn- og unges kommunestyre opnar klatreparken framfor rådhuset
- Kommuneplanutvalet får presentert skisser for utvikling av Stokkalandsmarka sentrum
- Kommunedelplan for dobbeltspor Skeiane – Nærbo har oppstartsmøte
- Hå kommune signerer intensjonsavtale med Trygg Trafikk om godkjenning som trafikksikker kommune. Trafikksikkerheitsplan er under arbeid.
- Kommunestyret vedtek oppstart av andre etappe av flaumsikringa på Vigrestad
- 40-års jubileum i Trekløveren barnehage
- Det blir mogleg å booka byggesaksbehandlarar på nett
- Ung Opera frå Hå kulturskule turnerer i fylket med barneopera for Opera Rogaland

## DESEMBER

- Skjeraberget avlastningsbustad
- Kommunestyret vedtek oppgradering av brannstasjonen på Vigrestad
- Prosjektet Biogass/biorestproduksjon som berekraftig gjødselhandteringsstrategi på Jæren, blir ferdigstilt og overlevert til samarbeidspartane
- Kommunestyret vedtek oppstart av kommunedelplan for landbruk
- Første etappe av flaumsikringa på Vigrestad blir ferdig
- Tømmekalenderen blir digital
- Ny ordning for utlevering av matavfallsposar
- Det blir mogleg å booka utleigelokal på nett

## Framtidsløftet og digitalisering

Framtidsløftet er den strategiske satsinga for å bli betre rusta til å møte utfordringane i framtida. Nedanfor har me trekt fram fleire områder der me jobbar med innovasjon, forsking og nye måtar å løyse oppgåvene på i ulike deler av organisasjonen.

### Administrasjon – felles for heile organisasjonen:

- Digitalisering av **støtteprosessar**, til dømes fakturamottak, reiserekningar og personmeldingar har frigjort tid til andre oppgåver. Her arbeider me aktivt med alle fagområder og ser at gode løysingar vert etablert.
- I 2019 starta me kompetanseutvikling på **tenestedesign**, då me såg at dette vil styrke innovasjon og digitalisering. Me har fått gode resultat av dette og i 2019 har me sett nærmare på prosessforbetring og robotisering.
- Gjennom **DigiRogaland** har me oppretta eit samarbeid med 8 kommunar med Sandnes kommune som leiar. Me har gått ut på felles anbod for å knytte til oss leverandørar med spesialkompetanse som kan bidra fagleg og kan leve robotiseringsteknologi. Dette inneberer at me til dømes kan automatisera interne arbeidsprosesser som er arbeidskrevjande slik at dei blir utførte av avanserte program.
- Gjennom samarbeidet i DigiRogaland ser me at me får tilgang til ressursar og kompetanse som styrker oss på digitalisering. I 2019 blei det etablert faggrupper innan sentrale fagområder slik som personvern og informasjonssikkerhet, prosessforbetring og liknande som me vil sjå gode resultat av framover
- Me arbeider kontinuerleg med å gjere tilgjengeleg fleire moglegheiter for å nytta elektroniske skjema for søknadar og andre henvendingar til kommunen. For å styrke dette området har me etablert samarbeid med andre Jærkommunar for å utvikla kunnskap og nye løysingar saman.
- **KS-MinSide** er utvikla av KS og me har gjort dette tilgjengeleg på nettsidene våre. Her er det samla opplysingar og informasjon som er lett tilgjengeleg ved innlogging med MinID. Tilboden blir stadig utvikla med nye moglegheiter i fellesskap med andre kommunar.
- Innsyn i faktura er ei ny teneste der innbyggjarane kan finne faktura dei har mottatt frå kommunen, skrive desse ut, sjå status og søkja om betalingsutsetting.
- For å få ein betre tilsettungsprosess og betre oppleving for søkerar på stillingar hjå oss har me anskaffa nytt system for utlysing, søknadsmottak og handsaming av søknadar som vil gje nye moglegheiter og ei betre oppleving for søkerane.
- **DigiHjelpen** er eit tilbod til innbyggjarane for å styrke og utvikle digital kompetanse. Me har starta arbeidet med å strukturere innsatsen på dette området i alle aktuelle tenesteområde og i 2020 vil me etablere faste løypande aktivitetar i tett samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Me har fleire samarbeidsprosjekt med Klepp, Time og Gjesdal. Me har etablert eit samarbeid om **beredskap på IKT-området** som me allereie ser stor nytte av og har fått gode resultat utav. Dette arbeidet fortset framover. Me har gjennomført dei første innkjøpsprosjekta saman.
- **Komdigi** er ein læringsarena for digitalisering i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS og Hovudsamanslutningane. Hå var ein av 40

kommunar som fekk bli med i dette toårlige prosjektet med politikarar, tillitsvalde og administrasjon.

#### *Opplæring og kultur:*

- For barnehagane har me hatt ein grundig strategisk gjennomgang for å oppnå fulldigital administrasjon, sakshandsaming, arkivering og kommunikasjon med foreldre via mobiltelefon-app, andre samarbeidspartnarar via SvarUT, SvarInn og eDialog. Anbodsutlysing på IT-leveranse har svarfrist i februar 2020 og planen er å innføre dette i 2020 i administrasjonen og alle kommunale barnehagar.
- På skulane har me som eit viktig læringsreiskap til elevane kjøpt inn **Chromebook**/berbar pc som arbeidsreiskap i løpet av skuleåra 2017- 2019. I 2019 har alle tilsette i skulane også fått Chromebook slik at alle har same teknologi. Dette vil legge eit godt grunnlag for auka læring og betra motivasjon.
- For PP-tenesta er det etter ei anbodsutlysing tatt i bruk nytt journalsystem. Dette er eit heildigitalt system for sakshandsaming, elektronisk arkivering og fullelektronisk kommunikasjon med innbyggjarar og andre samarbeidspartnarar ved hjelp av tenester som SvarUT, SvarInn, eDialog og DigiPost/eBoks. Samtidig har me innført mobil sakshandsaming for dei tilsette slik at dei kan være mobile og kan utføre arbeid "i felten".

#### *Helse- og sosial:*

- Me har eit **interkommunalt velferdsprosjekt** med 11 kommunar som går frå 2017 – 2020. Som eit ledd i den framtidige satsinga på velferdsteknologi er det inngått avtale med Telenor om å handtera kommunen sine tryggleiksalarmer. Frå 31.01.2019 har Kristiansand responsenter tatt imot og svara på kommunen sine tryggleiksalarmer. For den enkelte brukar i Hå er det i praksis lita endring. Det er framleis heimetenesta i Hå som rykker ut på alarmar.
- I 2018 fekk Hå kommune fekk i 2018 innvilga støtte til **ein offentleg ph.d (doktorgrad)**. Dette er eit forskingsprosjekt i Hå i samarbeid med VID (Vitenskapelige Høgskule). Målet er å endre måten me gjer tenester på ved hjelp av forsking - innan deler av området psykisk utviklingshemming. Doktorgraden er planlagt å gå over 4 år og kandidaten hjelper til med å implementere forbeteringar fortløpende i Enhet for funksjonshemmede i 25% av stillinga si.

#### *Tekniske saker og næring:*

- Me har skanna heile **byggesaksarkivet** fram til 2007 og dette er nå gjort tilgjengeleg for alle på nettsidene våre. Her kan det søkast i alle byggesaker fram til 2007. Me arbeider med å få inkludert saker etter 2007 også i dette tilbodet.
- Tenesta **eByggweb** er nå tilgjengelig på nettsidene våre. Her kan alle via kart sjå kor det er aktive byggesøknadar og kan lese alle dokument i den aktuelle saka.
- Reserver time med ein byggesaksbehandlar er ei ny teneste der innbyggjarar og andre kan reservere tid til møte med ein byggesaksbehandlar. Dette vil gjøre det enklare å finne ei passande tid og få reservert denne.

# Slik styrer me

I dette kapittelet omtalar vi korleis vi arbeider i kommunen, kven som styrer og korleis vi følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutinar bestemmer. Vi omtalar også kven vi er og korleis det er å arbeide her.

I 2019 har vi fortsett arbeidet med å betra arbeidsmåtar og –miljø på mange vis. Personvern og digitalisering står høgt på sakskartet, vi søker heile tida å gjere innbyggjarane sitt møte med kommunen enklare og legga til rette for at dei raskt får svir på det dei lurer på. Beredskapsarbeidet er viktig – og vi har gjennomført 231 øvingar, inkludert to skrivebordsøvingar med krisestabben.

## Kommunen

Kommunestyret er det øvste styrande organ i ein kommune. Dei viktigaste styringssignalene blir gitt når budsjett og økonomiplan blir vedtatt. Her blir mål og planar omtalt og det vert sett rammer for ressursbruk på alle områder både med omsyn til pengar og årsverk.

Hovudutvala har ansvaret for gjennomføring av tiltak etter vedtekne planar og økonomiske retningslinjer. Administrasjonen står for løypande drifts- og planleggingsoppgåver. Hå kommune er organisert etter ein modell med tenesteområder og stabar som rapporterer til rådmannen.

Oppfylling av denne modellen føreset delegering som i alle tilfelle skjer innafor vedtekne økonomiske rammer. Føresetnaden er likevel at utforminga av politikken i hovudsak skjer på overordna nivå i formannskap og kommunestyret. Hensikta med delegasjonsreglementet er å legga betre til rette for overordna økonomisk styring, ha klarare ansvarsdeling mellom ulike folkevalde organ og mellom politisk og administrativt nivå, samt effektiv ressursutnytting.

Rådmannen delegerer vidare internt i administrasjonen gjennom interndelegeringsreglementet.

## System og organisering

Rådmannen si leiargruppe består av dei tre kommunalsjefane, personal- og organisasjonssjef, eigedomssjef og økonomisjef. I tillegg rapporterer leiar for politisk sekretariat, innkjøpssjef, digitaliseringssjef, leiar for innovasjon og kommunikasjon, nærings- og hamnesjef, og leiar for dokumentsenter til rådmannen.

## Etikk og antikorrupsjon

Kvalitets- og avvikssystemet Compilo er og system for varsling av kritikkverdige tilhøve i verksemda. Føremålet er å gi kjende, trygge og lovlege rammer for intern varsling, og samstundes bygga ein kultur tufta på eit ønske om openheit.

Arbeidet med nye etiske retningslinjer vart gjort ferdig i 2017. God forankring vart sikra gjennom tett samarbeid mellom administrasjonen, dei hovudtillitsvalde og hos politikarane.

## Slik arbeider vi (forvaltningspraksis)

### Offentlegheit

- Møteinnkallingar, saksutgreiingar og protokollar er tilgjengelige på kommunen sine nettsider
- Kommunestyremøta blir overført direkte på internett og kan også sjåast i opptak etter møta
- Alle utvalsmøta er opne for publikum

### Tilgjengeleghet og brukarorientering:

- Servicetorget tek imot alle som vender seg til kommunen personleg, via telefon, e-post, chat eller facebook
- Brukarundersøkingar blir gjort innanfor stadig fleire områder
- Kommunikasjonsstrategi er utarbeidd i samarbeid med dei hovudtillitsvalde

### Politisk styring og kontroll

- Kommunen har ein tydelig visjon og klare verdiar
- Gjeldande delegeringsreglementet vart vedtatt i første kommunestyremøte i 2017. Nytt reglement skal vedtakast i løpet av første året med nytt kommunestyre (i 2020).
- Det er ryddige og klare linjer i samspelet mellom politikk og administrasjon
- God samanheng mellom politiske ambisjonar og tilgjengelege ressursar
- Årshjul med kafedialog i samband med framlegging av budsjettet

### Leiarskap, ansvar og delegering

- Synleg og tydeleg rådmann
- Leiарforum med alle leiara, dei hovudtillitsvalde og leiara frå Jæren Everk
- Leiaturviklingsprogram: Tredje gruppe på 30 leiara begynner i 2020
- Leiavtalar vart innført for alle leiara i 2016
- Brei delegering
- Det vert gjennomført jamlege dialogmøter med dei hovudtillitsvalde

### Resultat og effektivitet

- Følgjer KOSTRA
- God økonomi og –styring over tid. Det vert likevel arbeidd med å vidareutvikle økonomiplan og årsmelding for å gje god styringsinformasjon til politikarane og andre
- Digitalisering gjer mange prosessar meir effektive

### Kommunen som arbeidsgjevar

- Vidareutviklar medarbeidarsamtaler og bruken av desse vart innført i 2016
- Opplæringsplanar med eigne budsjett. Årleg evaluering av gjennomførte tiltak
- Fokus på kompetanseutvikling i skule/barnehage.

### Kommunen som samfunnsutviklar

- Gjeldande kommuneplan vart godkjent i desember 2014. Kommunal planstrategi vart vedtatt i 2016. Ny planstrategi i løpet av første året i nytt kommunestyre (våren 2020)
- Hå kommune er kjent for innsatsen på kultur- og idrettsområda
- Bustads- og næringsutvikling (spesielt fokus mat/landbruk)

- Meir samarbeid med frivillige har fokus framover, særleg innanfor helse og for å få til god integrering av flyktningar

## Styringssystem



## Kommuneplanen

Kommuneplanen omtalar **visjon og satsingsområder** for Hå kommune.

Kommuneplanen har to deler – ein samfunnssdel og ein arealdel. Samfunnssdelen omhandlar kulturlandskapet, visjon, mål og strategiar, framskrivingar (befolkningsvekst), kva som skal til for å ha gode bu- og næringsmiljø, sysselsetting og næringsliv, klima og energi, kommunal beredskap, kommuneorganisasjonen og omtale og mål for dei kommunale tenestene.

Arealdelen omhandlar føresetnader og arealbehov, areal og utbyggingsstrategiar, føresegner og retningslinjer

## Planstrategi

Kommunal planstrategi skal avklare kommunen sitt **planbehov**.

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i desember 2014. Denne har mål og strategiar for alle (sentrale) delar av kommunen si verksemnd.

I 2016 blei det utarbeidd ein ny planstrategi som gjev føringar for kva for planar som skal utarbeidast eller reviderast. Denne strategien er eit viktig verkty for å sikre ei samla prioritering av alle plandokument i kommunen og vil ta omsyn til endringar i samfunnet rundt oss. Sjå omtale i kapittelet «Dette er Hå».

## Kommunedelplan «Utdjuping av kommuneplan»

Kommunedelplanar er utdjuping av kommuneplanen. Det kan enten vær eit samfunnstema eller areal for ein del av kommunen. Kommunen er godt i gang med å utvikla ein kommunedelplan for Nærø sentrum som skal fastlegga dei overordna måla og ramane for den fysiske utviklinga av Nærø sentrum i årene framover.

## Tema og sektorplaner «Konkretisering og tiltak»

Tema og sektorplaner er ei vidare konkretisering av kommuneplanen. Både barnehagebruksplan og skulebruksplan er temoplaner. Til dømes skal barnehagebruksplanen gi grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen, og vera grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering, utvikling av bygningane og uteområda, vedlikehald og opptakskrinsar.

## Økonomiplan og årsbudsjett

Den 4-årig økonomi-planen er kommuneplanen sin handlingsdel, **prioriteringar og tildeling av ressursar**. Det blir utarbeidd planar for verksemda ut frå rammene i vedteke handlingsprogram (årsbudsjett). Det skal leggast vekt på rammevirking og utstrekkt grad av delegering.

## Årsmelding/årsrekneskap

Det skal utarbeidast årsmelding/årsrekneskap med resultatvurdering ut frå plan for verksemda som er sett opp i årsbudsjettet. Dette er det dokumentet du nå les i.

Dette er det dokumentet du no les i. Årsrekneskapen er eit eige dokument.

## Meir om mål og resultatstyring

Dei økonomiske målsettingane som er definert i kommuneplanen er nådd også i 2019. Netto driftsresultat vart 3,1 % som er meir enn målet som er sett i kommuneplanen på 1,5 %. Drifta gav eit samla mindreforbruk (overskott) på 32 millionar kr som gjer at ein også i 2019 kan sette av pengar til disposisjonsfond. Å ha midlar på fond er viktig for å sikre handlefridom og for at ikkje etterkomarane skal betale for det dagens politikarar vedtar.

Kommunestyret får rapport kvart tertial med status for heile kommunen og for kvart tenesteområde, i sentraladministrasjonen og på finansområdet. Desse kan gje grunnlag for budsjettjusteringar.

## Internkontroll

For at tilsette i kommunen skal kunne løyse oppgåvene sine på rett vis, er det viktig å ha gode rutinar for korleis oppgåvene skal bli gjennomført.


Hå kommune har fleire system for internkontroll. Alle tilsette har tilgang til og skal nytta «Compilo» - det digitale kvalitets- og avvikssystemet. Tenesteområda har i tillegg eigne fagsystem. I 2019 innførde kommunen ei oppdatering av Compilo, slik at dette nå kan erstatte nokre av avviksmeldingane som før gjekk i dei ulike fagsystema.

Det ble i 2019 meldt inn 561 HMS-avvik, mot 287 i 2018. Dette skuldast mellom anna auka fokus på betydinga av å melde og lære av avviksmeldingar. Gjennom heile året blir det arbeidd systematisk med internkontroll i heile verksemda.


Til saman blei det i 2019 meldt inn 970 avvik i Compilo. Motsvarande tal var i 2018 var på 591. Dette gjer uttrykk for ein kultur kor den einskilde tilsette er kjend med prosedyrar, og tek ansvar for at dei blir brukt rett. Det synar og ein tillit til at avvik som blir meldt, blir tekne tak i og retta opp.

Handtering av avvik er eit viktig utgangspunkt for organisasjonslæring. Tilsette kan melde avvik innan kategoriane «Organisatorisk», «Teneste/brukar», «HMS» og «Informasjons-tryggleik» (GDPR).

## Avvikskategoriar




Figuren syner meldte avvik innanfor dei fire hovudkategoriane.  
Alvorsgraden er bestemt av den tilsette eller leiaren som melder avviket.



Innanfor HMS er det fem kategoriar: «Arbeidsmiljø», «Nestenuhell», «Ulukke, skade», «Vald/truslar» og «Ytre miljø». Figuren syner fordelinga på desse kategoriane og alvorsgraden.

Vold og truslar utgjer den største del av HMS-avvika i 2019, og er på 60 %. Desse er fordelt på følgjande underkategoriar:




# Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Dei har sin eigen administrasjon som er uavhengig av kommunen sin administrasjon. Oppgåvene deira knyter seg både til løypande tilsyn med forvaltninga (drifta), revisjon, rekneskap og internkontroll, forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar. Dei har eige budsjett og lagar ei eiga årsmelding.

Kontrollutvalet har i 2019 behandla forvaltningsrevisjonsrapporten «Pleie og omsorg».

## Årshjul

Kvart år blir det gjennomført ei rekke styringsprosessar. Desse kan visast i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar føregår i høve til kvarandre politisk og administrativt.



# **Samfunnstryggleik og beredskap**

## **Definisjon**

Beredskap betyr i utgangspunktet «å være beredt», altså å være førebudd på ein situasjon. Det blir brukt spesielt om å vera førebudd på å møte kritiske situasjoner, det vil seie å handtere og redusere skadeverknader av uønska hendingar som kan føre til skade på eller tap av verdiar eller personskade/dødsfall. Beredskap omfattar tekniske, operasjonelle og organisatoriske tiltak som planleggast å bli sett i verk under leiing av beredskapsorganisasjonen ved ei hending, for å beskytte personell, materiell og verdiar.

## **Viktige hendingar i 2019**

Det var i 2019 ingen hendingar som medførte at kriseleriinga vart sett, men det var auka beredskap i samband med 4 uønska hendingar i kommunen.

Det blei gjennomført tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 5. og 11. juni 2019. Formålet med tilsynet var å undersøke om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap var i samsvar med lovkrav. Hovudinntrykket frå tilsynet var at Hå kommune har hatt ei svært god utvikling i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap sidan tilsynet i 2015 og står nå på fleire områder fram som ein føregangskommune. Det blei likevel avdekkja eitt mindre avvik. Avviket blei lukka i formannskapssak 055/19 «Tilsyn med samfunnssikkerhet og beredskap».

Det har for øvrig vore stort fokus på å øva på planverket. Det er ikkje bare kriseleriinga som høva på planverket, det vart i 2019 gjennomført totalt 231 små og store beredskapsøvingar mot 120 i 2018

Øvingar	Type	2019
Opplæring og kultur	Brann, Evakuering, Risikoanalyse og Førstehjelp	145
Helse og sosialsaker	Scenariotrenings, HLR og akutt uavklart sjukdom, Utalarmering og samhandling i nødnettet, Brann	53
Tekniske saker og næring	Vannforsyning, Flom og uvær, Brann, Industriøving (Aarsland møbel), Utilsikta hending (Loen)	17
Sentral-administrasjon	Styrka beredskap, Test av beredskapsløysing, Risikovurdering, Førstehjelpskurs, Brann	15
Kriseleriing	Datasvindel	1
Hå kommune		231

## Kva er fokus i 2020?

Vi jobbar kontinuerlig med samfunnstryggleik og beredskap. I 2020 vil vi ha fokus på samarbeid, opplæring og øving på planverket. Det blei i januar 2020 gjennomført ei øving med bortfall av strøm. På bakgrunn av erfaringane frå denne øvinga vil fokus for 2020 være å ta tak i:

- Evne til å arbeide systematisk og metodisk
- Kunnskap om eigen rolle og bidrag til kriseleriinga
- Møtedisplin
- Inkludering av ressursar utanfor det kommunen rår over sjølv.

### *Corona-viruset*

Den alvorlege situasjonen som oppsto i mars 2020 med at viruset Covid-19 spreia seg så raskt har gjort at kommunen si krisehandtering er sett på ei verkeleg prøve. Me erfarer at førebuingane me har gjort er gode og viktige. I tillegg til dei praktiske tiltaka og omdisponering av personell ser me at samarbeid og god kommunikasjon internt, med andre kommunar, fylkesmannen og til innbyggjarane er avgjerande for at me klarer å handtere situasjonen på ein god måte.

## **Klima, miljø og energi**

*Berekraftig forvalting av miljø- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen. I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabilde framover viser.*

### Kommunen si eiga drift

Hå kommune er ei stor verksemد, og blant dei største arbeidsgjevarane, største byggeigarane og største innkjøparane i kommunen. Det er derfor viktig at kommunen sjølv tek klimavennlege val i eiga drift.

*Offentlege innkjøp* i Hå er anslått til ein verdi på rundt 500 til 600 millionar kroner årleg. Hå kommune har utarbeidd eit innkjøpsreglement som fastslår krav til miljøomsyn.

*Kommunale bygg* utgjer ein vesentleg del av bygningsmassen i kommunen. Ved å drifte disse areala mest mogleg energieffektivt vil det gi store reduksjonar i kommunen sine klimautslepp også for kommunen sine utgifter.

### Klima- og energiplan

Kommunestyret godkjente planprogrammet for klima- og energiplanen 14. september 2017 i sak 056/17. Planarbeidet vil resultere i at konkrete tiltak blir foreslått i planen sin handlingsdel. Det er viktig å få fram at tiltak som krev kommunale løyvingar vil måtte innarbeidast i kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett for å kunne gjennomførast.

### *Landbruksplanen*

Kommunen ynskjer saman med bøndene å finne interessante tiltak som gir klima- og miljøgevinstar. Problemstillingane er dekka i klima- og energiplanen og miljøspørsmåla vil bli tatt opp i landbruksplanen. Det vil vera hensiktsmessig å vurdere og samordne arbeidet med

dei to planane, særleg i dialog med interessentane kan det vere effektivt å drøfte klima- og miljøproblemstillingar samla.

### *Bysykkel*

I 2018 søkte Hå kommune saman med 12 andre Rogalandskommunar og Rogaland fylkeskommune til Miljødirektoratet om midlar til en sykkeldelingsordning. Ordninga er ein del av «Klimasats» programmet. Søknaden frå Hå kommune er forankra i kommunens arbeid med å oppdatere kommunens Klima- og energiplan, jf. KS-sak 056/17. Bysyklane skal prøvast ut på Nærbø, og at lokalisering av ladestasjonane blir knytt opp til dei overordna gang- og sykkelveiene frå sentrum til viktige målepunkter i Nærbø sentrum

### **Klimatilpassing**

Hå kommune har ein viktig jobb å gjøre for å sørge for at samfunnet er tilpassa klimaendringar. Klimatilpassing er samanvevd med fleire av kommunen sine ansvarsområde: Arealplanlegging i kommunen må sørge for at nye område som byggjast ut ikkje blir trua av for eksempel overvatn og flaum. Det er ikkje noko nytt, men med eit villare og våtare klima blir utfordingane knytt til ekstremver større. Fortetting i stasjonsbyane kan også ha følgjer for kor godt eit område tar imot nedbør.

Vann- og avløpshandtering må handtere dei normale nedbørsmengdene i samsvar med vedtekne retningslinjer for dimensjonering. Sidan 2011 har Hå kommune hatt ein vann- og avløpsnorm som er utarbeida i samarbeid med andre kommunar på Jæren.

Eigedomsavdelinga arbeider saman med Niras AS om energimerking, energikartlegging og utarbeiding av grunnlag for avgjerd om vidare arbeid. Det blir arbeidd med å skaffe informasjon om byggja.



*Slike syklar har me også fått i Hå – bilete frå Kolumbus*

# Kommunikasjon og innovasjon



I 2019 vart kommunikasjons- og innovasjonsavdelinga (kominn) etablert. Avdelinga er fletta saman med servicetorget, noko som er ein stor fordel både i kommunikasjons- og innovasjonsarbeidet. Å vera tett på innbyggjarane er eit suksesskrite for å kunna bygga gode nettsider, kommunisera forståeleg og for å utvikla nye, gode løysingar.

## Minuttjakta

To av medarbeidarane har gått på kurs i tenestedesign, og saman med digitaliseringssjefen har dei gjennomført mange gode møte med ulike avdelingar i kommunen. Utgangspunktet er heile tida å hjelpe saksbehandlarane med å sjå innbyggjarane sine behov og å kartlegga alle ledda i eigne rutinar. Felles for møta er at alle deltakarane endar opp med det same spørsmålet «Kvífor gjer me det slik?». Det er eit godt utgangspunkt for å finna nye løysingar saman. I løpet av kort tid, har mange tenester blitt digitalisert, forbetra og endra. Løysingane blir betre for innbyggjarane, men også for dei tilsette som sparar mykje tid og slepp å gjera mykje rutinearbeid. Dette har me kalla minuttjakta. I løpet av 2019 har me funne så mange minutt at det fyller 34 ekstra arbeidsdagar i året.

Minuttjakta i Hå kommune handlar ikkje om at folk skal springa raskare eller pressa fleire oppgåver inn i arbeidsdagen. Minuttjakta handlar om å bruka nye arbeidsmåtar til å gjera dei same oppgåvene eller å slutta å gjera unødvendige oppgåver. På den måten blir det tid til å gjera meir nyttig og givande arbeid. Dette er Framtidsløftet i praksis.

## Nettsider

I 2018 hadde nettsidene våre [www.ha.no](http://www.ha.no) 274.255 unike besøkande. Dette talet auka i 2019 til 682.913. Når det gjeld besøkande frå mobil og ipad, var talet 55.054 unike besøkande i 2018, mens i 2019 var talet 74.467. Dette er ein stor auke i interessa for nettsidene til Hå kommune, og det viser at me har gjort stoffet og dei digitale tenestane våre endå meir aktuelle for innbyggjarane våre. Målretta jobbing har gitt resultat. Det siste året har kommunikasjons- og innovasjonsavdelinga jobba mykje med å gjera nettsidene brukarvennlege, i tråd med tankegangen at nettsidene er det digitale servicetorget. Innbyggjarane bruker nettsidene for å få utført ei teneste, søkt på noko, bestilt noko eller henta ut matnyttig informasjon. I tillegg har me nytta Facebook og Infoskjermen Go til å formidla nyheitene og losa innbyggjarane inn i det digitale servicetorget.



Dette er dei femten mest besøkte tenestane våre på [www.ha.no](http://www.ha.no) i 2019:

1. Politisk møtekalender
2. Skulerute
3. Skuletenester
4. Barnehagetenester
5. Tømmekalender
6. Legetenester
7. Vegstenging
8. Kontakt oss
9. Mi side
10. Ledig stilling
11. Bibliotektenester
12. Val 2019
13. Symjebasseng
14. Vassmålar
15. Tall Ships Races 2019


# Personal og organisasjonsutvikling

Av kommuneplanen går det fram at den overordna målsettinga for personalpolitikken i Hå er å ha tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft. I hovudavtalen er partane i arbeidslivet samde om at formålet med partssamarbeidet er utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Som arbeidsgjevar driv kommunen mange prosessar for å understøtte desse måla, mellom anna inkluderande arbeidsliv (IA), leiar- og organisasjonsutvikling, helse-miljø-tryggleik (HMS), kompetanseutvikling, rekruttering og utarbeiding av mellom anna lønspolitikk og ulike retningslinjer. Dei tilsette sine organisasjonar er involvert i mange av prosessane.

## Tilsette og årsverk

Ved årsskiftet var det 1629 tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen - ein auke på 29 tilsette frå 2018. Årsverka for desse utgjorde 1211 mot 1191 i 2018 og 1186 i 2017. Talet på fast tilsette har auka med 1,8 % samanlikna med 2018.

### Faste tilsette og årsverka deira i deltid/heiltid



Figuren syner tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen, medrekna dei som f.t. er i permisjon og frivillig brannmannskap (FB). Den syner og delen heiltid og deltid blant dei tilsette, ikkje medrekna FB.


Gjennomsnittleg stillingsstorleik viser ein svak nedgang og er nå 75,7 %, men dette er medrekna dei 78 tilsette som etter eige ønske har redusert stillingsstorleika si med til saman 26,3 årsverk. Lov-/avtaleverk og velferdsreglar gir høve til det. Blant dei som har ønska seg redusert stilling er det 73 kvinner og 5 menn. Desse 78 tilsette har i snitt redusert stillinga si med 33,7 %. Dette bidreg diverre til å auke talet på mellombels deltidstilsette, men gjer samtidig at nokre deltidstilsette får høve til å arbeide heiltid medrekna eit vikariat. Det er 41,6 % av dei fast tilsette som er tilsett i full stilling, mot 42,9 % i 2018.

I tenesteområdet for helse- og sosialsaker er gjennomsnittleg stillingsstorleik 64,4 %. 65,8 % av dei fast tilsette arbeider deltid, og har ein gjennomsnittleg tilsettingsprosent på 48,4 %.

Grunna fråvær og permisjonar har desse i løpet av 2019 utført timelønna ekstraarbeid som tilsvrar om lag 39 årsverk. Det inneber at dei deltidstilsette i tenesteområdet for helse- og sosialsaker i snitt har jobba om lag 56,4 % stilling, og at gjennomsnittleg stillingsbrøk i tenesteområdet er 69,5 %.

Stillingsstorleiken for kvinner er i snitt 73,5 % mot 73,9 % i 2018. I desse tala er det teke omsyn til ønska redusert stilling, men ikkje medrekna ekstraarbeid. Det inneber at den eigentlige stillingsstorleika er høgare, som nemnt i kapitlet ovanfor. Stillingsstorleiken for menn er i snitt 78,2 % mot 76,9 % i 2018. Ikke medrekna brannmenn er talet 87,9 % mot 86,2 % i 2018.

### *Tilsette fordelt på alder og kjønn*



Kvinneandelen syner ein svak auke og ligg på omlag 83 %. Blant dei 78 mellomleiarane i kommunen er det 54 kvinner og 24 menn. I rådmannen si leiargruppe er det fire kvinner og tre menn.

Utviklinga frå 2018 til 2019 synar at det er ei nedgang i tilsette i aldersgruppene 0 - 29 år og i aldersgruppa frå 50 – 59 år. Aldersgruppene 30 – 39 år, 40 – 49 år og for aldersgruppa over 60 år syner ein svak oppgang. Dei neste fire åra vil 137 tilsette ha rett til å ta ut AFP, likevel tilseier erfaringa at få nyttegjer seg av dette. Seniorar er ei viktig arbeidskraftressurs, og kommunen vil arbeide for å halde på kompetansen deira. Hovudtariffavtalen gjer at alderspensjonistar kan arbeide på særskilde vilkår medan dei tek ut pensjon, men at dei må avslutte arbeidsforholdet i kommunen når dei fyller 70 år.

### **Rekruttering og kompetanseutvikling**

Kommuneplanen sin hovudmålsetning for Hå kommune som arbeidsgjevar er å ha tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft. Arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling har fokus på at dei tilsette skal få nytte og vidareutvikle kompetansen sin.

Kommunen lagar kvart år ein opplæringsplan for å budsjettere, planleggje og evaluere gjennomføringa av ulike kompetansetiltak som rustar tenestene for framtida. Kompetente og innovative fagmiljø skal sikre gode tenester, og skapar eit fagleg omdøme som kan tiltrekke nye søkjarar til kommunen.

For å kunne levere bærekraftige og tilpassa tenester, handlar *kompetanseutvikling* og om utforming av dei tenestene kommunen skal levere i framtida. Dei siste åra har digital kompetanse og utvikling stått sentralt. Velferdsteknologi i helse- og sosialtenestene, og informasjonsteknologi i skuler og barnehagar, og samarbeidet med dei frivillige, er med på å endre måten kommunen gir tenester på.

Kvart tenesteområde held fram med målretta kompetanseheving innanfor dei ulike fagområda.

Det er fleire ettertrakta faggrupper det er vanskeleg å rekruttere. Dette er mellom anna sjukepleiarar, vernepleierar, barnehagelærerar, spesialpedagogar, lærerar, ingeniørar, og arkitektar med ulik spesialisering. Kommunen har arbeidd målretta dei siste åra med å tilby eige tilsette utdanning som barnehagelærar. Mange av desse er ferdig utdanna våren 2020. I lønsforhandlingar har fokus mellom anna vore å lage økonomiske insentivordningar for å rekruttere og behalde tilsette med naudsynt teknisk kompetanse.

Hausten 2020 startar kommunen opp Leiarutvikling Kull 3 for 30 nye leiarar, med fokus på mellom anna endrings- og innovasjonsleiing. Leiarutviklingsprogrammet er en viktig del av den heilsapelege organisasjonsutviklinga i kommunen. Hå kommune satsar framleis og på «*Leiarforum*» for leiarar og tillitsvalde i verksemda. Tema er utvikling, informasjon, prosessar og relasjonsbygging.

## Tariff og lønsforhandlingar

I 2019 var det tariffjustering mellom partane i KS sitt tariffområde. I kapittel 4 vart årslønsvekstramma 3,2 % i tråd med frontfagsmodellen. Denne seier at lønsveksten i Norge må tilpassast nivået som konkurransesett sektor kan tåle over tid. Denne ramma vart og nytt under lokale forhandlingar for leiarar og akademikarar/rådgjevarar i kapittel 3 og 5. I tillegg løyva Formannskapet 0,5 % datolønnsvekst til utjamning av uønska skilnader.

I tråd med vedteke forhandlingsmandat nyttar kommunen lokale lønsmidlar særleg til å heve leiarlønningar i helse- og sosialsektoren. Det vart og laga ordningar for å sikre at tilsette i teknisk sektor skal bli verande lengst mogleg.

Det gjeld eit likelønsprinsipp for kvinner og menn i same type stilling.

Hå kommune forhandla med 18 arbeidstakarorganisasjonar, og kom til eining med samtlege.


## Inkluderande Arbeidsliv (IA) og HMS

Også i 2019 er det brukt store ressursar på IA-arbeidet i verksemda. Erfaring tilseier at varig fokus er naudsynt for gode resultat. Satsingsområder har vore leiaropplæring, samarbeid med NAV, avklaring i enkeltsaker med langvarig og/eller kronisk sjukdom, og kulturarbeid.

Figuren syner at alle dei fire Jærkommunane reduserte fråværet frå 2018 til 2019. Hå

komune har den største nedgangen i 2019 med eit totalt sjukefråvær på 5,7 % mot 6,7 % i 2018.

## Samla sjukefråvær i nabokommunane




Figuren syner samla sjukefråvær i nabokommunane (eigenmeldt og legemeldt) dei siste fire åra.

Fråvær utover arbeidsgjavarperioden på 16 dagar utgjer 84,92 % av det samla legemeldte fråværet. Langtidsfråværet over 40 dagar utgjer 69,97 %. 102 tilsette sto for halvdelen av det samla legemeldte fråværet i 2019 mot 94 i 2018. Det er 15,5 % av dei tilsette som står for 80 % av det samla legemeldte sjukefråværet mot 14,8 % i 2018. Målretta arbeid i enkeltsaker med langvarig og/eller kronisk sjukdom er difor viktig og tidkrevjande.

Første halvår var det legemeldte fråværet 5,3 % mot 6,2 % i 2018, medan det andre halvår var 5 % mot 5,6 % i 2018. Det samla sjukefråværet for Hå kommune vart 5,7 %, dette er ein nedgang på heile 1 prosentpoeng samanlikna med 2018. Det legemeldte fråværet var 4,8 % mot 5,7 % 2018. Det eigenmeldte sjukefråværet synar ein nedgang på 0,1 prosentpoeng til 0,9 %. Hå kommune hadde eit måltall for 2019 om å nå eit totalt sjukefråvær på 6 % (eigenmeldt 1 % og legemeldt 5 %). Målet blei nådd med god margin.

I 2018 blei det starta opp eit prosjekt innanfor barnehageområdet, i dei fire barnehagane som synte høgast fråvær. Resultata har vore svært positive, og i 2019 har fokuset blitt retta meir mot heile barnehagesektoren. Det samla sjukefråværet i prosjektbarnehagane syner ein nedgang frå 2017 til 2019 på 6,2 prosentpoeng. Dette svarer til ein nedgang på om lag 47 %. Vi ser samstundes at sjukefråværet i heile barnehagesektoren har blitt redusert, og enda på eit totalt sjukefråvær på 7,1 % i 2019 mot 8,9 % i 2018. Dette er ein reduksjon på 20,2 %.


## **Samla sjukefråvær i barnehageprosjekt**



Grafen syner utviklinga i totalt sjukefråvær i dei fire barnehagane i prosjektet og barnehageområdet totalt sett, gjennom dei siste seks åra.

Det særskilde satsingsprosjektet som vart starta i helsesektoren i 2017 vart oppretthaldt i 2018. Det blei etablert eit «Raskare tilbake»-forum i 2019 for å handtera krevjande og meir samansette sjukefråværssakene, og slik finna gode løysningar saman med aktuelle parter. Kommunalsjefen har hatt inkluderande arbeidsliv som satsingsområde for heile tenesteområde i 2019. Ei samanlikning av 2016 mot 2019 syner at satsinga har lukkast. Det samla sjukefråværet i satsingseiningane syner ein nedgang på 2,4 prosentpoeng. Dette svarer til ein nedgang på om lag 26 %. Vi ser samstundes at sjukefråværet i heile tenesteområde helse og sosial har blitt redusert frå 2017 til 2019 frå 6,8 % til 5,6 %. Dette

## **Samla sjukefråvær i helse og sosialprosjekt**



Grafen syner utviklinga i totalt sjukefråvær i dei fire langtidsavdelingane som inngår i prosjektet i helse- og sosial og helse- og sosial totalt sett, gjennom dei siste fem åra.

## Årets IA-bedrift

I 2019 blei Hå kommune nominert som ein av tre verksemder i Rogaland til prisen som «Årets IA-bedrift». Kriteriene for prisen var å legge til rette for at «*så mange som mogleg kan jobbe så mykje som mogleg, så lenge som mogleg*». Verksemda skulle og kunne vise til eit godt, systematisk og målretta arbeid i tråd med IA avtalen sitt overordna mål.



Foto: NAV Arbeidslivssenter v/ Leif Inge Wikse

## **Informasjon, kommunikasjon og involvering**

Kommunen er til for innbyggjarane og det vert arbeidd på fleire måtar for å engasjere og få innspel frå ulike grupper. Det er viktig at det er lett å koma i kontakt med dei som arbeider i kommunen og i 2019 har me arbeidd meir med digitale måtar å nå innbyggjarane på. Klart språk har vore ei viktig satsing også i 2019 – Hå kommune fekk Klarspråkprisen for 2018.

### **Innbyggjarrådet**

Innbyggjarrådet tar del i den kommunale plan- og utviklingsprosessen og skal ha til uttale alle politiske saker som gjeld eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom sine levekår.

Innbyggjarrådet er kommunen sitt formelle organ i samband med brukarmedverknad og uttale frå rådet skal følgje saker i prosessen fram mot vedtak i det aktuelle politiske organet. Mandat vart vedtatt i KS-079/11. Innbyggjarrådet hadde 5 møter og handsama 29 saker i 2019 (46 i 2018).

Store saker i 2019 var Folkehelseplan 2019 – 2023, kommunal fritidsklubb Vigrestad og Ogna skulekretsar og søknad /nominasjon til Årets ungdomskommune 2019.

Eldrefesten 2019 var på Nærø samfunnshus, med kåseri av Kjell Arild Pollestad og musikk ved lærar og elevar ved Hå kulturskule..

### **Ungdomsrådet i Hå (URÅ)**

URÅ har hatt åtte ordinære styremøter, ei overnatting ved Hå kulturtorg og julebord i desember. I mars deltok ungdomsrådet med bøssebæring på Nærø, ”Krafttak mot kreft”. Fleire representantar deltok på møte ang. Varhaug sentrumsutvikling i april og representantar frå ungdomsrådet deltok på møte med KoRus, der dei fortalte om resultata frå UngData. I mai deltok ungdomsrådet på arbeidsseminar ang. UngData i Lensmannsløa saman med elevar frå alle ungdomsskulane i Hå. Leiar og nestleiar la fram resultata frå arbeidsseminaret om UngData til kommunestyret. Ungdomsrådet stilte med fleire representantar under Oppvekstkonferansen i Stavanger med tema ”Barn vil være med”.

Ungdomsrådet har arrangert eller vore medarrangør på fleire arrangement i løpet av året. I samband med Verdsdagen for psykisk helse i oktober, bidrog Ungdomsrådet økonomisk med foredragshaldar Mads Grimsæth for alle ungdomsskuleelevarne i kommunen.

URÅ er representert i Innbyggjarrådet 2019-2023, Eivind Fagereng (vara: Aleksander Johannessen) og Mari Rimestad (vara: Tora Wiig Njærheim). Me har hatt besøk av leiarar og fagpersonar til fleire møte.

Me ser fram til utvekslingsturen til vennskapskommunen Wegliniec i Polen mars 2020 og til å arrangera nye aktivitetar for ungdomane i kommunen.

### **Loen ungdomsklubb**

Det er gledeleg at den jamne auken av ungdom fortset og at det stadig kjem fleire til klubben, og det er slett ikkje uvanleg at det er 130-140 ungdom på ein vanleg klubbkveld. Ungdom

kjem frå alle bygdene i kommune, men hovudvekta er ungdom frå Nærø. Ut over året har me sett at fleire ungdom frå nabokommunar tek turen til oss. Det er gledeleg og me ynskjer å vera rause og inkluderande, men det har ikkje vore problemfritt. Dette krevjar sjølvsgaht i tillegg ein større del vaksne på arbeid og i oppfyllingsarbeidet. I haust har me vore heldige og fått med oss tre lærlingar, ekstra bemanning i kiosk, samt ein vaksen i musikkrommet i samarbeid med Hå kulturskule. Dette er svært kjærkome! Me ser likevel at det skulle ha vore endå større grad av vaksne i klubbtida, for å ha tid til å samtale med ungdomane og tilby eit trygt, godt og inkluderande klubbmiljø. Me har også i år hatt tiltaket om gratis mat og aktivitetar på klubbkveldane, noko me ser og opplever som ein stor gevinst. Å eta saman fører til høg grad av inkludering og gjer god stemning. Me prøver å variera aktivitetane på klubbkveldane og har i tillegg kjøpt inn bordtennisbord og shuffleboard med støtte frå Frifond. Som vanleg avslutta me med julebord i desember, noko som alltid er populært. Me ser fram til nye kurs og aktivitetar på klubben i 2020.

## Barn og unges kommunestyre (BUK)



Barn og unges kommunestyre (BUK) vart dette året arrangert for sjette gong i Hå kommune. Dette er ein arena kor kommunen sine barn og unge får moglegheit til å seie si meining. BUK har 33 representantar. Kvar skule er representert med tre elevar frå 5.-7. trinn og tre elevar frå 8.-10. trinn - inkludert Tryggheim. I tillegg er ordføraren, rådmannen, kommunalsjefar og fleire politikarar til stades. Ungdomsrådet i Hå er òg til stades og informerer om kva dei arbeider med. Møtet føregår i kommunestyresalen og er bygd opp på same måte som eit ordinært kommunestyre møte, med sakliste, ordstyrar og stemmeskilt. Elevane blir utfordra til

å halde framlegg rundt eit tema som er aktuelt i tida og ikkje minst i framtida. I år var temaet «Gleding». Korleis gleda andre?

Oddbjørg Vigrestad Mellemstrand frå «SeMeg» stasjonen på Vigrestad, var med i heile møtet. Ho hadde laga eit flott opplegg kring temaet. Elevane blei inndelt i grupper og skulle innom ulike «stasjonar».

1. Kva kan eg gjera for å gleda meg sjølv? Elevane skreiv på gule lappar
2. Kva kan eg gjera for å gleda andre? Elevane skreiv idear dei hang på «Gledingstreet». Og dei laga kort dei kunne gje til nokon dei ville gleda.
3. Spørsmål og diskusjonar om ulike følelsar.

Etter gruppearbeida presenterte skulane det dei hadde diskutert rundt temaet, på sine heimskular.

**Konklusjon:** *Det er mange ting, små og store, me kan gjera for å gleda andre. Så då er det bare å setja i gang. Gjer det – i dag!*



Foto på denne og førre side: : Trude Høyland

BUK gjorde og vedtak der dei oppfordra kommunestyret til å søkja om midlar til kartlegging av skulevegane (Hjartesoneprosjekt).

BUK 2019 føretok og offisiell opning av klatre- og balanseparken utanfor rådhuset. Elevane fekk høve til å stille spørsmål til ordføraren og rådmannen. Dei var godt førebudde og stilte spørsmål om tema som opptok dei. Nokre spørsmål dreidde seg om skulekvardagen, medan andre dreidde seg om fritida og det som skjer utanom skulen.



Foto: Steffen Rogne

Barn og unges kommunestyre får satt av ein sum pengar som dei sjølv får råde over. Pengane må nyttas slik at barn og unge i heile kommunen kan få glede av dei. I 2019 vart vedtaket slik i barn og unges kommunestyre:

*Pengesummen blir likt fordelt mellom skulane.*

Tilbakemeldingar frå skulane i etterkant av barn og unges kommunestyre, var udelt positiv. Det vart poengert verdien av arrangementet; elevane opplevde å verte tekne på alvor, dei vert hørt og dei får vera med og bestemme i ekte saker. «Dette er demokrati på ekte.»


## Servicetorg

Innbyggjarane er hovudpersonane i det kommunen held på med, og det er rettesnora for alt som skjer i servicetorget. Om innbyggjarane tek kontakt via e-post, telefon, chat, digitale skjema eller ved å møta opp i servicetorget, gjeld same regel: Alle som vender seg til kommunen skal bli møtt på ein god måte. Alle skal få eit raskt og godt svar.

### Digitalt servicetorg

Arbeidet med å vidareutvikla det digitale servicetorget har vore sentralt også i 2019. Det vert jobba målretta med å tilby digitale løysingar og oppdaterte nettsider, slik at innbyggjarane kan få utført tenestane døgnet rundt. I takt med dette ønskjer me å få talet på telefonar ned, og bruken av digitale tenester til å auka.

Korleis tek innbyggjarane kontakt med servicetorget?



Illustrasjonen viser korleis innbyggjarane i 2019 valde å ta kontakt med servicetorget.

Trenden er tydeleg: Måten innbyggjarane tek kontakt med servicetorget på, endrar seg. Talet på telefonar går ned, og bruken av digitale bestillingar/sjølvbetening går opp. I løpet av to tilfeldig valde veker i 2019 fordelte innbyggjarane som tok kontakt med servicetorget seg på desse flatene: 55 prosent telefon, 24 prosent digitale bestillingar/sjølvbetening, 13 prosent oppmøte, fem prosent chat og tre prosent e-post.

Det er gledeleg at bruken av digitale bestillingar/sjølvbetening har dobla seg det siste året. I 2018 var det 2500 slike henvendelsar i løpet av året, medan dette endra seg til 5000 i 2019. Motsett har talet på telefonar blitt redusert frå 31.337 telefonar til servicetorget i 2018 til 29.407 i 2019.

## Mangfold av tenester

Eit av kjenneteikna til servicetorget er mangfold. Tenestane som blir utført her spenner breitt. Felles for tenestane er at dei er publikumsretta. Det gjer at innbyggjarane enkelt kan henvenda seg éin stad for å få hjelp.

I 2019 behandla servicetorget 97 søknader om parkeringskort for forflyttingshemma, 391 meklarpakkar, 164 konsesjonssøknader, 117 søknader om kontantstøtte og 160 søknader om redusert betaling i barnehage. I tillegg behandla servicetorget i nært samarbeid med politisk sekretariat 27 søknader om ambulerande skjenkeløyve, 37 søknader om skjenkeløyve til opne enkeltarrangement og eitt fast skjenkeløyve. Det vart tildelt 26 prikker etter 13 avvik ved fem ulike skjenkestader i 2019. Eitt skjenkeløyve vart inndrege.




Desse tenestane blir tilbydd i servicetorget: Informasjon og rettleiing i byggesaker, kart-, eigedoms- og leidningsnettopplysningar, innsyn i offentlege dokument, meklarpakkar, nabolister, endring og avvik i renovasjon, fakturaspørsmål, konsesjonssaker, skjenke- og serveringsløyve, parkeringskort for forflyttingshemma, rettleiing til å søka barnehageplass, saksbehandling redusert betaling i barnehage og kontantstøtte, utleige av Lensmannsløa, sentralbord og salskontor for tomter i Stokkalandsmarka.

15 par vart vigsla i 2019 av ordførar, varaordførar eller rådmann. Servicetorget legg til rette for desse seremoniane.


# Dette leverer me

Der er stor aktivitet i kommunen og mange spennande ting skjer. I denne delen av årsmeldinga går vi inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei tre tenesteområda og i stabsområdet. Som innleiing viser me ei samla oversikt over drifta i tenesteområda. Netto driftsrammer samla vart 1054 millionar kroner i 2019.

## Utgifter, inntekter og netto drift i 2019



## Resultat per innbyggjar / nøkkeltal - kroner



# Opplæring og kultur

*Utbygging av Varhaug skule er godt i gang. Planlegging av ny barnehage på Brusand pågår. Det er vedteke at Urhei barnehage blir lagt ned frå hausten 2020. Me er i gang med ein ny runde med felles satsing på inkluderande barnehage- og skolemiljø, der fire barnehagar og fire skular er med. Innafor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle, formidla kunst og kulturarv og støtte til eit veldrive organisasjonsliv.*

## Mål og prioriterte oppgåver

Alle barn skal oppleva læring og meistring kvar dag. Bemanningsnormar i barnehage og skule gjer at me fortsatt må arbeida med å rekruttera og behalda personell med godkjent utdanning, samstundes som me styrker formell kompetanse i eksisterande arbeidsstokk. Vidare er det framleis sterkt fokus på barn og elevar sin rett til eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø.

### Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Opplæring og kultur Millionar kr	Rekneskap			Budsjett	
	2017	2018	2019	2019 *)	2019
Driftsutgifter	566,1	590,5	591,0	577,2	551,7
Driftsinntekter	-131,8	-138,0	-131,1	-113,2	-100,6
<b>Netto driftsramme</b>	<b>434,2</b>	<b>452,5</b>	<b>459,9</b>	464,0	451,1

\*) Budsjett inkl. endringar

Sluttresultatet for tenesteområdet syner at me går i balanse etter at eit mindreforbruk (overskot) på om lag 2,0 mill. kr i 2019 er overført til fond. I 2018 hadde tenesteområdet eit meirforbruk (underskot) på 7,4 mill. kr.

Av dei om lag 2,0 mill. kr i mindreforbruk, hadde barnehage samla sett eit mindreforbruk i forhold til budsjett på om lag 0,9 mill. kr. Dette skuldast blant anna eit lite mindreforbruk av løn på tenesta styrka barnehagertilbod.

Skule hadde samla sett eit lite mindreforbruk i forhold til budsjett på om lag 0,3 mill. kr.

Kultur hadde samla sett eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr, blant anna fordi dei fekk auka tilskot til aktivitetar.

Tenesteområdet hadde eit godkjent driftsbudsjett på 464 mill. kr i 2019, samanlikna med 445,1 mill. kr i 2018.

# **Barnehage**

## Mål og prioriterte oppgåver

Kommuneplanen 2014-2028 legg til grunn følgjande hovudmål for barnehagane:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle barn i barnehagane i Hå skal oppleva læring og meistring kvar dag.

## *Kompetanseheving*

Det føregår naudsint kompetanseheving på ulike plan og nivå. All kompetanseheving skal vera i tråd med strategien frå kunnskapsdepartementet, «*Kompetanse for framtidens barnehage, 2018-2022*».

For å nå måla i Rammeplan for barnehage og Kommuneplan 2014-2018, må me arbeida gjennom dei tilsette i barnehagen. Kommunen legg til rette for å lyfta leiarkompetansen til styrarane. Styrarolla er i endring, og det kjem stadig nye og tydelegare krav til leiarrulla. Me arbeider jamt med å styrka styrarolla, og oppmodar styrarar til å ta styrarskulen. Det ligg også stor verdi i leiarteam som arbeider saman om prosess og måloppnåing for barnehagen. Det er eit jamt trykk hos barnehagane for å vidareutvikla og styrka leiargruppene.

Det er etterspørsel etter meir kompetanse og utdanning frå tilsette i barnehagen. Ved utgangen av 2019 hadde me vel 40,5% av dei tilsette med godkjent pedagogisk utdanning, mot 33% i 2018. Frå august 2018 auka kravet om godkjent pedagogisk bemanning frå 33% til 43%. Det er gledeleg at me nå er i ferd med å nå dette målet. Ein av grunnane til det er det tosifra talet på tilsette som våren 2019 avslutta ferdig barnehagelærarutdanning.

Dei siste åra har behovet for å rekruttera fleire spesialpedagogar blitt synleggjort i Opplæringsplanen. Me har nå 6 pedagogar som har masterutdanning innanfor spesialpedagogikk og to som er undervegs i løpet.

Over ein femårs periode har det vore eit godt interkommunalt samarbeid for assisterar som ønskjer fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. I Hå har me hatt mellom 40 og 50 assisterar som har følgt dette programmet og fått fagbrev som barne og ungdomsarbeidar. I kommunen er det nå om lag 30% av dei tilsette som har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. Det er det høgaste prosentandelen av Jærkommunane.

Det føregår naudsint kompetanseheving på ulike plan og nivå. Det viktigaste er likevel at all ny kompetanse blir implementert i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

Kommunane har til nå årleg søkt Fylkesmannen om statlege tilretteleggingsmidlar. Frå 2019 blir det endring i tildelinga av statlege midlar til lokal kompetanseheving. Me er nå pålagt å utvikla regionale nettverk og samarbeidsfora, men skal likevel framleis ta utgangspunkt i strategien, «*Kompetanse for framtidens barnehage, 2018-2022*». I oktober vart den første storsamlinga med styrarar frå kommunale og private barnehagar i region sør gjennomført. I tillegg til styrarar deltok hovudtillitsvalde (HTV) frå fagrørslene, administrasjonen frå kommunane og representantar frå UiS. Samlinga var i Sandnes, og det var samla vel 200

deltakarar. Tema for dagen var *Barnehagebasert kompetanseutvikling* – Korleis få kompetanseutviklinga ut i alle ledd i barnehagen. Dette er eit pågåande prosjekt.

### *Planar*

Barnehagane i Hå arbeider i tråd med Kvalitetsplan for barnehage 2018-2021. Planen gjer retning og mål for det pedagogiske arbeidet. Kvalitetsplanen er eit nyttig, konkret og felles styringsverktøy for å auka kvaliteten på det pedagogiske innhaldet. Barnehageåret 2019/2020 har barnehagane i kommunen «*Gode språkmiljø for alle barn*» som felles fokusområde. Me legg til rette for felles kurs og kompetanseheving innanfor dette området, samstundes som me held fast fokuset på leiing i barnehagen. Personalet i barnehagen har ansvar for å leggja til rette for struktur, forutsigbarheit og tydelege rammer. Dette er eit kontinuerleg arbeid som har innverknad for barn sin trivsel, utvikling og læring. Leiatar og personale må vera motiverte og ha tydelege forventningar til kvarandre og til det enkelte barn.

Arbeidet med stabilitet og kontinuitet er eit sentralt arbeid i barnehagen. Me arbeider målretta for gode og helsefremmende arbeidsplassar. I dette arbeidet har barnehagesektoren over år hatt god støtte og nyttig samarbeid med Arbeidslivsenteret. Dette er eit samarbeid me treng å halda fast ved, og som hausten 2019 resulterte i ein ny handlingsplan. Me vil oppretthalda fokuset på nærvær og helsefremmende arbeidsplassar. Arbeidsgruppa som har utarbeida handlingsplanen er breitt sett saman med styrarar, IA- kontakt frå personal- og organisasjonsavdelinga, HTV frå utdanningsforbundet, Fag forbundet og Delta, i tillegg til to representantar frå Arbeidslivsenteret. Samarbeidet og arbeidet med fråvær har gitt resultat, og barnehagesektoren hadde i 2019 eit samla totalfråvær på 7,1%. Dette er det beste resultatet sidan vi starta det systematiske arbeidet i 2014.

## Viktigaste hendingar og resultat

### *Leiarutvikling for styrarar*

- Jamlege styrarmøte med leiarfokus, prosessarbeid og informasjon.
- Halda fram med jamne profesjonsmøte for styrarar i faste grupper. Målet er mellom anna å halda oppe fokus på leiarrolla.

### *Rekruttering og tiltak for å behalde barnehagelærarar*

- Alle nye barnehagelærarar er med i eit kommunalt leiatreningsprogram «Ny som pedagogisk leiar». Bjørnson organisasjonspsykologane er aktivt inne i dette programmet.
- Alle nyutdanna barnehagelærarar har lokale rettleiarar.
- Tilby felles communal kompetanseheving for å styrke leiarrolla og leiartearma.

### *Andre hendingar*

- Barnehageåret 2019/20 er fokusområdet «*Godt språkmiljø for alle barn*», jf. Kvalitetsplan for barnehage. Språket er ein føresetnad for utvikling av vennskap og deltaking i fellesskapet. Eit rikt språkmiljø bygger på kompetente tilsette som forstår barn sine ulike uttrykksmønster, og som kan gje støtte og utfordre barna til vidare utvikling.

- Fleirspråkleg rettleiar fortsetter arbeidet med «*Dialogisk lesing*» for mindre grupper med minoritetsspråklege barn i ulike barnehagar. Om lag 60 minoritetsspråklege barn deltok førre barnehageår. Gruppene går over ein periode frå fem til tolv månader.
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø er ei nasjonal satsing i arbeidet for trygge læringsmiljø i barnehagar og skular. Dei fire Jærkommunane har det siste to åra delteke i pulje 2. Me har hatt med to barnehagar og to skular frå Hå. Det har vore ei inspirerande satsing som har gitt god og naudsynt kompetanseheving. Deltakarane har jobba med tema som læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. Hå kommune er også med i pulje 4. Frå januar 2020 har me med fire nye barnehagar og fire skular.

## **Skule**

### Mål og prioriterte oppgåver

Kommunen sitt hovudmål med skulane er i tråd med Kunnskapsløftet (K06), kommuneplanen 2014 – 2028, «Kvalitetsplan for skulane i Hå» og for Jærskulen sitt grunnlagsdokument:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle elevar i skulen i Hå opplever læring og meistrane kvar dag.
- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

Hå kommune har dette året laga ein utviklingsplan som er meir spissa enn «Kvalitetsplan for skulane i Hå». For skuleåret 2019/2020 er “elevmotivasjon” og “førebuing til ny læreplan” hovudsatsingsområde.

Hå kommune har eit klart uttalt mål om at me skal styrka det faglege nivået og læringsmiljøet i skulen, slik at me på sikt er på nasjonalt nivå når det gjeld nasjonale prøvar, avgangskarakterar, motivasjon og læringsmiljø.

Over tid har elevane i Hå kommune ikkje hatt gode nok resultat innan grunnleggjande kompetanse og elevane sitt læringsmiljø. Gjennom resultat på nasjonale prøvar og elevundersøkinga, ser me at kommunen har størst utfordringar innan lesing og engelsk på 5. trinn, og motivasjon/trivsel på ungdomstrinnet. Motivasjon og trivsel er eit av dei viktigaste momenta som skaper lærelyst og læring. Av den grunn meiner me at arbeid med motivasjon er eit kjerneområde for å auka dei faglege prestasjonane. Dette er eit område me har hatt eit ekstra fokus på i 2019. Rettleiarkorpset har støtta oss i dette arbeidet. Dette er ei toårig nasjonal støtteordning for kommunar som har utfordringar på ulike område. Sjølv om endringar og resultatforbetring tek tid, er me sikre på at vår spissa satsing på motivasjon vil betra resultata på sikt, og at me dermed også vil få fleire elevar til å gjennomføra vidaregåande opplæring.

Elevane sitt psykososiale miljø er ein viktig faktor i all læring. Dersom elevane ikkje trivst, er dei heller ikkje motiverte til å læra. Utdanningsdirektoratet innførte nye reglar på området i august 2017. Desse gjer at skulane må arbeida meir planmessig og aktivt for å hindra mobbing og utrygge skulemiljø. Fokus ligg på førebyggande tiltak og handling dersom mobbing vert avdekkja. Me er glade for at me ser ei betring i mobbetala hjå oss.

Elevundersøkinga frå hausten 2019 viser at me er på om lag landssnitt i talet på elevar som opplever å verta mobba. Me ser ei gledeleg trend i elevundersøkinga på 10. trinn. Her rapporterer stadig fleire at dei ikkje vert mobba. Dette er bra. Samtidig ser me ikkje denne utviklinga på 7. trinn. Her ligg me over landssnitt. Dette er ikkje ei ønska utvikling og me må arbeida grundig for å analysera og finna ut kva som gjer at me har ulik utvikling på barne og ungdomstrinn. Sjølv om me ser betring totalt sett, må me arbeida vidare. Ein elev som opplever å verta mobba, er ein for mykje.

Me har to skular og to barnehagar som i 2018 starta opp med den nasjonale satsinga "Inkluderande barnehage- og skolemiljø". Dette gjer oss påfyll og ny kunnskap. Hå kommune søkte i 2019 om å få nye skular og barnehagar med i satsinga frå 2020 – 2021. Dette fekk me innvilga, og 4 skular og 4 barnehagar kom med i satsinga med oppstart 2020.

Me arbeider aktivt for å få nok kvalifiserte lærarar til kommunen. Hå kommune har i fleire år hatt fleire ufaglærte lærarar enn landssnitt og nabokommunane. Me har også mange godt vaksne lærarar. Heldigvis har me klart å rekruttera fleire faglærte lærarar dei siste åra. Me er nå oppe i om lag 94% med godkjent kompetanse. Dette er om lag på nivå med nabokommunane. Eit av måla i Jærskulesatsinga er at me finn og gjennomfører konkrete tiltak for å få meir kvalifisert personell i skulane.

Bruk av IKT og ny teknologi vert stadig viktigare i skulen. Hå kommune har vore inne i ei opptrapping der alle elevar og lærarar fekk sin eigen Chromebook i løpet av våren 2019. Dette gir lærarane mange muligheter, men også utfordringar. Å læra elevane nettvert og rett bruk av IKT er eit viktig tema på skulane.

## Viktigaste hendingar

### Jærskulen

- Utviklingsarbeidet i skulane er sett inn i ramma til Jærskulen, med nettverkssamlingar på tvers av kommunane. Det er både lærarsamlingar og leiarsamlingar. Jærskulen har fokus på rektor som pedagogisk leiar for læringsarbeidet, med mål om betre læringsutbyte. I 2019 hadde me ei brei evaluering av Jærskulesamarbeidet, der både lærarar, rektorar og administrasjonen deltok. Kommunane blei einige om å gå frå eit samarbeidsprosjekt til ei varig ordning med interkommunalt samarbeid innan skuleutvikling.

### Elevane sitt psykososiale miljø

- Kommunen har, saman med Jærskulen, stort fokus på elevane sitt psykososiale skolemiljø. Jærskulen utvikla ein nettportal for trygt skolemiljø [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no) i 2017. I 2019 gjennomførte me ei evaluering og endra noko på innhaldet for å møta lovkrava. Me har innhenta tilbakemelding frå Fylkesmannen. Denne portalen nyttar skulane aktivt. Ny forsking på mobbing og godt elevmiljø krev oppdatering. Me er difor glade for, og ser mytte av, den nasjonale satsinga "Inkluderande barnehage- og skolemiljø" som me deltek i.

### Kompetanseheving

- Lærarane og skuleleiarane sine faglege kvalifikasjonar vert styrka gjennom satsinga på kompetanse for kvalitet, rektorskulen og gjennom kurs og konferansar. Hå

commune har inneverande skuleår 17 lærarar som deltek på «Kompetanse for kvalitet», som er eit nasjonalt satsingsområde. Dei fleste av desse går på studiet gjennom stipendordninga. Dette er ei rimeleg ordning og kostar kommunen lite.

### *Rekruttering*

- Det har vore arbeidd med rekruttering, gjennom konkrete tiltak, for å få tilsett kvalifisert personell i skulane. Dette er eit samarbeidsområde i Jærskulen. Det er dette skuleåret om lag 6% av lærarpersonalet som er ufaglært. Dette er om lag på same nivå som året før, og på nivå med nabokommunane. Dei lærarane som ikkje har godkjent utdanning har i stor grad ulik fagkompetanse, men manglar utdanning innan pedagogikk. Kommunen oppmodar denne gruppa til å ta den utdanninga dei har behov for.

### *IKT*

- I 2019 fekk me fullført vår IKT satsing med ei 1:1 løysing for alle elevar og tilsette. Me har valt Croomebook for alle elevar og tilsette. I tillegg har vi etablert læringsplattforma Canvas på ungdomstrinnet.

### *Analyse av resultat 2019*

Me vil her visa til rapporten «Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2019», som blir lagt fram på fellesmøte for dei politiske utvala i mars 2020. Rapporten vert og lagt fram for kommunestyret i april 2020. Me ynskjer likevel å kommentera nokre få resultat frå rapporten:

#### *Fagleg nivå*

Elevane i Hå kommune presterer jamt over litt svakare enn dei andre kommunane i Jærskulen på dei nasjonale prøvane på 5. og 8. trinn. Dette gjeld spesielt i lesing og engelsk. Kommunen gjer det totalt sett betre på rekning. Me er mest glade for at det kan sjå ut som me klarer å løfta fleire elevar ut frå det svakaste nivået.

#### *Nasjonale prøvar Hå kommune*

Engelsk	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	Nasjonalt
5.trinn	47	46	48	49	49	48	50
8.trinn				48	48	50	50

Elevar født 2009
Elevar født 2006
Elevar født 2005

Lesing	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	Nasjonalt
5.trinn	46	45	49	47	49	48	50
8.trinn				48	47	49	50
9.trinn					51	52	54

Elevar født 2004 er 10.trinn 2019/2020
--

Rekning	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	Nasjonalt
5.trinn	-	48	50	50	50	49	50
8.trinn				49	49	50	50
9.trinn					52	53	54

Resultat 5.trinn er noko under nasjonalt snitt

Resultat 8.trinn er på og rett under nasjonalt snitt.

Resultat 9.trinn er under nasjonalt snitt. Progresjon fra 8.trinn til 9. trinn er god, særleg i lesing.

### Læringsmiljø

Skalaen på elevundersøkinga går frå 1-5, der 5 er beste resultat. Unntak er «Elevar som opplever mobbing på skulen» Her er % oppgitt. Kjelde: [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no)

Elevundersøkinga 7 .trinn, haukt 2018	Gjesdal kommune	Hå kommune	Klepp kommune	Time Kommune
Støtte frå lærer	4,4	4,4	4,4	4,4
Vurdering for læring	4,0	3,8	3,8	3,8
Læringskultur	4,1	3,9	4,1	4,1
Meistring	4,1	4,1	4,0	4,0
Elevdemokrati og medverking	4,0	3,9	3,7	3,8
Motivasjon	3,7	3,7	3,7	3,8
Mobba av andre elever på skolen	1,4	1,4	1,3	1,3

Elevundersøking 10.trinn haukt 2018	Gjesdal kommune	Hå kommune	Klepp kommune	Time kommune	Nasjonalt snitt
Støtte frå lærar	3,9	4,0	4,0	4,1	4,0
Vurdering for læring	3,2	3,3	3,2	3,3	3,3
Læringskultur	3,7	3,8	3,9	3,9	3,8
Meistring	3,9	3,9	4,0	3,9	3,9
Elevdemokrati og medverknad	3,2	3,4	3,2	3,4	3,4
Motivasjon	3,3	3,2	3,4	3,4	3,5
Mobba av andre elever på skolen	1,4	1,2	1,2	1,1	1,3

Alle faktorane i tabellane over er viktige i høve eit godt læringsmiljø og god læring. Det er gledeleg å sjå at mobbetala på 10. trinn viser ei tydeleg nedgang. Me ser ikkje tilsvarende nedgang på 7. trinn.

Me veit og at motivasjon er ein nøkkel for auka læring. Elevane, spesielt på 10. trinn, er mindre motiverte enn elevane i nabokommunane og landet elles. Saman med skulane arbeider me målretta for å løysa motivasjonsutfordringa.

### *Planar i 2020*

Administrasjonen sitt arbeid med å støtta og utfordra skulane skal fortsetja. Tenesteområdet vil ha fokus på skuleutvikling i kommunal regi og gjennom Jærskulen. Dei måla som ligg i mål- og prinsippdokumentet til Jærskulen må haldast fram og tydeleggjerast. Hå kommune legg vekt på å ha ein stø grunnmur for skulane i Hå. «Kvalitetsplan skule» blei laga i 2017. Me spissa satsinga vidare i 2019 gjennom utviklingsplanen vår. Desse planane set tydelege føringar for skulane. Planane har fokus på dimensjonane læringsmiljø, motivasjon, undervisningspraksis, læringsresultat og organisasjon og leiing.

For å heva kvaliteten i skulen og få resultata opp på nasjonalt nivå, er vidareutdanning og kompetanseheving av lærarar viktig. Me må få så mykje kompetanse som råd er ut frå dei midla me nyttar. Hå kommune vil nytta den nasjonale satsinga "Kompetanse for kvalitet". Her får vi utdanna lærarar med manglande kompetanse i høve til nasjonale kompetansekrav. Totalt sett er dette ei rimeleg løysing for oss. Dette vil styrka den faglege kompetansen på den enkelte skule.

Talet på elevar som vert mobba skal ned til nasjonalt nivå både på 7. trinn og på 10. trinn.

Me vil fortsetja arbeidet med førebyggande tiltak og tidleg handtering. Jærskulen sitt arbeid og fokus på eit trygt skulemiljø, gjennom nettportal og mobbeknapp, vil hjelpe oss med å halda retninga i 2020. Kommunen sitt hovudmål, om å betra motivasjon, vil og ha innverknad her.

Satsinga på nye IKT-løysingar krev fokus og ulik form for opplæring. For å sikra dette, legg skulesjefen opp til kommunale nettverkssamlingar også i 2020, der lærarar skal læra av kvarandre. Saman med IKT ressurspersonar vil me sikra eit felles løft for lærarane, som igjen vil sikre god pedagogisk bruk av digitale hjelpemiddel i skulekvardagen.

PPT må oppretthalde sitt fokus på det systemretta arbeidet for å hindra at fleire elever treng spesialundervisning. Elevar med enkeltvedtak låser mykje av dei tildelte ressursane til skulane, noko som fører til at fleksibiliteten i den ordinære undervisninga vert därlegare

## **Kultur**

### Mål og prioriterte oppgåver

- Utvikla biblioteket som møteplass og som arena for læring, oppleving og debatt.
- Ha varierte og aktuelle tilbod om fritidsaktivitet til alle, med særleg vekt på barn og unge og til menneske som av ulike grunnar treng særleg støtte.
- Ta vare på og formidla kulturarven, gjennom arrangement, produksjonar og vedlikehald av verfulle faste kulturminne som Obrestad fyr og Hå gamle prestegard.
- Støtta opp om arbeidet i organisasjonslivet. I kommunen er det mange veldrivne organisasjonar, idrettsanlegg og kulturbygg. Frivillige lag og organisasjonar knytt til bygga har nærmere 9000 medlemmar under 19 år. Det blir lagt ned om lag 145 årsverk i dugnad.

## Viktigaste hendingar og resultat

### Biblioteka

- Det totale utlånet i biblioteka gjekk opp med 7,3% i 2019, medan besøket gjekk ned med 0,5%. Biblioteket på Vigrestad har vore stengt i 2019. Skulebiblioteket har fungert som vanleg og det vert laga mange bokkassar som vert lånt ut til skulane. Hovudbiblioteket på Nærø har hatt ein oppgang i besøk på 25% frå 2018. Dette skuldast sannsynlegvis stengt folkebibliotek på Vigrestad. I løpet av året var det 205 skule- og barnehagebesøk i biblioteka.
- Ein del arrangementsseriar har vore gjennomført i biblioteka. Språkdrøs er eit uformelt treff for framandspråklege. Det har vore lesesirkel 1 gong pr. månad. Det har vore bokkafear på Ogna, Varhaug og Nærø, arrangement kl. 12 på laurdag for barn/familiar med til dømes open syverkstad, klesbyttedag, brettspel, forfattarbesøk, legobyttedag, bibliotekkino, dokketeater, forteljarførestillingar, juleverkstad og ulike workshops i 3D print, koding og vinylkutting.
- I samarbeid med Jødisk museum i Oslo og Hå historielag vart det lagt ned snublestein ved biblioteket på Ogna skule for å minnast Ludwig Melzer som var jøde, budde på Ogna og vart arrestert av tyskarane i 1942. I samband med nedlegginga av steinen var det føredrag om jødane i Rogaland og Hå gamle prestegard laga ein utstilling om Melzer som sto i biblioteket.
- Sommaren 2018 starta biblioteket lesekampanjen «Sommarles». Om lag 60% av alle skulebarn i Hå var med. Sommaren 2019 var 76,4% av alle skulebarn mellom 1.–7. klasse med. 45% av desse var gutter.
- Biblioteket var med på feiring av Bokåret 2019 med mange ulike arrangement. Desse arrangementa kjem i stand ved økonomisk støtte frå Fritt ord, Nasjonalbiblioteket og Rogaland fylkesbibliotek.

### Kulturtorget

- Besøket i Lensmannsløa ungdomsklubb er på om lag 60 pr. klubbkveld. Alle aktivitetar og varm mat er gratis. Dette betyr at alle kan vera med. Det er Frifond som støttar dette. Klubbstyret bestemmer mykje av innkjøp og aktivitetar. Ungdom som nyttar klubben er frå 8. trinn - 2. vgs, representert frå heile kommunen.
- Besøket i Loen ungdomsklubb kan vera på opp mot 130-140 pr. kveld. Dette er ein markant auke frå 2018. Ungdom kjem frå alle bygdene i kommunen, med hovudvekt frå Nærø. Det har vore til god hjelp at me har lærlingar i klubbane. Likevel er det ei utfordring når besøket stadig aukar i klubbane, medan talet på fast tilsette er på same nivå.
- Ungdomsrådet hadde 8 styremøte i 2019. Det vart arrangert to LAN for ungdom, ungdomsrådet tok del i «Krafttak mot kreft», det vart arbeidd med «Barneløftet» og psykisk helse/ rus og planlagt ei ungdomsutveksling til Polen våren 2020.
- A-laget og Vennegruppa, som er for unge som treng ekstra støtte i høve til fritidsaktivitetar, har hatt 15 deltakarar, mot 17 i 2018.
- Det er gjennomført 4 allsangprogram pr. månad på sjukeheimen. Syng deg glad - programmet har vore på 15 institusjonsbesøk.
- Fredagskafeen Ståvå hadde 32 arrangement. Gjennomsnittleg besøk var 40, i 2018 50.

- Kulturskulen hadde på det meste 515 elevplassar i aktivitet. Det er 26 fleire enn i 2018. Kulturskulen har vore involvert i fleire store produksjonar, mellom anna musikalen «High School Musical jr.» og Händels Messias.
- Kulturskulen bidrog med produksjonar for Den kulturelle spaserstokken, Den kulturelle skulesekken og festivalen Ogna Gje Jazz. Kulturskulen var også aktiv med kunstnarisk innhald på Tall Ships Races i Sirevåg sommaren 2019.
- Kulturskulen har særleg fokus på særskilte grupper som treng kulturtildelning. Gjennom prosjektet «Alle med i Hå» har fleire elevar fått eit undervisningstilbod. Kulturskulen har også tilrettelagt musikktilbod til elevar ved ATO ved Bø skule, Møllerhaugen, band for ungdom ved Nærland mottak, dagsenteret og Tunet brukarstyrte senter. Det er også faste bandaktivitetar i klubbtid heile året.
- Kulturskulen og avdeling for fritid arrangerte Ung i juli som hadde 550 deltagande ungdom i 2019.

#### *Kulturvern, Hå gamle prestegard og Obrestad fyr*

- På Hå gamle prestegard vart det vist 14 utstillingar. Grunna innsparingar er det redusert med fire utstillingar frå 2017. Hovudsatsinga var jubileumsutstillinga til Stanley Stornes og ei kulturhistorisk utstilling om døden «Dona Eis Requiem – Gje dei kvile». I samband med denne var det ei rekke arrangement, føredrag og tur til kyrkjegardane i Hå.
- På Hå gamle prestegard var det 32 arrangement, som vandring i utstillingane, fredag i kaféen, føredrag og konserter. Best besøkte med 2- 300 deltakarar på kvart arrangement var Haustmarknad, Halloween og 2. påskedag for familiar.
- Hå gamle prestegard fekk kr 500.000 frå Sr-bank til oppgradering av steinalderutstillinga «SPOR». Planlegging av arbeidet er starta i samarbeid med Arkeologisk museum i Stavanger og Moesgaard i Danmark.
- Det vart utarbeidd tilstandsrapport for Nye løa og starta planlegging av isolering av denne. På Obrestad fyr heldt ein fram med kalking, og tårn/fyrlykt vart utbetra (jf. Handlingsplan 2014 – 2020).
- På Obrestad fyr vart det starta samarbeid med UiS, Equinor og Norce angåande forsøk med vindmåling i forskingsaugemed (haust 2018 – haust 2019).
- Frå 2015 – 2019 fekk vi totalt 18 handverk-studentar og 3 lærarar frå Estland, Hiiumaa Vocational School. Prosjektnavn var «Sharing knowledge and skills by preserving cultural heritage» og var fullfinansiert av EU sitt Erasmus+ program. Denne støtta har betydd mykje for vedlikehald på Obrestad fyr, men også litt på Hå gamle prestegard.

#### *Internasjonalisering, friluft og anna*

- I alt 19 seglskuter var med på Tall Ships Races i Sirevåg 16. – 19. juli. Det kom om lag 10.000 til denne festivalen med familieprofil. 27 lokale bedrifter og organisasjonar tok del på marknadspllassen.
- Folkepuls-prosjektet er godt etablert med aktivitetar fleire stader i kommunen. Både Nærø IL, Nærø Makotokaiklubb, Varhaug IL, Vigrestad IK og Ogna golfklubb har aktivitetar som rekrutterer inaktive ungdom og vaksne. I 2019 var det til saman 283 nye deltakarar på Folkepulstiltak i Hå.

- Nye turstiar til Smøråsen, Grønåsen og Borgåsen er opparbeidd og merka i samarbeid med Lions klubb i Hå.

### *Kva kan gjerast betre?*

Det er gledeleg at utlånet i biblioteka har auka med 7,3%. Me fekk installert to sjølvbetjeningsautomatar på hovudbiblioteket i 2019. Slik kan lånarane verta meir sjølvhjelpe og personalet får frigitt tid til aktiv formidling, som klassebesök, forfattarbesök, Lesespirå, Sommarles, lesesirkel og bokkafear. Eit anna svært viktig tiltak er å rettleia innbyggjarar som treng det, til digital kompetanse. I samarbeid med Frivilligsentralen, IT-avdelinga og servicetorget sökte me Kommunal- og moderniseringsdepartementet om midlar til å oppretta eit kommunalt tilbod om digital kompetanse for kommunen sine innbyggjarar. Kommunen fekk kr 200.000 til dette prosjektet som skal starta i 2020.

Fotosamlinga til Hå kommune er digitalisert, men det står igjen å registrera opplysningar til kvart bilde. Dette er eit omfattande arbeid og ressursane til biblioteket strekk ikkje til. Av den grunn har me engasjert ei lita gruppe pensjonistar til å starta opp arbeidet på frivillig basis. Me ser at dette vil ta lang tid. Billedbasen er difor eit därleg hjelpemiddel når lånarar spør om gamle fotografi.

Aktivitetsnivået på dei lokale kulturbygga i kommunen er framleis svært høgt. Etter endring i spelemiddelordninga for kulturbygg fell alle dei 30 private kulturbygga i Hå utanfor ordninga. Dette gir ei opphoping av søknadar på 50% kommunalt investeringstilskot til kulturbygg. Ventetida er no over 11 år.

Besøket i klubbanne i Loen og Lensmannsløa er gledeleg høgt. Men dette set også stort press på dei tilsette. Ungdom kjem frå alle bygdene i kommunen. Det vert sakna tid til samtale med ungdommane, for å skape eit trygt miljø. Me vil halda fram med gratis mat og aktivitetar på klubbkveldane (støtta av Frifond). Svært mange av dei som nyttar klubbanane er på plass kvar veke, nokre av dei på femte året.

I kulturskulen er det høg aktivitet og stort behov for eigna lokale. Om lag 1/3 av aktivitetane er på Nærbø, resten på Varhaug, Vigrestad og Ogna. Dette har sine kvalitetar, men gjer også samarbeid og fellesaktivitetar meir utfordrande. Det er også for få arbeidsplassar til dei tilsette. Rehabilitering av Kulturtorget har ført til eit betring, men framleis er det utfordrande å finna tid og plass til alle aktivitetane som skal vera på same tid.

Det ligg eit stort potensiale i å nytta anlegga på Hå gamle prestegard og Obrestad fyr meir aktivt. Eitt av tiltaka er å isolera løene og innreia til større arrangement og klasserom. Det er sett av midlar til isolering av nye løa i 2020. Isolering vil også hjelpe på varmetap i bygga. Utsette vêrtilhøve slit på anlegga. Det er sett i gang eit viktig vedlikehaldsarbeid. Til dømes kalking på fyret, betre brannsikring og ny kledning og utbetring av tak på Hå gamle prestegard. Eit mål er at det hausten 2020 kan søkjast statlege midlar som kan bidra til overrisling av bygga.

# **SLT (samordning av rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak)**

Målgruppa er barn/unge 0-20 år.

## Viktigaste hendingar

- Ungdataundersøkinga for 2019 vart gjennomført i mars. Ungdomsrådet og elevrådsrepresentantar hadde ei samling etterpå der me gjekk gjennom og drøfta nokre av resultata. To representantar for ungdomsrådet hadde ein presentasjon for kommunestyret i juni. Representant frå Korus presenterte i mai dei viktigaste resultata for rektorar og leiarar frå tenesteområde som arbeider med ungdom. Han oppfordra kommunen til å arbeida for auka trivesel i skulen og med haldningar til rus blant ungdom og føresette.
- SLT og psykisk helse og rusvern har starta opp med undervisning for alle 10.klassar om cannabis. Føremålet er å gje ungdommen faktaopplysningar og få dei til å reflektere over eigne haldningar.
- Sterk&Klar er sett i gang ved alle ungdomsskulane i kommunen. Det er eit tilbod til alle foreldra på alle trinn der målet er å styrka foreldre i foreldrerollen i forhold til å redusera tidleg rusdebut og å styrka den psykiske helsa.
- Det er utarbeida rutinar for handtering av rusbruk i skulane i Hå.
- Oppsökjande arbeid på Jæren vart gjennomført i samarbeid med Klepp våren -19. Rapporten viser at færre ungdommar samlar seg ute på Nærø og Varhaug i forhold til førre gong ein gjekk oppsökande i okt./nov. -17.
- SLT følgjer opp ungdom på frivillige ungdomskontraktar, ungdomsoppfølging og påtaleunnlating med vilkår. Det er eit tidkrevjande arbeid, og me ser det mellom anna ved at me har fått ein stor auke i forhold til urinprøvetaking.
- SLT har eit godt og nært samarbeid med politikontakten. Politikontakten deltek blant anna i dei faste møta i ressursgruppe for ungdom kvar fjortande dag.
- Det vart arrangert stormøte på Varhaug i juni. Det var stort frammøte av foreldre og tema var informasjon om unodata, *Sterk&Klar* og informasjon frå politikontakten om status i ungdomsmiljøet i Hå.
- Det tverrfaglege samarbeidsprosjektet har resultert i utarbeiding av ny tverrfagleg digital samarbeidsmodell, *Barne- og ungdomsløftet*. SLT inngår i denne modellen, med tverrfagleg koordineringsgruppe (SLT) og tverrfagleg styringsgruppe (SLT)/politiråd. Ressursgruppene i barnehagane og skulane er sentrale i forhold til å fanga opp barn og unge som me er bekymra for.
- SLT har delteke på møter angående russen og med NSB angåande uro på toga i helgene. SLT var i ein periode til stades på nokre av togavgangane i helgene.
- Det vart vedteke å inngå avtale med Oppfølgingstenesta for Jæren og Hå kommune. Avtalen inneber at me inngår eit samarbeid rundt dei ungdommane som er under 18 år og som av ulike grunnar har slutta i vidaregåande skule eller som ikkje kjem i gang med opplæring. Målet er at desse ungdommane skal koma seg ut i arbeid og få dagpengar frå Hå kommune tilsvarande det beløpet NAV gir i dagpengar for dei som er over 18 år.

### **SLT har i tillegg delteke i samarbeid rundt følgjande:**

- Verdsdagen for psykisk helse
- Sommarferie for ungdom, eit samarbeid med fritidssektoren
- Samtalegrupper i ungdomsskulane i Hå
- Alle med i Hå
- Flexid (tilbod om kurs til krysskulturell ungdom)
- *Bli kjent kveldar*, overgang barneskule og ungdomsskule i samarbeid med fritidssektoren
- Delteke i kommunalt arbeid mot mobbing
- Natteramnar
- Revidering av *Saman om god oppvekst!*
- Nettverksgrupper for foreldre til ungdom
- Skular sine utfordringar med krevjande elevgrupper
- SLT-Jæren
- SLT- nettverket for Sør- Rogaland


## **Alle med i Hå**

Målet er at alle barn skal delta i minst ein fritidsaktivitet uavhengig av foreldra si inntekt. Barn av innvandrarfamiliar er høgt representerte blant dei som kjem frå familiar med låg inntekt.

- Per i dag har me fått over 140 barn og unge frå 27 forskjellige nasjonalitetar i kommunen, og over 40 barn og unge i Nærland asylmottak inn i fritidsaktivitetar.
- Kommunen har oppretta ei nettside for Alle med i Hå, der det er lett å finna fram.  
<https://www.ha.no/kultur-og-fritid/alle-med-i-ha/>
- Me har laga ein kort animasjonsfilm om Alle med i Hå.
- «Ungdommar på gata» -samling bibliotek og på basketballtrening.
- Barn og unge på asylmottaket får tilbod om fotball- og handballskule og andre aktivitetar.
- Julefest i samarbeid med Bygdekvinnelaget.
- Innsamling av utstyr i samarbeid med Nærø idrettslag.
- Samarbeid med Farmers hockey, med gratis opplæring for alle barn på 4 og 5 år i barnehagane i Hå kommune.
- Godt samarbeid med Time og klepp kommune, som begge har tilsett Alle med-koordinator.
- Stadig fleire kontaktar oss (kommunar, lag og organisasjonar) for å læra om prosjektet Alle med i Hå.
- Rettleiing og informasjon til familiar og barn og unge med fleirkulturell bakgrunn som kjem i kontakt med norsk kultur og tradisjonar.
- Mykje samarbeid med biblioteket på Nærø.

Alle med i Hå samarbeider elles med:

- Frivillige lag og organisasjonar, idrettsrådet, kulturskulen, opplæringssenter/språkstasjon, skular, helsestasjon, føresette, NAV, SLT, ungdomsklubbane, barnevern, flyktningeininga, PPT, fritidsleiarar, trenrar, barnehage og politi.



# Helse- og sosialsaker

*Etterbetaling av for lite utbetalt vertskommunetilskott frå tidlegare år, bruk av fond og ein reserve frå opning av korttidsplassar Hå sjukeheim, er årsakene til eit mindreforbruk i tenesteområdet for helse og sosialsaker. Ramane vert merkbart trongare og har kravd ei nøyre vurdering av fordeling av ressursar mellom avdelingane og fleksibilitet frå organisasjonen.*

## Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmåla for 2019 var å sikra dei eldre ein trygg livssituasjon, og sikra eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilte og samansette behov.

## Viktigaste hendingar og resultat

### Funksjonshemma

Nytt bufellesskap oppretta på Gjegnet 30. Her er 6 bu einingar for personar med samansette behov.

### Jordmor, helsestasjon og skulehelsetenesta

Tenesta har arbeidd med å gjera tilbod enklare tilgjengelege for innbyggjarane.

Skulehelsetenesta er mellom anna i ferd med å innföra digital booking av time med helsejukepleiar. Tenesta har også gått i gang med digitalt samtykke til vaksinasjon.

### Frivilligenheten

vart oppretta frå 01.01.19, og frivilligkoordinator tilsett i mai. Det er oppretta frivilligråd og den første frivilligbørsen vart arrangert på Nærbø.

### Helsetenesta

Legekontoret på Nærbø deltek i nasjonalt prosjekt med utprøving av primærhelseteam. Prosjektet er vedteke utvida til mars 2023.

### Psykisk helse og rusvern

Tunet brukerstyrt senter starta sommaren 2019 opp «Prosjekt arbeid». Brukarar i avdelinga som er uføretrygda kan gjera eit dagsverk og tena ei dagløn på 200 kroner. Erfaringane har vore gode, og prosjektet vert utvida til to dagar per veke frå 2020.

### Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Helse- og sosialsaker Millionar kroner	Rekneskap		Budsjett	
	2018	2019	2019*)	2019
Driftsutgifter	555,0	581,4	607,4	611,4
Driftsinntekter	-221,6	-239,6	-228,8	-221,0
<b>Netto ramme</b>	<b>333,4</b>	<b>341,8</b>	<b>378,5</b>	<b>390,4</b>
				376,7

\*) Budsjett inkl. endringar

37,7 % av driftskostnadane vart i 2019 dekka av tilskott og inntekter innan tenesteområdet. I 2019 var dette 41,2 %.

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit overskott på om lag 11,9 millionar kr i 2019, mot 23,2 millionar kr i 2018.

I dette overskottet ligg 4,49 mill. kr i tilbakebetalt vertskommunetilskott frå tidlegare år og 3,8 mill.kr netto frå fond vedtatt i 2. tertial. I tillegg til at me brukte 2 mill. kr mindre til nye korttidsplassar ved Hå sjukeheim utgjer dette 10,3 mill. kr. Utan desse midlane hadde drifta i tenesteområdet gått med eit mindreforbruk på berre 1,6 mill. kr i 2019.

#### *Forklaring på mindreforbruk:*

Forklaring	Mill kr	
Administrasjon inkl. adm. bygg,	1,1	Adm -lønn og personalkostnader 0,6 mill. kr og IT, advokat mm 0,2 mill kr. Mindre driftsutgifter bygg 0,3 mill. kr.
Institusjon	2,3	Tenesta vart tilført totalt 1,39 mill. kr frå meirinntekt vertskommune-tilskottet og 2,27 mill. kr frå flyktningmidlar. 2 mill. kr til oppretting av korttidsplassar er spart. Rekneskapet syner meir refusjon ressurskrevjande tenester og meirutgifter ved Hå sjukeheim. Tenesta institusjon syner totalt eit mindreforbruk på 2 mill. kr. Drift av institusjonsbygg mindreforbruk 0,3 mill. kr, dagavd. i institusjon mindreforbruk 0,1 mill. kr.
Kjøkken/vaskeri/terapibasseng	0,4	Kjøkken har ei meirinntekt frå sal av mat og mindre utgifter på 0,2 mill. kr. Vaskeriet har mindreutgift på 0,2 mill. kr.
Heimetenestene	3,2	Dagsenter heimebuande eldre mindreutgift 0,2 mill. kr, aktivitetssenteret mindreutgift 0,2 mill. kr og aktivitetene meirinntekt 0,2 mill. kr. Heimesjukepleia mindre utgift løn 0,4 mill. kr og heimehjelp mindreforbruk løn 2,2 mill. kr.
Funksjonshemma	4,0	Funksjonshemma bufellesskap viser mindreforbruk på kr 3,9 mill. kr som mykje skuldast meir utbetalte vertskommunetilskott og meir refusjon ressurskrevjande. Støttekontakt, Aktivitetstilbod og personlig assistent viser til saman meirforbruk på 0,3 mill. kr. Frivillighet og anna hjelpe i heimen har eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr.
Barnevern	-0,6	Besøksheim mindreutgift 0,1 mill. kr, opphold i bv- institusjon meir utgift 1 mill. kr, andre tiltak i og utanfor heimen mindreutgift 1,8 mill.kr og opphold i fosterheim meirutgift på 1,5 mill. kr.
Sosial -Kvalifiseringsordninga	-1,0	Meirutgift kvalifiseringsstønad, utbetaling sosialhjelp som budsjettert
Helse	1,6	Mindreforbruk på helsestasjon på grunn av ledig heimel 1,2 mill. kr, mindre forbruk friskliv og folkehelse 0,4 mill. kr til saman.
Legetenesta/Fysio/Ergo	-0,8	Mindre inntekter og refusjon leger - 1,7 mill. kr. Meirinntekt refusjon fysio 0,5 mill. kr og mindreutgift akutthjelp 0,2 mill. kr og mindreutgift legevakt 0,2 mill kr
Rus/Psykiatri	1,1	Meir tilskott frå staten og noko mindreforbruk rus 0,4 mill. kr og psykisk helse 0,7 mill. kr.
Transport, lærlingar og bustader og anna	0,6	Mindreutgift transport, lærlingar, meir inntekt utleige kommunale bustader
<b>SUM mindreforbruk</b>	<b>11,9</b>	

Helse- og sosialtenesta legg vedtatt kommuneplan om ei bærekraftig utvikling, samt politisk vedtekne fagplanar, til grunn for si styring. Det er stor budsjettdisiplin innan tenesteområdet.

Tenesteområdet hadde opphavleg totalt 544,7 stillingsheimlar i 2019 og eit godkjent brutto driftsbudsjett på 588 mill. kr (netto ramme 376,7 mill. kr) samanlikna med 540,5 stillingsheimlar og eit brutto driftsbudsjett på 573,5 mill. kr i 2018 (netto ramme 357,6 mill. kr).

Me har ekstra fokus på sjukefråvær og starta sommaren 2019 opp tiltaket «sterkare tilbake». Det totale sjukefråværet i helse- og sosial i 2019 var 5,5 % mot 6,8 % i 2018.

### Klagar

- Innan pleie og omsorg er det tatt imot 10 klagar i 2019 etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, mot 1 klage i 2018. Av desse er 7 sendt vidare til fylkesmannen.
- Psykisk helse og rusvern har ikkje fått klagar i 2019, mot 1 klage i 2018. Bustadutvalet for bustader til flyktningar og vanskelegstilte har tatt imot 1 klage i 2019, mot 2 i 2018.
- Eining for funksjonshemma tok imot 8 klagar i 2019 etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester. 5 klagar er imøtekommne av kommunen, 3 er oppretthaldne og sendt fylkesmannen. Fylkesmannen har stadfestat kommunen sitt vedtak i to av sakene, og me ventar på avgjerd på den tredje.
- Kommuneoverlegen har tatt imot 31 klagar. 6 har vorte behandla av NPE (Norsk pasientskadeerstatning) 17 har kome via fylkeslegen og 8 har blitt løyst lokalt. I 2018 tok me imot 17 klagar.
- NAV har tatt imot 24 klagesaker i 2019, 2 vart avviste, 14 omgjort og 8 oppretthaldne. Oppretthaldne saker vart sendt til fylkesmannen for vurdering. Av desse er 5 oppretthaldne, 1 omgjort og 2 ikkje ferdig behandla.

## Helsetenesta

**Legetenesta:** I 2019 hadde legetenesta utfordringar som innebar meir bruk av innleidd byråvikar og lågare spesialistdekning. Vikarbehov som må løysast raskt er vanskelege å dekka. Legetenesta i Hå opplever elles god søknad til faste stillinger og vikariat av lengre varighet, og har fått tilsett godt kvalifiserte legar i dei ledige heimlane.

Det er per 31.12.2019 ikkje ledige listeplasser hjå fastlegane i Hå, men det er planlagt ny heimel på Vigrestad i løpet av siste halvdel 2020.

Nærbø opplever størst pågang av personer som ønskjer fastlege, her er det ikkje ledige kontorlokale. Alle fastlegane rapporterer om auka arbeidsmengd og oppgåver som blir overført frå spesialisthelsetenesta. Me ser det difor som naudsynt å vera merksame på arbeidsmengda.

Legekontoret på Nærbø deltek i nasjonalt prosjekt med utprøving av primærhelseteam. I dette prosjektet arbeider sjukepleiar tettare ilag med fastlege om oppfølgingsansvaret av pasientar. Prosjektet vart vedteke utvida til mars 2023. Frå 01.12.19 starta me eit prosjekt med psykolog i 50% knyta til legekontoret på Nærbø. Dette prosjektet er i fyrste omgang av eit års varighet.

**Fengselshelsetenesta** har to legar fordelt på 70 % stilling og 4 heile sjukepleiarstillingar, utvida med 40 % siste året på grunn av auka tal på innsette. Nokre innsette blir flytta når nytt fengsel i Agder er ferdig.

Åna har totalt 307 innsette. Helseavdelinga har gjennomført innkomesamtalar/ kartleggings-samtale med samtlege. I 2018 vart det gjort 321 innkomesamtalar.

Fangar med større helseproblem blir satt i Åna fengsel framfor andre fengsel i regionen. Dette vert gjort på grunn av total storleik på fengselet, handikapceller og god tilgang til helsehjelp.

Fengselshelsetenesta på Åna får tilbakemelding frå samarbeidsinstansar at drifta fungerer godt. Helsetenesta frå fleire andre fengsel har tatt kontakt for å sjå på korleis drifta fungerer.

**Legevaka:** I 2019 tok me totalt imot 29 890 innkomande telefonsamtalar mot 24 724 i 2018. Hå legevakt har og legevakttelefonen for Dalane og 6 554 av samtalane kom frå dette distriktet. Hovudvekta av samtalane er fortsatt i tidsrommet legevaka på Bekkeheien har bemanning, med størst pågang rett retter at legekontora stenger. Gjennom heile året og for heile døgnet varierer delen telefonar som vart svart på innan 2 minutt frå 94% til 96%. Kravet i forskriftera er 80%.

Legevaka starta i slutten av 2019 eit prosjekt kor me tilbyr hjerte- og lungeredningskurs til tilsette i Hå kommune. Prosjektet vert drevet av to sjukepleiarar på legevaka.

Hå kommune ventar fortsatt på tilbakemelding frå Klepp og Time om drift av felles nattlegevakt og eventuelt dag legevakttelefon.

**Fysio- og ergoterapitenesta** har tatt imot 1664 tilvisingar i 2019 mot 1706 i 2018. Av dette var 739 tilvisingar til ergoterapeutane, mot 759 i 2018.

Kommunefysioterapeutar har gitt 7075 individuelle konsultasjonar til 866 pasientar, mot 6866 konsultasjonar til 901 pasientar i 2018.

Talet på konsultasjonar på institusjon har auka frå 2864 i 2018 til 2909 i 2019.

Talet på barn tilvist frå helsestasjonstenesta har auka frå 139 i 2018 til 159 i 2019, mens talet på konsultasjonar har gått ned til 379 i 2019 frå 448 i 2018.

141 pasientar har deltatt i gruppetrening, 193 pasientar i varmtvassbasseng og 11 barn i terapiriding i 2019.

Ergoterapitenesta har gitt 591 individuelle konsultasjonar i løpet av året, mot 626 i 2018. Syn/høryselskontakt har gitt bistand til 121 brukarar, mot 98 brukarar i 2018.

I 2019 har me hatt ein fysioterapeut i 100-60 % prosjektstilling til «Utvikling og styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta». Barnefysioterapeutane starta i mars 2019 med barselgruppe 1 gong i månaden på 3 helsestasjonar. Ordninga med at fysioterapeutane har deltatt i undervisning på utvalte trinn i skulane og gitt råd til lærarar som del av prosjekt i regi av helsestasjonen, blei utvida til alle barne- og ungdomsskulane i løpet av hausten 2019.

**Frisklivssentralen** har i 2019 hatt 89 tilvisingar til individuell oppfølging, mot 80 i 2018. Dei fleste ønskjer oppfølging med fokus på endring av fysisk aktivitet og kosthaldsvanar. I tillegg vert dei tilvist på grunn av snus- og røykeslutt, søvnvanskar, livs- og stressmeistring, samt støtte til å leva med langvarige helseutfordringar.

Sentralen tilbyr trening for alle deltakarar gjennom «Friskliv Jæren». Dette er eit samarbeid mellom frisklivssentralane i Hå, Klepp, Time og Gjesdal. I 2019 vart det gitt 27 ulike treningstimar i veka.

Friskliv Jæren tilbyr fleire kurs med fokus på endring av levevanar. I 2019 deltok 130 *jærbuar* på desse kursa. Frisklivssentralen i Hå var med som kursleiarar på «Bra mat for bedre helse», «Røykesluttkurs», «Søvnkurs» og «Tankeviruskurs» i 2019.

**Miljøretta helsevern.** Me har i det meste av 2019 mangla rådgjevar på miljøretta helse på grunn av oppseiing samt tilsetting og opplæring av ny rådgjevar hjå Rogaland Brann og redning. Det har difor vore låg aktivitet på tilsyn av skular og barnehagar. Det er enkelte saker som ikkje er ferdigbehandla av same årsak. Ny rådgjevar vart tilsett 1. september 2019 og kom i gang med arbeidet i Hå heilt på tampen av 2019.

Hå kommune har inngått avtale med Rogaland Brann og redning om tilsyn med utsalsstader for tobakk. Tenesta er under etablering og me ventar på slutføring av avtalar med dei andre kommunane i samarbeidet.

**Smittevern:** Det har vore ei sterk auke i talet på meldingar om smittsame sjukdomar i 2019 samanlikna med 2018, med 72 mot 37 melde tilfelle. Auka heng i all hovudsak saman med sterk auke i talet på melde kikhoste-tilfelle (32 i 2019, 4 i 2018). Det er grunn til å tru at merksemd omkring sjukdomen har ført til meir utbredt testing, og at dette forklarar mykje av auken.

I 2019 vart det oppdaga meslingsmitte hos to innbyggjarar i Hå. Dette skapte ein del merksemd og uro. Tiltak vart sett i verk for å avgrensa faren for ytterlegare smitte, bl.a. gjennom medieoppslag som oppfordra dei som ikkje hadde vaksinert seg, til å gjera det.

**Folkehelse:** Folkehelseoversikten i Hå vart slutført og ny folkehelseplan for 2019 – 2022 vart vedtatt av kommunestyret 13.06.2019 saksnr. KS 038/19.

Desse fokusområda med strategiar vart valde ut til at me skal halda ekstra auge med dei neste fire åra:

- Gode levekår som utjamnar ulikskap
- Alle med i fellesskapet gjennom heile livet
- Gode og sunne nærmiljø som legg til rette for fysisk aktivitet og sosialt samspel
- Tilrettelegging for kvardagsaktivitet
- God psykisk helse og trivsel, utan rus
- Aktive og deltagande eldre som får bu lenge heime

## ***Jordmor, helsestasjon og skulehelsetenesta***

### **Kva har tenesta gjort av nye ting i 2019?**

- Nesten ferdig med «ammekyndig helsestasjon», alle har vært på kurs. Litt arbeid står igjen med rutinar.
- Starta opp med skilsmisseggrupper for elevar frå delte familiarar.
- Tilgang google og visma flyt for dei som arbeider i skulehelsetenesta.
- Digitalt samtykke vaksinasjon.
- Store stillingar på alle barneskulane – fekk dette på plass i 2019.
- Møter om fagsystemet CGM (CompuGroup Medical) Helsestasjon – eit nettverk er no godt etablert.
- Digital booking av avtalar i ungdomskulane – i gang med Nærbø Ungdomskule.

**Svangerskapsomsorga** tilbyr konsultasjonar både hjå jordmor og fastlege. I 2019 har 240 nygravide vore til konsultasjon hjå jordmor (215 i 2018). Det er fødd 247 barn i kommunen i 2019 (244 i 2018). Jordmødrene tilbyr tidlig heimebesøk til dei som har født, og gjennomførte i 2019 totalt 148 slike heimebesøk (98 i 2018). I delar av 2019 var det ledig 50 % vikariat som jordmor på grunn av svangerskapspermisjon, men frå august har alle stillingane vore besett. Jordmødrene har eige fagteam.

**Helsestasjonen** tilbyr faste konsultasjonar for alle barn mellom 0 – 5 år. Den fyrste konsultasjonen er eit heimebesøk. I 2019 fekk 241 barn og deira foreldre besøk av helsesjukepleiar heime (220 i 2018). Totalt har helsestasjonane gjennomført 9672 helsekontollar i 2019 (9606 i 2018). Av desse kontrollane var 1423 ekstrakonsultasjonar (1047 i 2018). Helsestasjonane er med i ressursgrupper i alle barnehagane i kommunen. Dei som arbeider i helsestasjon 0 – 5 har eige fagteam for å sikra kvalitet i tenesta. I 2019 innførde tenesta også individuell rettleiing av alle tilsette.

**Skulehelsetenesta** er tilgjengeleg på alle skulane i kommunen. Det vert gitt vaksine i 2., 5., 6., 7. og 10. klasse. Russen på Tryggheim vidaregåande skule får også tilbod om vaksinering kvart år. Helsesjukepleiar deltek på foreldremøte og i ressursgrupper på alle skulane i kommunen. Tenesta tilbyr kosthaldsundervisning for alle elevar i 1. klasse, måling av høgde og vekt i 3. klasse, pubertetsundervisning i 5. og 9. klasse og helsesamtale med alle elevar i 8. klasse. Mange av desse tiltaka fører til oppfølgingssamtalar i etterkant. Skulehelsetenesta tilbyr i tillegg drop-in for elevar, individuelle samtalar, rettleiing av foreldre og andre tiltak i samarbeid med skulane i kommunen. Skulehelsetenesta har eige fagteam for å sikra kvalitet i tenesta, det vert også gjennomført individuell rettleiing av tilsette.

Skulehelsetenesta er i ferd med å innføra elektronisk booking av avtale med helsesjukepleiar i ungdomsskulane. I tillegg har tenesta i 2019 innført elektronisk samtykke til vaksinasjon.

Tabellen under syner talet på skulestartkontollar og andre konsultasjonar i skulehelsetenesta:

	2017	2018	2019
Skulestartkontroll	305	217	230
Konsultasjonar	2 350	2 796	2 767
Telefonkonsultasjonar	1 254	1 205	1 363

Tenesta tilbyr **reisevaksine**. I 2019 er det gitt reisevaksine til 501 personar (416 i 2018). Det har vore totalt 713 reisevaksinekonsultasjonar (581 i 2018).

**Helsestasjon for ungdom (HFU):** Kommunen har HFU både på Nærø og på Vigrestad. Tilboden er for ungdom mellom 13 og 20 år og er ope 2 timer i veka på Nærø, og 1,5 time annan kvar veke på Vigrestad. HPV-vaksineringa er no ferdig. Tabellen under syner talet på konsultasjonar på HFU.

	Nærø		Vigrestad	
	2018	2019	2018	2019
HVP - vaksinering	237	110	43	19
Ordinære konsultasjonar	246	247	3	7

Helsestasjonen leverer tenester til **Hå mottakssenter**. Helsesjukepleiar har ansvar for barn mellom 0 og 16 år, totalt 31 barn i løpet av 2019 (36 i 2018).

## Barnevern

Det er godt samarbeid mellom de ulike aktørene i kommunen. Me har regelmessige møter der me avklarar barnevernet sitt mandat og rolle. Andre instansar i kommunen er betre kjent med kva grunnlag som ligg til grunn for at meldeplikt skal utløysast og sitt eige ansvar for å setja inn tiltak der kor det ligg føre bekymring for barnet sin omsorgssituasjon i heimen.

I 2019 var det 237 bekymringsmeldingar, mot 277 i 2018. Færre saker vert henlagt etter undersøking. Dette kan tyda på at me er inne i dei sakene kor det er reell bekymring for barna sin omsorgssituasjon.

Alle meldingane vert gått gjennom i fagteam og innan fristen. Dei fleste meldingane kjem frå skule, barnehage, politi, barna sitt nettverk, men også frå barnet sjølv.

Barnevernet har fokus på partnarskap. Det skal være mogleg for barnet og barnet sine foreldre å delta frå bekymring, undersøking til konklusjon om vedtak. Dei skal og ha moglegheit til å delta i å utarbeida undersøkingsplan og eventuelle tiltaksplanar.

I 2019 var talet på remeldingar og meldingar i opne saker 128 noko som utgjer 54 % av meldingane. Det er eit høgt tal av slike meldingar og det kan skuldast mange faktorar. Me vil ha særskilt fokus på dette i 2020.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Bekymringsmeldingar *	324	235	324	254	277	237
Nye undersøkingar	228	207	260	212	246	204
Avslutta undersøkingar	189	227	242	239	221	109
Henlagte undersøkingar	113	121	136	140	143	115

\* I tillegg kjem meldingar i opne og bortlagte saker

Før ei eventuell omsorgsovertaking er ulike hjelpe tiltak utprøvd.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Barn i hjelpe tiltak	98	113	145	131	140	153
Barn i institusjon, utan samtykke	0	1	1	1	2	1
Barn i institusjon, med samtykke	1	0	0	1	1	1
Midlertidig vedtak i akuttsituasjon	5	6	8	6	7	6
Fosterbarn kommunen har tilsynsansvar for (plassert av andre kommunar + Hå)	75	73	78	98	77	65
Barn plassert i fosterheim frå Hå	25	26	41*		45	51
						30

Inkludert 12 einslege mindreårige (EM)

## Omsorgstenesta

Me fortsette satsinga på reforma «leve hele livet», som skal bidra til at eldre kan meistra livet lenger. Dei skal ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei treng det, at pårørande kan bidra utan at dei vert utslikt, og at tilsette kan bruka sin kompetanse i tenestane. Hovudfokuset i

stortingsmeldinga er å skapa eit meir aldersvennleg Norge og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestane.

Pleie- og omsorgstenesta har tatt imot alle pasientar frå sjukehuset som er klare til utskriving. Fagteamma fungerer tilfredsstillande, og det er god flyt mellom dei ulike tenestene. Samarbeid både mellom sjukehus og andre tenesteområde i kommunen er i fokus.

Avtalen med Telenor om handtering av kommunen sine tryggleksalarmer fungerer godt, og samarbeidet med Kristiansand responsenter er bra, me har ikkje fått negativ tilbakemelding frå brukarar av denne tenesta.

Hå kommune er med i «velferdsteknologiprosjektet Sør Rogaland» som er ein del av Nasjonalt velferdsteknologiprogram. Målet med prosjektet er at velferdsteknologi skal vera ein integrert del av det kommunale tenestetilbodet i helse- og omsorg i Sør-Rogaland for at innbyggjarane skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim, og at ressursane i helse- og omsorgstenestene skal nyttast mest mogleg effektivt. Hå kommune er i gang med utprøving av elektroniske medisindispensera i to heimetenestedistrikt. Me ser og på moglegheit for å ta i bruk lokaliseringsteknologi og har testa ut nokre klokker med GPS-funksjon på tilsette, men det står framleis att ein del arbeid med dette. Ein del av dei tilsette har og deltatt i Velferdsteknologiens ABC som er eit opplæringsprogram frå KS.

#### *Heimetenensta:*

Tabellen under syner talet på brukarar som har fått tildelt tenesta heimesjukepleie og praktisk bistand for heile året.

	2016	2017	2018	2019
Heimesjukepleie	358	400	414	406
Praktisk bistand	238	231	221	215

#### *Institusjon:*

Tabellen under syner talet på personer som har hatt tenesta langtidsplass på sjukeheim (Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim og Heimtun) i løpet av året.

	2016	2017	2018	2019
Langtid	149	154	148	132
Avlastning	13	12	19	15
Avslag søknadar langtidsplass	3	1	4	8
Klagar avslag søknad om langtidsplass	-	1	5	2
Snitt butid langtidsplass	2,9 år	2,5 år	1,9 år	2,9 år

144 personer har hatt korttidsopphald i løpet av året, samanlikna med 83 året før.

Frå 1.1.2017 vart det ei endring i tenesta øyeblikkeleg hjelp. Kommunane skal også tilby øyeblikkeleg hjelp psykisk helse og rusvern.

Øyeblinkkeleg hjelp somatisk: det har vore 138 innleggningar ved øyeblinkkeleg hjelp mot 142 i 2018, fordelt på 95 personer (108 i 2018). Hovudandelen vert skrivne ut til korttidsopphald ved sjukeheimen eller til heimen. 13 vart innlagt på sjukehus mot 15 i 2018.

Øyeblinkkeleg hjelp psykisk helse og rusvern: 12 personar fordelt på 15 innleggningar. Tala for 2018 var 19 personar og 29 innleggningar.

Totalt øyeblinkkeleg hjelp: 107 personar fordelt på 153 innleggningar. Tala for 2018 var 125 personar og 171 innleggningar.

85 personar har mottatt lindrande behandling i heimen, mot 82 i 2018.

Tenesteområdet sine dagavdelingar for eldre gjev aktivitetstilbod og fungerer samtidig som avlastning for pårørande, heimetenesta og institusjonane. Totalt 116 personar har hatt vedtak om tenesta, mot 121 i 2018.

Rogaland Revisjon gjennomførte revisjon av heimetenestene i 2019. Rapporten blei behandla i kommunestyret 03.10.2019 saksnr. KS 064/19.

Det vart og gjennomført internrevisjon for heimetenesta i kommunen. Rapporten blei behandla i utval for helse- og sosialsaker 28.01.2020 saksnr. UHS 003/20.

**Kvardagsrehabiliteringa:** Talet på tilvisingar har auka og det er fleire som får tildelt tenesta. Instansar me samarbeider med kjenner stadig betre til tenesta og kan vær noko av årsaka til auken.

År	Talet på henvisingar	Innvilga
2015	13	9
2016	78	32 (41%)
2017	65	39 (60%)
2018	76	45 (59%)
2019	101	70 (69%)

- I år som i fjor er det ca. 65 % kvinnelige søkerarar.
- Søkjarane har vorte eldre; 62 % er over 80 år.
- Over halvparten av søkerane høyrer til distrikt Nærbø, 21 % Varhaug, 18 % Vigrestad og 6 % Ogna.
- 42 % vert tilvist frå korttidsavdelinga og 27 % frå heimetenesta.

Kvardagsrehabilitering består av ein 50 % sjukepleiarstilling, ein 50 % ergoterapeutstilling og ein 50 % fysioterapeutstilling. I budsjettet for 2020 er dette auka med 50% ergoterapeut og 50% fysioterapeut. Pågangen har til tider vore stor, og det har vore naudsint å prioritera hardt. Auka fokus på å leve heile livet heima syner i større grad behovet for tenesta kvardagsrehabilitering. Pågangen krev samstundes klare rammer slik at innsatsen kan representera både kvalitet og effektivitet.

## Funksjonshemma

Eining for funksjonshemma har starta arbeidet med å implementera PAS; (positiv afferdsstøtte). PAS er ein metode for å auke livskvalitet og handtera utfordrande åtferd i eit livsløpsperspektiv.

Behova hjå brukarane er samansette og til dels komplekse.

### Heimebuande funksjonshemma – i hovudsak barn og unge, men også voksne

Avlastning gis for å avlaste foreldre med eit særtyngdande omsorgsansvar. Tenesta gis i private heimar, eller i Blåbærtua avlastningsbustad.

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personlig bistand for personer med nedsett funksjonsevne og stort hjelpebehov. Av 5 som har tenesta, er det 3 voksne og 2 barn.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Blåbærtua – brukarar	14	15	17	17	20	15
Blåbærtua avlasting døgn	936	1 024	1 135	1 127	934	913
Privat avlasting	27	36	36	39	38	39
Støttekontakt		114	118	97	109	122
Omsorgsstønad – personar	21	22	18	17	17	22
Brukarsyrd personleg ass (BPA)	3	4	3	4	4	5

I 2019 var det 15 barn og unge som fekk døgnopphald i Blåbærtua. Det var 5 færre enn i 2018 og handlar om kompleksitet og behov for høgare bemanningsfaktor for fleire av barna.

	2017	2018	2019
Antal brukarar med ein eller fleire tenester	160	183	197
Tal på personar som har fått avslag på ein eller fleire tenester	12	16	25

Det er tradisjonelt mykje kontakt mellom rådgivar og pårørande, brukarar, støttekontaktar og avlastarar, samt interne og eksterne instansar. Dette aukar proporsjonalt med talet på brukarar. Det siste året har det også vore stor pågang av personer som tek kontakt for å få veggleiing av kva tenester som finns i kommunen og korleis koma i kontakt med NAV og 2. linetenesta. Dette gjeld både kjente pårørande og personer som ikkje tek imot tenester.

### Avlastningsbustad

Ein ny avlastningsbustad er under planlegging, og er forventa ferdig hausten 2021. I avlastningsbustad gjev me tenester til barn og unge med utviklingshemming og/eller samansette funksjonsvanskår med behov for mykje tilsyn og oppfylging.

### Aktiviteten

Dagsenteret for personer med utviklingshemming har endra namn til Aktiviteten. Her er det eit godt og variert tilbod. Tenesta er nå meir utadretta, og tek mellom anna småoppdrag for enkelte næringslivsaktørar i Hå. Grøn omsorg er integrert i tenesta. 26 personer nytta denne tenesta i året som gjekk, likt som for 2018. Det er ein auke i unge utviklingshemma som vil ha behov for dagtilbod nå når dei avsluttar vidaregåande skule.

## Omsorgsbustader

I 2019 vart det oppretta eit nytt bufellesskap på Vigrestad. Det er nå 9 (8) bufellesskap i kommunen med til saman 56 (50) leilegheiter. 6 av 9 bufellesskap har døgnbemanning.

I 2019 flytta 5 personer inn i leilegheit, mot 2 i 2018. Det vart i tillegg oppretta ein ny barnebustad, og 2 barnebustader vart omgjort til vanleg omsorgsbustad ved fylte 18 år. Kommunen har i dag 3 barnebustader mot 4 i 2018.

10 personer bur i bustad utan personalbase. Dei tek imot tenester frå nærliggjande bufellesskap. Dette var 11 i 2018.

Det er gjennomført brukarundersøking for brukarar som har ein psykisk utviklingshemming både blant brukarar og pårørande/verje.

## Frivilligheten

Frivilligheten vart oppretta 1.1.2019. Frivilligkoordinator vart tilsett i mai og årsmeldinga baserer seg på det som er gjort frå mai 2019 og ut året. Frivilligheten arbeider etter «Plan for frivillig arbeid» vedtatt i kommunestyret 18.10.2018 saksnr. KS 064/18. Planen inneholder ulike mål og tiltak for å sikra at det frivillige arbeidet i heile kommunen vert utvikla.

Det vart oppretta eit eige frivilligråd som er eit rådgjevande organ for arbeidet i frivilligheten. I tillegg arrangerte frivilligheten Frivilligbørs i Loen på Nærø. Representantar frå det lokale næringslivet og frivillige lag og organisasjonar deltok. Her var målet å synleggjera dei frivillige, skapa ein møteplass og å legga til rette for samarbeid mellom frivillige, kommunale tenester og næringslivet. 34 avtalar vart inngått på børsen. Det vart også oppretta ein eigen pris for frivillig arbeid i 2019. Frivilligheten har delteke på ulike arrangement i kommunen.

Det er etablert frivilligkontaktar i alle bu-avdelingar i tenesteområdet helse og sosial. Det er sett i gang ulike prosjekt eller tiltak i dei fleste av desse tenestene. Mellom anna er arbeidet med Livsgledehjem i gang, og frivilligheten og folkehelse/friskliv er i gang med meir systematisk samarbeid.



## **Psykisk helse og rusvern**

Hovudfokus i avdeling psykisk helse og rusvern har og i 2019 vore arbeidsretta aktivitet, digitalisering, satsing på kurs- / gruppetilbod i tillegg til vidareutvikling av «Prosjekt ungdom og rus».

Tunet brukerstyrt senter starta sommaren 2019 opp «Prosjekt arbeid». Brukarar i avdelinga som er uførretrygda kan gjere eit dagsverk og tene ei dagløn på 200 kroner. 5 brukarar deltek vanlegvis på tysdagane. Oppdraga har vore alt frå flyttejobbar for kommunen, innvendig maling hjå avdelingane Flyktningehet og Frivilligsentral til vedlikehald av uteareal i kommunale bustader som ikkje er uteleigde. Erfaringane har vore gode, og prosjektet vert utvida til 2 dagar per veke frå 2020.

### **Heimetenesta:**

Talet på tilvisingar som fører til kartlegging i avdelinga si heimeteneste\* aukar framleis. Tabellen under viser utviklinga dei siste 8 åra:

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
103	119	155	172	192	222	262	325

\*Heimetenesta er psykisk helse og rusvern for dei som bur i heile kommunen, utanom Klokkartunet.

Talet på brukarar som får tenester til ei kvar tid, stig og. For å handtere auken i talet på handvendingar er tenestene meir målretta, meir digitale og vert gitt i eit kortare tidsrom enn før.

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
131	116	129	146	154	174	178	191

Det er psykisk helsearbeid som aukar. Auken skjer hovudsakeleg i tenester til personer med milde og milde moderate psykiske helseplager. For rusvern er talet rimeleg stabilt.

Satsinga på det digitale verktøyet for å måle relasjon og betring (FIT) hjå brukarane er vidareført og vidareutvikla i 2019. Mellom anna har 2 tilsette utdanna seg til vegleiarar i bruken av verktyet.

### **Prosjekt ungdom og rus**

Prosjektet starta opp sommaren 2018 i tråd med kommunen sin rusvernplan og den statlege opptrappingsplanen for rusfeltet. Rekrutteringa av brukarar har vore god. Andre instansar i kommunen har vore svært gode samarbeidspartnarar. Tala så langt tyder på at me kjem i kontakt med ungdom som rusar seg tidlegare enn før.

Rekruttering av brukarar i aldersgruppa har vore stigande. 21 brukarar har motteke tenester i året som gjekk. Hovudtyngda av rusmiddel hjå ungdommane er alkohol og cannabis. Det er ikkje uvanleg med bruk av andre rusmiddel/sporadisk bruk i tillegg.

Samarbeid med andre instansar har vore godt. Det er likevel potensiale for endå tettare samarbeid/meir samkjøring av tenester for å kunne avdekka problem på eit tidlegare tidspunkt.

Det er fleire ungdomar med opphoping av risikofaktorar, kompliserte/alvorlege saker. Ein større del ungdomar (18+) kontaktar Nav nå enn tidlegare.

Det er naudsynt å ikkje bare ha fokus på rusproblematikk, men og på risikofaktorar generelt. Det er noko å henta i endå tettare samarbeid med andre kommunale instansar. Me ser at brukarane i prosjektet har utvikla tydelege rusproblem, og det kan vera vanskeleg å gjere kome i posisjon til dei.

I samarbeid med SLT har prosjektet og gjennomført rusførebyggjande tiltak på 10. trinn på dei fleste ungdomsskulane i Hå. Til sist bidreg og prosjektet i satsinga «Sterk & Klar».

### **Tunet Brukarstyrt senter**

Aktivitetssenteret har i 2019 endra namn til Tunet Brukerstyrt senter. Det inneberer at senteret har gått frå å vera ein møteplass, kor brukarane kom og vart «betjent» av dei tilsette, til at brukarane sjølv står for ein stor del av drifta. Dette gjev ein meir meiningsfylt kvar dag kor alle har innverknad på tilboda våre.

Tunet har eit brukarstyre på 5 personer. Brukarstyret har ansvar for deler av økonomien og aktivitetar.

Tunet har eigen kafé. I kafeen vert det servert middag 6 dagar i veka. I snitt er det 12 personer som et desse dagane. Me har gått vekk frå at dei tilsette lagar mat, nå er kafeen brukarstyrt.

Tunet er i ferd med å kursa 1 tilsett og 2 brukarar til å verta kursledarar i sjølvstyrkingskurs. Det er planlagt å halda 5 kurs i 2020. Desse kursa gjev brukarane verktøy til å ta tilbake makta i eige liv, dei lærer om rettigheter og empowerment.

Tunet har i 2019 fått ca. 6-7 nye brukarar. I snitt er det i overkant 20 brukarar innom dagleg.

### **Vinkelbygget**

Året under eitt fekk 20 personer opphold i 2019. Av dei var 5 interkommunale opphold og 7 langtidsopphold. 8 personer har fått totalt 25 mellombels opphold, øyeblikkeleg hjelp plass, i 2019. Ein person har tvangsvedtak etter Bruker-/pasientrettigh.lov §4.A. Vinkelbygget gav i tillegg tenester til 2 einetiltak (personer i kommunale bustader) knytt til institusjonen, Klokkartunet 38 og Klokkartunet 40. Desse har og medikamenthandtering (på ansvarsoverføring frå lege) frå Vinkelbygget. 23 personer hadde opphold i 2018. Av dei var 4 interkommunale opphold, 9 langtidsopphold og 10 personer har fått totalt 18 mellombels opphold, øyeblikkeleg hjelp plass.

### **Hybelhuset**

15 personar har hatt bustad i Hybelhuset i 2019 mot 17 i 2018. 6 personar har hatt 6 opphold på krisehybel i 2019.

**Heimetenesta** har i 2019 gjennomført kurs i belastningsmeistring (KiB) for 38 personar. I 2018 for 40 personer.

48 personer har deltatt på Tankeviruskurs i 2019 mot 40 personar i 2018.

110 personer har teke i bruk tenesta Assistert sjølvhjelp i 2019 mot 17 personar i 2018.

Heimetenesta har i 2019 utført 325 kartleggingar. I 2018 blei det utført 262 kartleggingar (inkl. Hybelhuset blir det 267). I 2017 blei det utført 224 kartleggingar. Talet på kartleggingar stig framleis.

**Rusverntenesta** har i 2019 gitt tenester til 94 brukarar.

I 2018 var det 73 (inkl. «Prosjekt ungdom og rus») brukarar. Det var 65 brukarar i 2017.

Brukarplanundersøkinga frå desember 2018 syner at Hå kommune framleis har ein stor del unge rusmisbrukarar.

**Familiesenteret** har ytt tenester til totalt 332 personer, der 93 er barn og unge i alderen 6 - 17 år og 239 vaksne over 18 år. Av desse er 75 menn (26 gutter) og 164 kvinner (67 jenter). Det er ytt 116 tenester innan psykisk helse til barn og unge og 216 er gitt foreldrerettleiling. Familiesenteret har hatt 257 førespurnadar, av disse er 154 nye, 103 er re-inntak.

Gruppetilbod:

- til foreldre i Circle of Security Parenting (CoS-veiledning), tre grupper, totalt 21 stk.
- til foreldre i Foreldre til engstelige barn, 4 gruppessamlingar: totalt 7 stk.
- to grupper for jenter på Bø barneskole og Varhaug ungdomsskule; totalt 16 stk.
- kortversjon av Tankevirus for jenter 3 gonger; totalt 5 stk.

Det er gjennomført brukarundersøking med spørsmål til brukarar under 18 år og pårørande. Resultata kjem truleg i kommunestyret i 26. mars 2020.

**Flyktningenheten** starta opp 01.03.16 i Jadarvegen 5 på Nærbø. I 2019 er det busett 19 personer (familiar og vaksne). Desse kom frå Eritrea, Etiopia, Kongo, Syria og Tyrkia. I tillegg til desse har me tatt imot 3 personer på sekundærbusetting frå andre kommunar. Ved utgangen av 2019 hadde me 63 deltagarar i introduksjonsordninga. Dei kjem frå 9 forskjellige land. Omlag halvparten kjem frå Syria. Andre land er Eritrea, Somalia, Afghanistan, Iran, Etiopia, Yemen, Kongo og Tyrkia.

Det er gjennomført brukarundersøking med spørsmål til brukarar for introduksjonsordninga i 2019. Resultata kjem truleg i kommunestyret i 26. mars 2020.

### Kommunale bustader

Talet på søkjarar til kommunale bustader for flyktningar og vanskelegstilte var totalt 54 i 2019, 70 i 2018, 89 i 2017. Av desse var 27 nye i 2019, 43 nye i 2018 og 50 nye søknader i 2017 (dvs. søkjarar som ikkje budde i kommunal bustad på søknadstidspunktet). I løpet av 2018 avvikla me innleiing av private bustader, då behovet er dekka av eigne bustader. Det står ingen søkjarar på venteliste. Bustadoppfølgjar har lukkast i å hjelpe mange ut i den ordinære bustadmarknaden.

## NAV/sosialtenesta

Tabellen under syner talet på stønadsmottakarar og fordeling på stønadstypar.

	2015	2016	2017	2018	2019	Endring
Økonomisk sosialhjelp	12 262 642	13 537 899	14 410 088	14 384 477	14 448 389	63 912
Sum stønadsmottakarar	324	308	404	389	369	-20
Sosialhjelp flyktning (0-5 år)	3 972 049	5 369 250	6 561 258	6 291 272	4 681 538	-1 609 734
Sum stønadsmottakarar	77	119	84	84	57	-27

Antal	2017	2018	2019	Endring
Antal mottakarar av økonomisk stønad	404	389	358	-8,0 %
Av desse over 6 md	166	167	178	6,6 %
Antal flyktningar	84	89	77	-13,5 %
Antal med økonomisk stønad som hovudinntektskjelde	146	112	101	-9,8 %
Av desse over 6 md	76	78	60	-23,1 %
mottakarar med forsøringsplikt for barn under 18 år i husholdninga	136	135	162	20,0 %
Av desse over 6 md	75	76	86	13,2 %
Av desse økonomisk stønad som hovudinntektskjelde	22	24	34	41,7 %
Unge mottakarar (under 25) av økonomisk stønad	94	100	80	-20,0 %
Antal nye mottakarar av økonomisk stønad	99	80	54	-32,5 %
Antal i KVP (i løpet av året)	10	32	58	81,3 %
Antal med § 17 vedtak (råd og veiledning)	80	107	295	175,7 %
Antal med § 27 vedtak (midlertidig bustad)			9	

Antal med § 17 vedtak (råd og veiledning) har auka med 175,7% etter tilsyn frå fylkesmannen.

Det er gitt gjeldsrådgjeving til 140 personer i løpet av året, mot 120 i 2018.

Etter omorganiseringa av NAV Hå jobbar dei tilsett i 3 team som er Skaffe Arbeid, Behalde Arbeid, og Økonomiteamet. I Skaffe Arbeid har NAV Hå 3 grupper, ungdomsteam, 30+ og kvalifiseringsprogrammet (KVP). Dette har gjort at NAV Hå kan reindyrke oppfølging, og spesialisere kompetanseområda sine.

### Sosialhjelp:

Som oversikta syner har NAV Hå hatt færre brukarar på sosialstønad i 2019. Me ser at vi lykkes med å få fleire langtidsmottakarar ut i yrkesretta aktivitet. NAV jobbar tett opp mot småbarnsfamiliar som er sosialhjelps mottakarar. Vi ser at dette fører frem og at fleire

kommer ut i yrkesretta aktivitet og ut i arbeid. Aktivitetsplikt for ungdom og aktivitets krav generelt er med på å fleire personer ut i yrkesretta aktivitet og arbeid.

Det har i 2019 vært en markant auke av personer på KVP (Kvalifiseringsprogrammet) I KVP programmet blir det utarbeidt et full program saman med brukar som igjen blir en stor motivator for arbeid og ønskjer om å komme ut i ordinært arbeid og forsørgja seg sjølv. Det var ved utgangen av 2019 56 personer på KVP mot 31 personer ved utgangen av 2018.

I 2019 vart 16 deltagarar avslutta i KVP. Dei gjekk ut til følgjande		
		Effekt avslutta
Arbeid	9	56,3 %
Flytta	2	12,5 %
Avklart til AAP eller uføretrygd	4	25,0 %
Fengsel	1	6,3 %

\* I Rogaland var delen avslutta for arbeid 27,2 %,

for heile landet var den 40,1

## Arbeidsløyse og uføre (tal frå desember 2019):

Arbeidsløysa i Hå er på 2,1 %. Rogaland har eit snitt på 2,6 % og Norge 2,7 %.

Av heilt ledige i Hå kommune er 48 % innvandrarar, noko som er blant det høgaste i landet. Mange av dei med språkutfordringar vert hengande igjen som arbeidsledige.

Det er satt inn auka ressursar for å jobbe med denne gruppa. Vi har fått prosjektmidlar til arbeid med denne gruppa. Prosjekt» Me løftar i lag» starta i november 2019 og vi har tru på å at vi skal lukkast med å motivere fleire til å bli betre i norsk gjennom blant anna yrkesretta tiltak og arbeid.

Pr. desember 2019 var bruttoarbeidsledigheten i Hå på 2,1 %. Det legemeldte sjukefråveret av vår arbeidsføre befolkning i Hå var på 3,8 %. 2,9 % på arbeidsavklaringspengar (AAP), og 9,5 % uføretrygda. Landsgjennomsnittet for dette er henholdsvis 4,3 %, 3,3 % og 10,2 %.

NAV Hå er opptatt av godt samarbeid på tvers med samarbeidspartnarar og tett oppfølging av arbeidsgjevarar. Dette gjev gode resultat.

## Unge under 30 år

Hå kommune har no 45 helt ledige ungdomar, det er en nedgang frå 2018.

Unge under 30 år med rett til AAP (arbeidsavklaringspengar)	des.19	des.18
Antal unge under 30 år med rett på AAP i Hå	100	80
Gjennomsnitt i % av befolkning under 30 år for Hå	3,5 %	2,7 %
Gjennomsnitt i % av befolkning under 30 år for Rogaland	3,0 %	2,9 %
Gjennomsnitt i % av befolkning under 30 år for Norge	2,9 %	2,9 %

Me har fått 7 fleire unge uføretrygda i 2019.

Andel uføre ungdom mellom 18-29 år av yrkesaktiv befolkning tilsvara 2, 2%. Rogaland ligger på 2,5 %. Landet elles ligg på 2,4 %.

Vedlikehaldsverkstaden har utført arbeid på oppdrag av tenesteområda i kommunen. Det har vore god tilgang på arbeidsoppgåver. 34 personer har hatt arbeid/arbeidstrening/opplæring i løpet av året, mot 32 året før.

## Andre tenester

Kjøkkenet ved Hå sjukeheim lager ca. 6000 middagar kvar månad mot 7000 i 2018. Nedgangen kan skuldast at tenesta er lagt om til ei abonnementsordning der heimebuande kan abonnera på mat levert på 3 ulike alternativ: 3, 6 eller 7 dagar kvar veke.

Tenesteområdet hadde ved inngangen av året 58 bilar, mot 67 bilar i 2018. Det er kjøpt 2 bilar og ein buss (Aktiviteten) i år og 2 kondemnert. 10 biler vart 1.1.2019 overført eigedom.

## **Kva kan gjerast betre?**

- Legga til rette for at eldre kan bu lenger heime med fokus på mestring og kvardagsrehabilitering. Sikra omlegging frå institusjonsbasert omsorg til omsorg i heimen.
- Fortsette digitaliseringa i helse og sosial. Både ta i bruk fagprogrammer, og sikre god kommunikasjon mellom dei.
- Meir velferdsteknologi inn i institusjonane, bufellesskapa og i heimane til brukerane.
- Kommunen må fortsetja arbeidet med å skaffa arbeid og integrera personer som fell utafor arbeidslivet.
- Fortsette arbeidet for at fleire funksjonshemma kan klara seg sjølv i eigen bustad.
- Fortsetta aktivetsauken i Frivilligsentralen i tråd med plan for frivillig arbeid. Frivilligbørsen vart ein suksess og me planlegg å gjenta det i 2020.



Foto: Anne Lise Norheim

# Tekniske saker og næring

## Mål og prioriteringar

Tenesteområdet har som målsetting å vera samfunnsutviklar og legga til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ytast tenester av god kvalitet, og investeringar skal vera overlevert i rett tid og innanfor godkjente budsjetttrammar. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.

## Viktigaste hendingar og resultat

Sanering i Litlagrøna, Røysvegen – Løgefeltet, på Vigrestad, vart ferdig i 2019. Sanering på Varhaug er starta opp.

Flomsikringsprosjekt med stønad frå NVE er starta opp på Vigrestad.

Jamfør avtale med IVAR er det fleire prosjekt som skal utførast. Arbeidet med ny hovudvassleidning Prestakryssset til Håland vart ferdig, og det vert arbeida med planlegging av denne leidninga vidare fram til Kviamarka. Ny vassleidning frå Lindal til Årdal er ferdig planlagt.

Fleire strekningar med gatelys vart satt opp av Hå kommune i samarbeid med Statens vegvesen.

Det vert arbeida med sentrumsplanar (kommunedelplanar) for tettstadene i kommunen. Kommunedelplan Nærø sentrum vart vedteken i kommunestyret 15.11.2018, KS-sak 077/18. Sentrumsplan for Varhaug er under utarbeiding. Planprogram vart vedtatt i kommunestyret 14.12.2017, KS-sak 086/17. Planen legg opp til ein brei medverknadsprosess med bruk av gjestebodsmodellen.

### Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2017	2018	2019	2019*)	2019
Driftsutgifter	173,6	147,0	165,3	167,3	161,8
Driftsinntekter	-137,2	-108,1	-115,8	-116,5	-115,9
<b>Netto ramme</b>	<b>36,4</b>	<b>38,9</b>	<b>49,5</b>	<b>50,7</b>	<b>45,9</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Tenesteområdet hadde i 2019 59,4 stillingsheimlar.

Rekneskapen frårekna sjølvkosttenestane, syner eit mindreforbruk på ca. 0,6 mill. kr. Mindreforbruket var i all hovudsak knytt til grøntanlegg/parkar og er eit resultat av fleire første timer på investeringsprosjekta (og dermed mindre på drift), samt noko mindre lønnsutgifter. Sjølvkostområda hadde eit samla mindreforbruk på ca. 0,6 mill. kr. Mindreforbruk var i all hovudsak knytt til avløp og er eit resultat av fleire første timer på investeringsprosjekta, noko

mindre lønnsutgifter og mindre levert kloakk til IVAR (det var ikkje dei store flaumtoppane i 2019 som førte til mykje regnvatn inn i kloakknettet som går til reinsing).

## Sjølvkostområda

For avløp var det eit mindreforbruk på 0,6 mill. kr Dette skyldas hovudsakleg lågare utgiftar.

### Investeringar

Millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019
Teknisk og næring	182,6	184,8	202,8	112,6	95,5

Dei store prosjekta går stort sett etter planen. Tabellen viser prosjekta med dei største investeringane i 2019 (tal i 1000 kroner):

NR	Prosjekt	til og med 2018	2019	Løyving *	Prognose
438	Stokkalandsmarka del 3	68 884	2 178	74 300	71 300
467	Stokkalandsmarka sør opparb.	26 408	-4 282	18 000	22 000
730	Haugstadvegen- Stokkalandsmarka etappe 1	49 427	702	51 200	50 000
	<i>Stokkalandsmarka totalt</i>	<i>144 719</i>	<i>(1 402)</i>	<i>143 500</i>	<i>143 300</i>
645	Vannledning i omkjøringsveg nord for Brusand	1 932	125	3 000	3 000
670	Avløp i omkjøringsveg nord for Brusand	21 137	-393	18 000	19 700
739	Omkjøringsveg nordvest for Brusand, opparbeiding	37 810	-137	33 200	37 700
	<i>Omkjøringsvei Brusand totalt</i>	<i>60 879</i>	<i>(405)</i>	<i>54 200</i>	<i>60 400</i>
T401	Sanering Dysjalandsv.Toppav.- Bratland.	6 157	15 395	24 800	27 000
T402	Flaumtiltak Vigrestad	6 402	26 646	52 000	66 400
628	VL Prestakrysset-Håland	2 454	20 748	22 200	22 200
663	Sanering Løgefeltet- Litlagrøna	39 802	8 516	41 500	48 500

\*løyving pr. økonomiplan 2019-2022

Prosjekta i Stokkalandsmarka (prosjektnummer 438, 467 og 730) og Omkjøringsveg Brusand (prosjektnummer 645, 670 og 793) er ferdigstilte. Rådmannen vil fremja eiga sak med sluttrekneskapet for begge desse prosjekta. Stokkalandsmarka vil totalt sett kome omrent på budsjett. På Brusand er det eit overforbruk på vel 10 %.

Prosjekta T401 og T402 er starta og er i tråd med framdriftsplanen. T401 ser ut til å få eit auka forbruk.

Prosjekt 628 vassleidning Prestakrysset Håland er avslutta med eit lite overforbruk. Også her vil rådmannen fremja eiga sak med sluttrekneskap.

I prosjekt T402 Flaumsikring Vigrestad er første byggetrinn avslutta, og andre byggetrinn er godt i gang. NVE har løyvd inntil 32,5 mill. kr i tilskot til dette prosjektet. Prosjektet går etter planen, og rådmannen viser til KS-sak 63/19.

Prosjekt 663 sanering Løgefeltet – Litlagrøna er ferdigstilt.

Me har starta opp sanering av Dysjlandsvegen, Toppavegen og Bratlandshagen, T401. Prosjektet er ein del av prosjektet med ny vassleidning frå Varhaug til Kviamarka, prosjekt nr T302.

Utval for tekniske saker og næring hadde i 2019 10 møter og behandla 118 saker:

År	Reg.	Deling	Bygg	Klage	Konsesj.	Utb. avt.	Veg/trafikk	Budsjett	Div.	Sum
2019	11	6	14	23	12	2	12	10	28	118
2018	17	6	24	16	11	1	12	12	36	135
2017	30	6	32	21	15	3	11	5	53	176
2016	22	7	8	31	8	3	13	6	54	152
2015	26	16	36	44	7	2	6	10	42	189

## Arealplan

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Godkjende priv. reguleringsplanar	Stk.	5	5	4	1	5
Godkjende kom. reguleringsplanar	Stk.	5	4	1	3	-

I 2019 vart det arbeida med reguleringsplanar for områda sør og aust på Varhaug, områdeplan for Kvermefloen på Brusand, idrettsanlegg på Varhaug, bustadområde på Nærø og Vigrestad, gang- og sykkelvegar og fleire masseuttak i kommunen.

Følgjande reguleringsplanar vart godkjende av kommunestyret:

5 private planar:

- 1038-1 - Reiestadmarka, Varhaug (ny godkjenning, godkjenning i 2018 vart oppheva av Fylkesmannen)
- 994-1 - 20/21 Gåsevegen 15
- 1184 - 20/169 Motlandsvegen 1
- 1174 - masseuttak Aniksdal (med motsegn, endeleg avgjerd Kommunal- og Moderniseringdepartementet)
- 1175 - masseuttak Friestad

Generelt i 2019 har Rådmannen merka normal pågang for utarbeiding av nye og endring av eksisterande reguleringsplanar, med fleire nye saker på tampen av året.

I tillegg til ny framdrift i pågående planar, er restordren framleis omfattande.

Motsegner og delvis manglende dekning i gjeldande kommuneplan og overordna retningslinjer gjer det utfordrande å lande enkelte planar. Det er difor godkjend færre planar enn forventa i 2019. Det er likevel gjort framsteg slik at fleire planar kjem til behandling i 2020.

Arbeid med overordna planar er skilt ut i eiga avdeling, Samfunnsutvikling med to tilsette. Det er då fire på planavdelinga. Det vil vera eit tett samarbeid mellom dei to avdelingane.

## Byggjesak

I gjeldande bustadbyggingsprogram (Kommuneplanen) var det lagt til grunn at det skulle byggjast 166 bustader i 2019. Trenden med få godkjente bustadar held fram. Dette viser at den økonomiske situasjonen i regionen enno er noko utrygg.

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Godkjende bustader (bueiningar)	Stk.	99	79	92	59	78
Saker etter delegasjon	Stk.	408	352	341	318	283
Gitt byggjeløyve	Stk.	295	267	262	284	238

## Kart og oppmåling

Tenesteområdet har ansvaret for å registrere opplysningar om adresser, bygningar og eigedomar i det nasjonale eigedomsregisteret, matrikkelen. Me gjennomfører oppmålingsforretningar, utarbeider matrikkelbrev og utfører adressering.

Me forvaltar og gjer tilgjengeleg for forvaltning og eksterne brukarar eit utval av digitale kartdata etter gjeldande standardar. Me forbetrar kvaliteten på eksisterande data med tanke på digitalisering av offentlege tenester.

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Nye matrikkeleiningar	Stk.	190	74	152	115	113
Samanføying av eigedomar	Stk.	15	13	27	14	34

- Det vart tildelt 70 nye vegadresser i kommunen.
- I samarbeid med eksterne etatar, har eldre flyfoto vorte digitalisert og gjort tilgjengeleg for innbyggjarane gjennom portalen Norge i bilder.

## Bustadfelt - Stokkalandsmarka

Det vart selt ei bustadtomt i Stokkalandsmarka i 2019. Ved inngangen til 2020 er det 44 ledige tomter for sal i Stokkalandsmarka. På same måten som i 2018, har kommunen gjennom heile 2019 arbeidd med profilering av Stokkalandsmarka for å synleggjere Stokkalandsmarka betre for innbyggjarane i Hå og i regionen.

Rådmannen inviterte sommaren 2019 til eit paralleloppdrag for å få vist ulike moglegheiter og idéar for plassering av skule, barnehage og sentrumsfunksjonar. Tre arkitektkontor vart inviterte til å utarbeida kvar sin moglegheitsstudie. Bidraga frå arkitektane vart presenterte for kommuneplanutvalet 26. november 2019. I byrjinga av 2020 vil gjesteboda bli inviterte til ein verkstad saman med politikarane i kommuneplanutvalet. Med bakgrunn i moglegheitsstudiane og tilbakemeldingane frå gjesteboda skal det utarbeidast ein områdereguleringsplan for Stokkalandsmarka sentrum.

## Næring

Det er ledige næringstomter i alle krinsar i kommunen i tråd med kommuneplanen sine målsettingar.

Det er ført i rekneskapet inntekter på i overkant av 9 mill. kr for sal av næringstomter i 2019, som er nesten 13 mill. kr under budsjett.

Det vert jobba aktivt med å få bedrifter til å etablera seg i Hå. Det er tett dialog mellom kommunen og bedriftene i Hå. Næringslivet har høg prioritet og skal oppleve kommunen som ein samarbeidspartnar.

Kommunen er med i ulike fora knytt til næringslivet, her kan me nemna lokale og regionale næringsforeiningar, fylkeskommunen og Greater Stavanger. I dei siste åra er det også utvikla eit godt samarbeid med kommunane Gjesdal, Time, Klepp og Sandnes. Næringssjefane har faste møter igjennom året for å drøfte og jobbe saman om tema som omhandlar næringslivet.

Drifta i Jæren Produktutvikling vart avvikla i juni. I første kvartal behandla / mottok Jæren Produktutvikling tre prosjekt frå Hå.

I [KS-sak 031/19](#) vedtok kommunestyret å utvida avtalen / partnarskapet med Skape ut året og å inngå partnarskapsavtale for perioden 2020 – 2023. Avtalen omfattar individuell / utvida rådgiving, næringsfaglege vurderingar, tilgang til møteplassar for kompetansepåfyll, erfaringsdeling og digitale flater. Totalt har det deltatt ni kursdeltakarar frå Hå, og det er gitt ein individuell rådgiving.

I 2019 vart det lagt ned mykje arbeid opp mot reiselivet på Jæren. Kommunen har saman med kommunane Klepp og Time fått tildelt midlar via Handlingsprogrammet for Næringsutvikling som vert administrert av Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland, for å utarbeide eit pilotprosjekt for auka verdiskapning i reiselivet på Jæren. Det er gjennomført workshops saman med næringa for å jobbe fram ulike modellar for opplevingspakkar som kan bidra til auka turisme på Jæren og til auka lønsemd for næringa.

I 2018 byrja investeringane til «nasjonal turistveg» på Jæren. Først ute var Orre i Klepp, men Hå står for tur i åra som kjem. I [KS-sak 055/19](#) godkjente kommunestyret avtalen med entreprenør om oppgradering / etablering av parkeringsplass og toalettanlegg på Refsnes. Sjølvé oppstarten av arbeidet har dratt ut pga. motsegn frå Fylkesmannen. Denne er nå trekt, og anleggsarbeidet skal starte opp seinvinteren 2020.

Kommunen kjøpte Madlandstrand fiskerihamn av Kystverket, jf. [FS-sak 027/19](#). Hamna skal oppgraderast, og det leggast til rette for turisme med toalettbygg, parkeringsplass, stormhytte og sitteplassar som ein del av «nasjonal turistveg» prosjektet.

Arbeidet med servicebygg i Sirevåg starta opp, jf. [FS-sak 039/19](#). Det er utarbeida eit skisseforslag til servicebygg med dusj, toalett og fellesareal til utleige. I juni vart det gjennomført ein workshop med innbyggjarar, lag og foreiningar.

## **Trafikksikring**

I 2019 har det vorte etablert gatelys på fleire nye strekningar. Opstadvegen, Torlandsvegen og Kyrkjevegen (vert ferdig i 2020). Dette er sykkel- og gangvegar som Rogaland fylkeskommune skal overta ansvaret for, og dei har difor vorte finansiert med midlar derifrå. Tal for 2019 er noko usikre pga. overgang til Skina sitt system, og det difor satt til 0 nye.

Aktivitet	Eining	2017	2018	2019
Gang- og sykkelveg	M	1 000	2 968	500
Fartsdempande tiltak	Stk.	-	3	7
Gatelys	Stk.	135	-60	-

## **Veganlegg**

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunale vegar. Nyanlegg	Meter	800	1 263	650	3 610	300
Reasfaltering	Meter	3 234	2 200	3 000	1 400	2 800
Private vegar med tilskot til grusing	Meter	1 950	2 700	2 950	3 000	3 000

- Per 31.12.2019 har Hå kommune 156 km kommunale vegar og 49 km gang- og sykkelvegar.
- Skina overtok avtalen frå Jæren Everk på drift og utbygging av kommunale gatelys.
- Arbeid med eideomsforhold og matrikkel langs gang- og sykkelvegar som skal overførast til fylkeskommunen, starta opp i 2019 og er venta ferdig i 2020.

## **Parkar og leikeplassar**

Kommuneplanen inneholder retningslinjer for planlegging og utforming av grøntdrag og leike- og oppholdsareal i tettstadene. Planen har føresegner om utforming av leike- og oppholdsareal. Med ei tettstadsutvikling med auka satsing på konsentrerte buformer, vert buminjø og grøntanlegg stadig viktigare.

Plan for turnett i Hå kommune viser samanhengande tursamband mellom tettstadene og hovud turområder i kommunen. Tiltaksplanen beskriver kva som manglar i desse korridorane for å kome seg trygt fram til startpunktet frå togstasjonane med sykkel eller til fots.

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Ferdigstilte leikeplassar	Stk.	1	-	2	2	2

Nokon små leikeplassar vart lagt om til gras i 2019, og det totale antalet har difor gått ned. Fleire eksisterande leikeplassar vart oppgradert med nytt utstyr.

## **Brann og feiing**

Brannvesenet sine utsynningar var om lag som for 2018. Dei ulike typa oppdrag var og nokså likt fordelt samanlikna med 2018. Det var ein liten nedgang i talet på bygningsbrannar, medan det var ein liten auke i oppdrag knytt til assistanse i forbindelse med uver. Dei andre oppdragstypane var elles nokså likt fordelt samanlikna med 2018. Hå brannvesen bistod

Sokndal brannvesen under den store skogbrannen i Sokndal i april.  
Det var ingen omkomne i trafikkulykker i Hå i 2019.

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Branntrykkingar	Stk.	139	125	180	234	242
Brannsyn i § 13-bygg	Stk.	158	71	56	74	73
Brannsyn i bustader	Stk.	737	1 989	1 490	1 660	774
Piper som vart feia	Stk.	1 907	1 978	1 985	1 678	2128

Innan brannførebuing er det nasjonalt eit stort fokus på risikoutsette grupper, etter at NOU «Trygg-Hjemme» vart offentleggjort. Risikoutsette grupper er dei persongruppene som oftast går igjen i dødsbrannstatistikken. Og her i Hå har ein hatt fokus på dette arbeidet. I 2019 inngjekk brannvesenet ein avtale med bl.a. Åna fengsel avd. Rødgata, om ei fast ordning med brannførebyggjande opplæring.

Brannvesenet gjennomfører månadlege øvingar etter faste planar for brannkonstablane, og kvart år vert det gjennomført minst ei større øving ved kvar brannstasjon. I 2019 vart desse øvingane gjort i samarbeid med Nye Loen og Aarsland møbel AS, der og politiet, ambulansetenesten, Røde Kors og Norsk folkehjelp deltok.

Feietenesta vert dekka av ein person i heil stilling. Grunna skade, og ei lengre sjukemelding på slutten av 2019, er ikkje branntilsyn i bustader gjennomført som planlagt.

I 2019 er det arbeidd vidare med å lukka avvika frå arbeidstilsynet knytt til brannstasjonane. Saka var til politisk handsaming, jf. [KS-sak 093/19](#), og det vart vedteke å setja av midlar til bl.a. utbetring av dusj- og garderobetilhøva.

## Vassverk

For ein kommune med mykje næringsmiddelindustri, er ei god og sikker vassforsyning viktig. I dag har kommunen einsidig forsyning frå IVAR sin hovudleidning som kjem nordfrå, og går gjennom kommunen til Hagavatnet, med sideleidning fram til Sirevåg i sør. Reduksjon av lekkasjar, bygging av ringleidningar og utskifting av eldre leidningsanlegg, m.a. eternitleidningar, er viktige tiltak for sikring av ei god vassforsyning. Inndeling av vassnettet i soner med sonevis vassmåling og utskifting av gamle vasskummar, er viktige verkemiddel for å avdekke vasslekkasjar.

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Abonnentar knytte til kom. vassverk	Stk.	6 953	7 095	7 245	7 291	7 396
Nye og sanerte vassleidningar	Meter	7 666	3 280	4 592	3 511	4 091
Lekkasje	%	26	28	24	22	23

- Per 31.12.2019 eig og driftar kommunen 305 km vassleidningar.
- Det vart bygd to nye trykkreduksjonsstasjon i 2019.
- Avtale med IVAR om bygging av høgdebasseng i området rundt Håland på Varhaug, og bygging av ein del forsterkningar i vassnettet med nye hovudleidningar pågår. Vassleidning frå Varhaug/Prestakrysset til Håland vart ferdig.
- Auka lekkasjeprosent i 2019 er eit resultat av endra avlesingstidspunkt (eingangseffekt).

## Avløp

Handteringa av overvatnet er ein viktig del av arbeidet med sanering og oppdimensjonering av gamle avløpsanlegg. Hå betalar truleg om lag 2 mill. kroner ekstra for unødvendig reinsing av regnvatn i året. Dette gjeld lekkasje av regnvatn inn i kloakkleidningar, for eksempel i form av overløp mellom kloakk og overvassleidningar m.m.

Handtering av overvatnet frå tettstadane har vorte meir omfattande og utfordrande grunna auka nedbørintensitet dei siste åra. Arbeidet med å oppdimensjonera overvassleidningar, fjerna fellessystem, overløp og feilkoplingar er gitt høg prioritet. Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø inneholder oversikt over aktuelle tiltak i eit langsigkt perspektiv. Den omfattar også handtering av dei flaumutfordringane kommunen har.

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Abonnentar knytt til kom. kloakk	Stk.	6 664	6 824	6 989	7 053	7 155
Nye og sanerte spillvannsleidningar	Meter	13 260	5 996	5 661	5 021	599
Abonnentar med slamtømming	Stk.	355	330	308	289	285

Stort avvik i antal meter nye og sanerte spillvannsleidningar for 2019 skyldast grunnen for statistikktaill i rapporteringssystem som kun tek hensyn til innregistrerte data i inneværande år. Reelt tal er noko høgare.

- Per 31.12.2019 eig og driftar kommunen 427 km med avløpsleidningar (spill- og overvatn).
- Sanering i Litlagrønå, Løgefeltet m.m. på Vigrestad vart ferdig i 2019.
- Sanering på Bratland, Varhaug, er starta opp og er venta ferdig i 2020.
- Flaumsikring av Vigrestad er godt i gang.

## Renovasjon

Kommunen hadde i 2019 innsamling av tre typer avfall. Frå 2020 byrjar me også med innsamling av glass- og metallemballasje. Ubetente miljøstasjoner vil difor verta avvikla. Den sterke auken i konsentrerte buformer medfører ei aukande utfordring i forhold til plass og handtering av avfallsdunkane. Felles nedgravne avfallsløysingar er eit godt og arealsparande alternativ. Gjenvinningstasjonen på Pytten er eit ekstratilbod til hushaldsabonnementane for levering av avfall. Planlegging av nytt bygg for farleg avfall starta opp i 2019 og vil stå ferdig i 2020/2021. Utviding av gjenvinningstasjonen er planlagt i 2021 og 2022.

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Abonnentar med kom.renovasjon	Stk.	6 680	6 813	6 902	6 938	7 026
Abonnentar med heimekomp.	Stk.	672	657	600	580	565
Restavfall	Tonn	2 325	2 196	2 037	2 107	2 142
Våtorganisk avfall	Tonn	1 450	1 564	1 703	1 564	1 617
Papir, papp og drikkekartong	Tonn	1 072	945	998	940	956
Plast	Tonn	286	288	318	283	337
Farleg avfall	Tonn	67	52	91	80	75
EE – avfall	Tonn	240	232	142	177	185
Glas og metall	Tonn	166	157	166	178	174

- Ny leverandør for innsamling og transport av hushaldningsavfall starta opp i 2018 saman med Klepp kommune. Time kommune går inn i same avtale frå 2020.

## Landbruk

Aktivitet	Eining	2015	2016	2017	2018	2019
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Stk. (søkn)	10	12	35	19	16
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Mill kr	2,4	5,5	8,9	8,3	6,0
Produksjonstilskot, jordbruk	Stk.	870	832	884	841**	421*
Produksjonstilskot, landbruk	Mill kr	119	113	112	113	119
Avløysartilskot, landbruk	Mill kr	27	25	24	24	25
Regionalt miljøprogram	Stk. (søkn)	178	186	186	205	211
Regionalt miljøprogram	Mill kr	4	5	5		6
Drenering	Stk.	12,0	32,0	43,0	89,0	56,0
Drenering	Mill kr.	0	1	1	3	2
Areal godkjent for nydyrkning	Daa	341	787	275	268	851
Faktisk dyrka areal	Daa	320	383	217	355	236
SMIL - midler	Mill kr	1	2	1	1	2
Avverking av skog	M3	6 570	1 056	8 628	4 373	7 269
Avverking av skog, verdi	Mil kr.	1,6	0,2	2,0	1,0	2,5

\*Føretak som søker i året

\*\* Søknader i året

Kommuneplanen legg sterkt vekt på jordvern. Utbygging på mindre produktive areal i Stokkalandsmarka er prioritert. Det er strenge reglar for bygging i LNF-områda og for omdisponering av landbruksjord til andre formål. Hå kommune skal vidareutviklast som ein av dei største og viktigaste landbrukskommunane i landet. Det har også i 2019 vore:

- Det vart bygd færre lausdriftsfjos i 2019 enn i 2018. Andre nyinvesteringar har i staden kome til fordi bøndene ønskjer å ha fleire bein å stå på.
- Framleis stor interesse for nydyrkning og for grøfting av tidlegare dyrka jord. Utfordringar knytte til gjennomføring av tiltak for oppfylling av vassdirektivet held fram. Det har vore registrert fleire avvik med ureining i vassdrag.
- 2019 har vore eit godt år for landbruksnæringa med god avling. Likevel er det turbulente tider med forslag om endringar i matvanar og klima. Dette kan føre til utfordrande tilpassingar for næringa.
- Oppstart av arbeidet med kommunedelplan for landbruk, jf. [KS-sak 110/19](#).

Aktivitet	Eining	2017	2018	2019
Dispensasjon, Omdisp. av landbruksareal	Stk.	3	2	6
Disp., Samla areal omdisponert	DA	15	4	12
Disp., Bruksrasjonalisering	DA	619	224	495

Det vart i 2019 gitt 6 dispensasjonar for omdisponering av landbruksjord til bustadformål ved bruksrasjonalisering.

## **Kva kan gjerast betre?**

### Digitalisering

Det er eit stor fokus på digitalisering innanfor tenestområdet. EbyggWeb vart innført i 2017.

Innbyggarane og utbyggarar kan sjølve finna dokumentasjon i byggesaker på heimesida.

Digital plandialog er innført på systemsida og vil verta tatt i bruk for nye plansaker.

Databasen for gjeldande planar vil verta ajourført i 2020. I oktober vart det gamle saksarkivet lagt ut ope på nettet. Innbyggarar og andre kan nå sjølve hente ut saker frå m.a. desse delarkiva; landbruk, reguleringsplanar, kommuneplan, byggesak og oppmåling.

Vi har tatt i bruk IK-Bygg for ulike bygg/områder som hører til under Teknisk drift. På lik linje med dei andre tenesteområde, vil vi ta i bruk digitalt verktøy for innkjøp og rammeavtalar.

Innføring av elektronisk timeregistrering for uteavdelinga på teknisk drift starta i 2019. Det gir ein enklare oversikt over alle kostnadane, og ikkje minst unngå manuell innlegging av data på rekneskap og lønn.

Det pågår arbeid med kartlegging og oppdatering av grøntområde og leikeplassar. Eit digitalt kartverk vil kunne utnyttast i ulike fagsystem for oversikt, dokumentasjon og beskriving for kostnadsførespurnad.

### Samhandling og kommunikasjon med utbyggarar, tiltakshavarar og entreprenørar

Kommuneplanen gir viktige føresetnadar for utbygginga i kommunen. Regelverket gir stramme rammer for bygging i LNF-områda. Det er krav om høg tomteutnytting innanfor eksisterande tettstadar samtidig som dei enkelte utbyggingsprosjekta også skal tilfredsstille viktige kvalitetskrav, t.d. når det gjeld areal for uteopphold og leikeplassar. Nye reglar for «eplehagefortetting» medfører ei vesentleg omlegging av regelverket for fortetting innanfor eksisterande einebustadfelt. God kommunikasjon i ein situasjon med ulike interesser kan vere vanskeleg. Det krevst tett og god dialog med forslagsstillerane i planprosessane, for å få fram dei gode prosjekta.

I samband med gjennomføring av kommunen sine anleggsprosjekt, har det den seinare tida vore fokus på det samarbeidsutfordringane som me og andre kommunar, opplever i fleire av prosjekta. Dette er også eit tema som entreprenørar har sett fokus på. Rådmannen er einig med entreprenørar som har uttala seg, i at det kan vera for store samarbeidsproblem i nokre prosjekt. Lov om offentlig anskaffelser opnar nå for nye måtar å gjennomføre kontraktar og innkjøpsprosessar på. Rådmannen ynskjer å prøva ut nye metodar for konkurransar og kontraktar med mål om at desse utfordringane kan reduserast. Det må vera eit mål å få utført eit prosjekt til rett pris med minst mogeleg samarbeidsutfordringar.

# Administrasjonen

*Dei som arbeider i administrasjonen og dei systema og prosessane dei har ansvar for er heilt nødvendige for at drift og tenesteproduksjon skal fungere godt og for at innbyggjarane får den informasjon og hjelpe dei treng. I 2019 blei Innovasjon og kommunikasjonsavdelinga etablert og innkjøpsområdet er styrka med å utnemna eigen innkjøpssjef.*

## Netto driftsrammer

Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2017	2018	2019	2019*)	2019
Sentraladm	40,3	38,7	44,8	46,3	43,0
Eigedomsavdeling	102,9	107,3	117,2	112,1	110,5
<b>Netto ramme sentraladministrasjon</b>	<b>143,2</b>	<b>146,0</b>	<b>162,1</b>	<b>158,5</b>	<b>153,4</b>
Kyrkjer og andre trossamfunn	12,7	13,4	14,4	14,4	14,4
<b>SUM</b>	<b>155,9</b>	<b>159,4</b>	<b>176,4</b>	<b>172,9</b>	<b>167,8</b>

\*) med godkjente endringar.

Eigedomsavdelinga har brukt meir enn budsjettet fordi vedlikehald som var budsjettet som investering er ført som driftsutgift. I tillegg må leige av brakkar i samband med ombygging på Varhaug skule førast i drift. Dette endrar ikkje det totale budsjettet for skulen.

Den øvrige administrasjonen held seg i sum innanfor den totale driftsramma.

## Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen leverer tenester innanfor økonomi, rekneskap, løn, personaladministrasjon, leiar- og organisasjonsutvikling, opplæring, servicetorg, kommunikasjon, innovasjon, investering i og drift av IT-løysingar, utstyr og datakommunikasjon, dokumentsenter, innkjøp, organisering av dei politiske utvalsmøta og gjennomføring av val. I tillegg er eigedomsavdelinga organisert her.

## Mål og prioriterte oppgåver

Sentraladministrasjonen si hovudoppgåve er å legge til rette for at kommunen leverer dei tenester innbyggjarane skal ha. Det betyr at vi har rett kompetanse på rett stad, at alle tilsette får den løn dei har krav på, at me har gode arkivrutinar, at datasistema fungerer, innsyn, at me har kontroll på økonomien og at alt innanfor IT fungerer som det skal og at politikarane får hjelp og assistanse når dei har behov for det.

## Viktigaste hendingar og resultat

- Kommunikasjon og innovasjon etablert som eiga avdeling. Servicetorget er del av denne.
- Styrking av innkjøpsfunksjonen. Sjå eige avsnitt nedanfor.

- Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval 2019 måndag 9. september 2019 då det blei det vald representantar til alle fylkesting og kommunestyrer.
  - Førehandsrøysting i perioden frå 12. august til 6. september. Det var og lagt til rette for tidlegstemming i servicetorget frå 1.juli til og med 9.august.
  - Hå kommune var ein av 16 kommunar som var med i eit forsøksprosjekt med bruk av elektronisk valkort. Det var Valdirektoratet som stod for regien. Sola kommune var og med.
- Folkevaltopplæring for nye kommunestyre og utvalsmedlemmar
- Klarspråkprisen for 2018 blei tildelt Hå i Oslo konserthus i mars.
  - Me har gjennomført kurs og fleire skriveverkstad i klarspråkarbeidet «mindre HÆ i Hå?». Språksofaen på rådhuset har me vidareført. Dette er eit tilbod om teksthjelp ca. ei gong i månaden.
- Digitalisering og effektivisering gjev merkbare resultat innan fakturahandsaming og rekneskap
  - Elektronisk faktura (EHF) inn til kommunen er 91 %, auke frå 81% i 2018
  - Faktura som er merka frå leverandør slik at vår handsaming blir enklare er 22 %, auke frå 13 %
  - Elektronisk faktura til innbyggjarane er 47 %.
- IA satsinga gjev resultat – sjukefråveret er eit heilt prosentpoeng lågare enn i 2018

### *Innkjøp*

Klare krav blir stilte til offentlege oppdragsgjevarar for å sikra effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. I april 2019 kom Stortingsmelding 22 «Smartere innkjøp – effektive og profesjonelle anskaffelser». Stortingsmeldinga peikar på ulike tiltak som kan gjere anskaffingsområdet meir effektivt, meir profesjonelt og betre styrt.

I februar 2019 var innkjøp tema på leiarforum i Hå. Alle leiarane i kommunen fekk ei innføring i regelverket og praksis i Hå.

Me har innført eit digitalt kontraktsadministrasjonsverktøy (KAV). Dette gjer oss oversikt over alle avtaler. Oversikta blir automatisk oppdatert, og i tillegg blir me varsle når avtaler er i ferd me å løpa ut. Dette blir eit godt styringsverktøy. Alle tilsette i kommunen har tilgang til denne oversikta gjennom Steinbukken (Intranett). Ei slik oversikt, saman med god kommunikasjon og informasjon, er nødvendig i arbeidet for å betra avtalelojaliteten.

Me har innført digitalt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) og i dette systemet arbeider me vidare med malar. Gode malar minskar risikoen for feil. I tillegg vil felles malar visa at me som Hå kommune er ei eining, sjølv om innkjøpskonkurransane kjem frå ulike tenesteområde. Me vil nytta desse digitale hjelpe midla til å få betre kontroll og styring på våre innkjøp.

For å sikra gode og effektive innkjøpsprosessar må me sørja for auka kompetanse hos innkjøparane. For å få dette til har me stor tru på å løfta i lag også på innkjøpsområdet, saman med våre interne folk, med våre samarbeidskommunar og med leverandørmarknaden.

Innkjøpsressursen er auka frå 50% til 100%, og frå mars 2020 aukar den til 150%. Dette er gjort utan å auke totalt antal tilsette. Ansvarleg for innkjøp fekk i 2019 tittelen innkjøpssjef.

Hå kommune er med i eit innkjøpsnettverk saman med Time, Klepp, Gjesdal og Strand. Her samarbeider me om ei rekke rammeavtalar og drøfter problemstillingar knytt til regelverket. Ein av dei store avtalane me har inngått i 2019 er rammeavtale for møblar. I tillegg kan me nemna rammeavtale for minibuss- og taxikøyring, rammeavtale grafisk design og trykkeritenester, rammeavtale arkitekttenester og rammeavtale for leikeplassutstyr.

Arbeidet med ny innkjøpsstrategi er godt i gang. Strategien kjem til politisk behandling våren 2020. Denne vil visa retning for anskaffingsarbeidet framover.

### **Politiske møter**

Politisk sekretariat har vore med på - og tilrettelagd for - i løpet av året 2019:

- 9 møter i kommunestyret
- 11 møter i formannskapet
- 10 møter i utval for tekniske saker og næring
- 8 møter i utval for opplæring og kultur
- 8 møter i utval for helse- og sosialsaker
- 2 møter i hamnestyret
- 3 møter i administrasjonsutvalet
- 7 møter i kommuneplanutvalet
- 2 møter i valstyret

### **Kva kan gjerast betre**

- Halde fram med IA-satsinga. Forsking syner at varig fokus er det viktigaste tiltaket i arbeidet med å redusere sjukefråværet i ei verksemd. Dette ser vi også i Hå.
- Fortsette digitaliseringa som ledd i Framtidsløftet om å stadig forenkle, fornye og forbrette oss – i tillegg til å redusere risiko for feil.
- Fortsatt fokus på kompetansebygging på tvers i organisasjonen både når det gjeld innkjøp, dokumentsenter og økonomistyring.

## **Bygg- og eigedomsforvalting**

Om lag 80 personar har sin daglege arbeidsplass i eigedomsavdelinga. I 2018 blei alle budsjett samla under Sentraladministrasjonen og gjennom 2019 har me sett at dette gir betre styring og kontroll med ressursdisponeringa.

### **Mål og prioriterte oppgåver**

Målsettinga er å gjennomføre investeringsprosjekt i tråd med vedtekne budsjett og planar. Likeins skal drift og vedlikehald gjennomførast etter vedtekne budsjett og planar.

Eksisterande bygningsmasse må takast i vare, vedlikehaldast og reingjerast på ein slik måte at verdi og funksjon blir tatt i vare og ikkje blir forringa.

Drift og vedlikehaldsavdelinga brukar IK Bygg som internkontrollsysten. Systemet er eit svært nyttig reiskap for å avdekka feil og manglar knytt til drift og vedlikehald av kommunen sine eigedomar. Systemet har og ein eigen reinhalldsmodule som er under utprøving.

Innrapportering i systemet er høg. Det vert kvart år lagt fram ei politisk sak som syner status og tilstand til dei kommunale bygga og synleggjer vedlikehaldsetterslepet. Saka som ble lagt fram hausten 2019 synte at vedlikehaldsetterslepet har gått noko ned, frå 112,9 mill. kr til

107,2 mill. kr. Dette er gledeleg, men etterslepet er fortsatt høgt og vedlikehaldsetterslepet vil truleg variera ein del i åra som kjem. Det vil framleis vera ei stor utfordring å handtera dette.

Reinhaldsavdelinga har det daglege ansvaret for reinhald i 58 kommunale bygg, som totalt utgjer 85.000 m<sup>2</sup>. Dei skal levera reinhaldstenester som ivaretak bygningsmassen og inneklima i dei bygga som kommunen nyttar til sine tenester.

Avdelinga brukar moderne metodar og utstyr, godt tilrettelagd for arbeidsoppgåvane. Maskinbruken er aukande og i løpet av 2020 vil robotar bli prøvd ut.

## Viktigaste hendingar og resultat – Bygg

Tabellen viser økonomisk status for dei største prosjekta ved utgangen av 2019

1000 kroner	Til og med 2018	2019	Heile prosjektet	
			Løyving	Prognose
Hå sjukeheim	114 723	43 430	157 500	157 500
Avlastningsbustad Skjeraberget	-	948	35 500	35 500
Hybelhuset	-	486	15 300	15 600
Heimtu ombygging	23	98	6 600	6 600
** Sambrukshuset Nærø	-	640	61 000	270 000
Nye Ogna skule	168 281	1 281	190 500	171 000
Varhaug skule påbygg	5 884	20 106	115 400	112 027
Vigrestad skule. Ombygging barnehage til SFO	157	2 553	3 000	3 000
Høyland skule. Vinduer	-	298	800	800
Vigrestad barnehage	50 179	-170	54 500	53 000
Ny barnehage Brusand	432	-	44 000	44 000
Meierintern. Ombygging til bibliotek	1 001	650	3 000	1 700
ENØK (Energimerking/kartlegging)	1 950	540	4 mill/år	n/a
<b>SUM</b>	<b>342 630</b>	<b>70 860</b>	<b>687 100</b>	<b>870 727</b>

\*\* Løyving i økonomiplanperioden. Kalkyle Sambrukshuset er utan salsinntekter frå tomter og andre bygg

## Byggeprosjekt i tenesteområdet for helse- og sosialsaker

- Hå sjukeheim.**  
I mars 2019 flytta dei fyrste pasientane tilbake til sjukeheimen og dei 2 nye etasjane kunne takast i bruk. Arbeida har stort sett gått etter planen, men har vore krevjande. Nokre mindre arbeid knytt til utomhusarbeid samt innregulering av tekniske arbeid, vil pågå inn i 2020. Prognose syner totalkostnadar innanfor vedteke budsjett.
- Avlastningsbustad Skjeraberget .**  
I kommunestyret 12.12.19, sak 092/19 vart skisseprosjektet godkjent. Arbeida med

forprosjektet starta og skal politisk handsamast i januar-februar 2020. Går alt etter planen kan arbeida starta etter sommarferien i 2020.

- **Hybelhuset.**

Hybelhuset på Varhaug har behov for renovering og i kommunestyret 12.12.19, sak 091/19 blei skisseprosjektet godkjent. Arbeida med forprosjektet er starta og skal politisk handsamast i mars 2020. Går alt etter planen kan arbeida starta etter sommarferien i år.

- **Heimtun.**

I kommunestyret den 21.02.19, sak 003/19, vart skisseprosjekt «Kafè og samlingsrom i 1. etg på Heimtun, alternativ 1» vedteke. I kommunestyret den 12.12.19, sak 103/19 vart det vedteke å auke budsjettet med 1 mill. kr for å gje nokre fleire parkeringsplassar. Totalramma for prosjektet vert sett til 6,6 mill. kr. Arbeidet med forprosjektet pågår og det er planlagt at den politiske handsaminga skal starta våren 2020. Dei fysiske arbeida vil tidligast kunne starta i slutten av dette året.

## Sambrukshuset.

- Arbeidet med å realisera eit kommunalt sambrukshus i Nærbø sentrum går vidare. Arbeid med detaljreguleringsplan for område 1C og OT1 har pågått i 2019. Arkitektkontoret Vest utfører oppdraget på vegne av Hå kommune og den 4 oktober vart Plan 1190, «*Detaljregulering av sambrukshus, bustader og torg, Nærbø sentrum*» varsla. Det er eit mål at detaljreguleringsplanen skal politisk handsamas i løpet av våren 2020.

## Byggeprosjekt i tenesteområdet for opplæring og kultur

### Skular

- **Ogna skule.**

Avsluttinga av dette prosjektet har synt seg vanskelegare enn antatt grunna usemje mellom Hå kommune og totalentreprenøren. I løpet av 2019 har det foregått diskusjonar knytt til dette og ei løysing er innanfor rekkevidde. Prosjektet vil økonomisk bli avslutta i løpet av 2020. Prognosene syner totalkostnadar godt innanfor vedteke budsjett.

- **Varhaug skule påbygg.**

I kommunestyret den 13.06.19 blei SR Entreprenør vald som entreprenør for prosjektet Varhaug skule. Totalramma vert sett til 115,4 mill. kr. Arbeid med planlegging og prosjektering vart sett i gang og i løpet av 2019 blei den gamle bygningsmassen rive og arbeid med betongarbeid, vann og avløp igangsett. Arbeida går etter vedteken framdriftsplan. Ferdigstilling er sett til skulestart 2021. Prognosene syner totalkostnader innanfor vedteke budsjett.

- **Vigrestad skule**

Arbeida med ombygging av dei lokala som tidlegare vart brukt som barnehage (sekskanten), til SFO og rom som skulen skal nytta til praktiske fag, vart fullført i

2019. I 2020 vil det pågå mindre justeringar og innregulering. Prognosene syner totalkostnader innanfor vedteke budsjett.

- **Høyland skule. Utskifting av vindauge.**

Arbeidet med å få bytta vindauge ved Høyland skule har synt seg svært krevjande. Det vart avdekkja utfordringar knytt til dei branntekniske løysingane ved skulen. Cowi vart engasjert til dette arbeidet, som framleis pågår. Målet er å ha ny brannteknisk løysing klar tidlig i 2020. Ein planlegg då at dette og arbeida med nye vindauge kan gå parallelt.

### *Barnehagar*

- **Vigrestad barnehage** blei overlevert til Hå kommune den 25.06.18 og offisielt opna den 22.08.18. Miljøretta helsevern har lagt fram merknadar til utvendig støy frå teknisk utstyr. Støyen ligg litt over dei grenseverdiane som er sett og påverkar uteområdet ved amfiet til barnehagen. Det har synt seg vanskeleg å finna gode løysingar på dette, men ein har no planar for korleis dette kan avklaras. Det er eit mål å ha alt dette løyst tidleg i 2020. Økonomisk vil prosjektet bli avslutta i løpet av 2020. Prognosene syner totalkostnader innanfor vedteke budsjett.
- Ny barnehage på Brusand  
Kommunestyret vedtok i sak 096/17 å utsette ferdigstilling av denne barnehagen til 2021. I kommunestyret den 13.12.18, sak 096/18 Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022, blei oppstart på barnehagen forskyve med ytterlegare eit halvt år. I kommunestyret den 12.12.19, sak 103/19, Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023, føreslo rådmannen å stansa planlegginga av ny barnehage, men dette blei ikkje vedteke og arbeidet med å realisera barnehagen fortset. Tomta til ny barnehage må omregulerast før desse arbeida kan starta. «Områdeplan 1169 Kvermefloen, Brusand». Ny barnehage kan tidligast stå klar i 2022.

### *Kulturbygg*

- **Trøskjeløhagen (Meieriinternatet Vigrestad)**

I kommunestyret den 12.12.19, sak 103/19, Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023, vert det vedteke at prosjektet skal avsluttas og bygget skal bli lagt ut for sal.

### *ENØK tiltak.*

- I kommunestyret den 09.05.19, sak 030/19 vart det vedteke at dei 10 framlagde tiltaka kunne gjennomføras med midlar frå enøkfondet. I tillegg vart det vedteke at rådmannen innanfor rammene av fondet får fullmakt til å gjennomføra andre prioriterte enøktiltak. Fondet var i mai 2019 på 18,5 mill. kr.  
I 2019 vart 5 av desse tiltaka ferdigstilt. Dei øvrige er under planlegging.

## Drifts- og vedlikehaldsavdeling

I 2019 er det utført ombygging, rehabilitering og vedlikehaldsoppdrag for om lag 12,5 mill. kr. Oppdraga fordelar seg på barnehagar, skolebygg og helsebygg. 3,0 mill. kr av desse midlane er i 2019 ført i driftsregnskapet. Ein har tidlegare ført dette i investeringsregnskapet, men ny tolking av praksis synar at ein må differensiera dette betre. Dette er med og påverkar driftsresultatet i egedomsavdelinga negativt.

Frå og med 2020 er dette tatt omsyn til ved budsjettet handsaminga.

Det blir kvart år, i samband med handsaminga av budsjettet, lagt fram ei politisk sak som i detalj synar det vedlikehaldsmessige etterslepet, kva som er gjort i inneverande år og kva ein planlegg å utføre for det kommande året.

## Reinhaldsavdeling

Reinhaldsavdelinga har i 2019 fortsett arbeidet sitt med utarbeiding av arealplanar for kvart enkelt bygg. Dette blir gjort i samarbeid med dei tilsette og deira tillitsvalde. I samarbeid med NAV og personalavdelinga er det i 2019 og sett i gang arbeid for å få ned sjukefråveret.

## Kva kan gjerast betre

- Egedomsavdelinga må stadig oppdatera seg for å holda tritt med utviklinga innan byggefaga og regelverket som gjeld. Dette er ein prosess som pågår heile tida.
- Det er allereie etablert eit godt samarbeid med andre kommunar, spesielt Klepp og Time. Framover vil me søkje å utvida dette samarbeidet til å omfatta fleire av faggruppene innanfor egedomsavdelinga.  
Innanfor dette samarbeidet skjer det nå mykje spennande og gjennom Norsk Kommunalteknisk Foreining (NKF) er felles kravspesifikasjonar og kontraktsforhold for alle kommunar noko som er forventa å komma på plass i løpet av 2020.
- **Drift og vedlikehald**  
I 2020 vil det bli brukt meir tid på opplæring og oppfølging av rapporteringar i IK Bygg, utført av vaktmeistrane. Dette vil redusera avvik frå offentlege myndigheter.  
Det skal også jobbast med å få på plass ei ny ordning for bestilling av tenester til drift og vedlikehald via IK Bygg. Dette vil gi betra oversikt over pågående oppdrag samt moglegheit for tilbakemeldingar til bestillar av oppdraget.
- **Reinhald**  
I 2020 vil me fortsetta arbeidet med å få ned sjukefråveret. Det vil bli investert i meir maskinbruk og robotar skal prøvast ut. Ein ny reinhaldsstandard vil koma på plass i løpet av 2020  
Det skal avholdast kurs for alle reinhaldarane med fokus på motivasjon, ergonomi, maskinelt reinhald og bruk av vann og kjemikaliar.

# Framtidsutsikter

## **Ansvarleg styring - tid for val**

«Ansvarleg styring - tid for val» er overskrifta for budsjettet 2020 og økonomiplanen 2020-2023. Behovet for lovpålagte tenester aukar. Vi har fleire innbyggjarar med meir samansette behov, aukande behov innan barnevernet, talet på eldre aukar i perioden og bemanningsnorm i skule og barnehage. Rådmannen føreslår kutt og omlegging i nokre tenester for å ha råd til det som er lovpålagt. Det er nødvendig med strukturgrep for å sikre god økonomistyring. Me skal leve det innbyggjarane har krav på. Det er framleis behov for stram økonomistyring.

## **Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå!**

Hovudmålet for Hå kommune er at «Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå». Rådmannen legg derfor fram eit forslag til budsjett ut frå dei politiske føringane gitt av kommunestyret i juni 2019 om at Hå fortsatt skal ha ein sunn økonomi og god økonomistyring. Kommunesektoren opplever samstundes at ramane for å kunne leve lovpålagte tenester vert trangare. Me må ta omsyn til at talet på innbyggjarar med store og samansette behov aukar. Hå kommune må jobbe på ein annan måte for å ha moglegheiter til å oppfylle krav om lovpålagte tenester i dag og tida framover til innbyggjarane. I Hå kommune har vi valt å samla alt arbeidet vi gjer med forenkling, fornying og forbetring i «Framtidsløftet». Ordet Framtidsløftet er knytt til visjonen vår «Me løfter i lag» og samlar alt vi gjer for å effektivisere drifta og vere meir fleksible. Ein viktig del av dette er digitalisering og innovasjon – om korleis nye og digitale løysingar kan gjere tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane.

## **Økonomiske utsikter**

Måltaket i kommuneplanen er at netto driftsresultat skal vere minst 1,5 prosent av driftsinntektene. I forhold til opphavleg budsjett for 2019 aukar driftsinntektene med 3 prosent til 1 486 mill. kr i løpende kroner. Driftskostnadane aukar med 3,3 prosent er budsjettert til 1 492 mill. kr. Netto finanskostnadar og avskrivingar aukar og budsjettert netto driftsresultat er på 15,5 mill. kr. Dette er 1,04 prosent av driftsinntektene. Overføring til investering er budsjettert til 21,7 mill. kr i 2020 og 21,4 mill. kr i perioden 2021-2023 og blir redusert frå 2,5 til 2,1 prosent av dei frie inntektene (skatt og rammetilskott).

I økonomiplanperioden 2020 – 2023 er det lagt inn 757 mill. kr i løyingar på igangsette og nye investeringar, mot 699 mill. kr i økonomiplanperioden 2019 – 2022. Dei store endringane i investeringane er større tilbygg på Varhaug skule, ny avlastningsbustad for barn og ungdom på Nærbø, renovering av Hybelhuset og store investeringar i flomsikring. Detaljregulering og planlegging tar meir tid enn venta slik at midlar til sjølve bygginga av sambrukshuset i Nærbø sentrum blir skjøve ut i tid.

Dei budsjetterte inntektene frå sal av tomter til bustadbygging er redusert også i 2020.

Rådmannen rår til at nivået på lånegjeld ikkje skal auke meir enn rekna i økonomiplanen for 2019-2022, og det høgste nivået på lånegjeld per innbyggjar ser vi i 2021 på 65 210 kr per innbyggjar. Rådmannen føreslår også å nytte delar av overskott frå tidlegare år som vart sett på disposisjonsfond, til investeringar.

Det er knytt utryggleik til fleire av postane i budsjettet, spesielt når det gjeld skatteinntekter, stønadars/refusjonar og tomtesal. Det er derfor viktig å ha eit robust budsjett, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde ein del midlar på fond som i dag. Det er viktig at vi vurderer heile drifta i organisasjonen og gjer prioriteringar som gir handlingsrom framover. God økonomistyring, effektiv drift og høg gjennomføringsevne må til for å utvide det økonomiske handlingsrommet.

## **Kva er viktig framover?**

Veksten i folketalet var positiv i 2019, og viser ein auke på 0,9 %. Arbeidsløysa er låg, men salet av bustadtomter har enno ikkje tatt seg opp. Skatteinngangen i 2019 har vore om lag som forventa og ut frå statsbudsjettet ser vi, som i tidlegare år, at auken i dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) ikkje samsvarer med auka krav til tenesteproduksjon og forventingar frå myndigheter og innbyggjarar.

Nokre prioriterte tiltak er:

- ta omsyn til redusert tilskott til lærarnorm,
- auka kostnad grunnskuleopplæring for vaksne
- legge ned Urhei barnehage på Nærø i 2020
- auka budsjettet til Blåbærtua og styrke barnevernet, heimetenesten, legar, psykolog og lærlingar,
- bygga avlastningsbustad på Nærø for barn og unge
- redusera kostnaden på Hå sjukeheim ved å halda 2. etasje i den gamle delen stengt frå 2020
- redusera bemanninga på Olsvoll frå 2020 og legge om bemanninga på Ogna sine heimetenester, skal gjerast etter politisk handsaming i eiga sak om dette
- prioritera klimatiltak gjennom flomsikring, legging av nye vassleidningar og sanering av eldre avløpsanlegg, skyve på og/eller utsette vegprosjekt.
- auka budsjetta til vintervedlikehald og feiring
- følgje opp framdriftsplanen for Sambrukshuset på Nærø sentrum
- følgje opp satsinga på planarbeid og sentrumsutvikling

## **Utviklingstrekk**

Utviklingstreka i samfunnet er viktig for kommunen si vurdering av framtidsutsiktene. Nokre av dei hovudutfordringane vi ser framover er omtalt nedanfor. Desse utfordringane vil vi ta omsyn til når vi vurderer om, eller i kor stor grad planer skal reviderast.

### **Befolkningsutvikling**

Den demografiske utviklinga legger føringar på kommunen si disponering av økonomiske ressursar og er med på å sette rammene for kommunalt utviklingsarbeid. Folkemengd per 31.12.2019 var 18 991 personar, ein auke på 0,9 prosent (177 personar) frå året før.

### **Sysselsetting**

Oljeindustrien påverkar arbeidsmarknaden i heile regionen – og der er teikn til betring lengre nord. Arbeidsløysa har vært låg i heile 2019 og var 1,9 prosent ved utgangen av året. Hå opplever framleis netto utflytting til andre stader i landet.

### **Corona-smitta**

Den alvorlege situasjonen som oppsto i mars 2020 med at viruset Covid-19 spreia seg så raskt har gjort at kommunen si krisehandtering er sett på ei verkeleg prøve.

Avhengig av kor lenge pandemien varer vil den kunne gje store utfordringar innan bemanning og ressursar. Det aller viktigaste er å ivareta liv og helse. Deretter kommer bekymringa for næringslivet. Dette gir auka risiko for den økonomiske situasjonen for kommunen 2020, spesielt på driftssida, men også i forhold til lom me får gjennomført investeringsprosjekt som er i gang eller planlagt.



Foto: Snorre Aske

# Årsresultat

Overskrifta på budsjettet for 2019 var «Saman i skiftande tider». Resultata frå 2019 syner at me har god økonomistyring i trangare tider. Netto driftsresultat er betre enn budsjett, me har eit mindreforbruk (overskott) i drift, investeringane går som planlagt og lånegjelda er ikkje auka.

Rådmannen er godt nøgd med at sjukefråværet er eit heilt prosentpoeng lågare enn året før. Det syner at oppfølging verkar og at leiarane tek godt vare på dei tilsette også når det er travlare tider. Talet på arbeidslause held seg lågt, og talet på godkjente bustader er meir enn dobla frå 2018. Folketalet har auka med 0,9 % (177 personar), men låge netto innflyttingstal gjev framleis grunn til uro.

Netto driftsresultat for 2019 blei 46,9 millionar kr. Dette er 3,1 % av driftsinntektene og er betre enn forventa på grunn av høgare skatteinngang i Hå og god økonomistyring i tenesteområda. Investeringane var på 216 millionar kr, ein reduksjon frå nivået i 2018 på 66 millionar kr. Av dette er 70 millionar kr finansiert ved lånepoptak. Netto lånegjeld (utan startlån) pr. 31.12.2019 er 1 140 millionar kr som motsvarer 60 040 kr per innbyggjar. Det er brukt av disposisjonsfond til m.a investeringar på Varhaug skule, men disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene er likevel på solide 16,0 % før me legg til overskottet for 2019. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) er 32,3 millionar kr.

## Kommunal drift

Hå kommune ønskjer å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane. Innbyggjarane venter mykje av dei kommunale tenestene, både når det gjeld kvalitet og omfang. I tillegg kommer det nye krav frå sentrale styresmakter om vidare utbygging av tilbod innanfor dei ulike tenesteområda og normar for bemanning innanfor barnehage og skule. Det er derfor gledeleg å sjå at tenesteområda likevel klarer å halde seg innanfor godkjent budsjettramme for ordinær drift. Alle tenesteområda har vist stor fleksibilitet og evne til å omstille seg.

Tenesteyting er arbeidsintensivt. Sjukefråværet er eit heilt prosent-poeng lågare enn i 2018. Den målretta innsatsen for å redusere sjukefråværet gjev resultat. Talet på fast tilsette er gått opp med 1,8 % medan talet på årsverk utført av desse er gått opp med 1,7 %. Det totale talet på utførte årsverk er gått opp med 2,6 % til 1282 årsverk i 2019.

Samla frie inntekter (skatt, rammetilskott og inntektsutjamning) blei 20,7 millionar kr (2,1 %) høgare enn budsjettet. Skatten til Hå auka med 17,9 millionar kr. og auka inntektsjamning var 2,8 millionar kr. Skatt per innbyggjar i Hå gjekk opp til 83,3% etter fem år med nedgang. I 2018 var skatt per innbyggjar 82,5 % av gjennomsnittet i landet. I 2014 var skatteinngangen 94 % av gjennomsnittet.

Kommunestyret har vedtatt nokre endringar i budsjettet gjennom året for å ta omsyn til nye oppgåver og endringar i inntekter. Det kan likevel vere vanskeleg å si akkurat kor mykje vi får og når utbetaling skjer når det gjeld tilskott og refusjonar. Likeins kan det vere vanskeleg å seie når eller om planlagde endringar kommer. Samla gjekk tenesteområda med eit mindreforbruk. I tenesteområdet for helse- og sosialsaker fekk me eit mindreforbruk på 11,9 millionar kr og tenesteområdet for opplæring og kultur gjekk i balanse. Saman med

meirinntekter i Fellesfunksjonane og meirutgifter i eigedomsavdelinga blir det eit overskott på 32,3 millionar kr.

I tenesteområdet for tekniske saker og næring er det både blitt brukt av og sett av til sjølvkostfond for å finansiere utgifter. Samla er desse fonda redusert med om lag 1,5 millioner kr i 2019

## Investering

Kommunen sine investeringar i 2019 er lågare enn i 2018 og om lag som budsjettet. Hå kommune fekk tilslagn om ytterlegare 13 millionar kr frå NVE til flomsikring.

Bruken av lånemidlar er redusert – netto gjeld på eigne lån gjekk ned med 2 millionar kr i 2019. Delen av investeringar som er lånefinansiert er redusert frå 47,5 % til 32,1 %.

Talet for netto lånegjeld<sup>1)</sup> i forhold til driftsinntektene er redusert frå 72,5 % i 2018 til 70,5 % i 2019. Reduksjonen skuldast at auka pensjonsforpliktingar blir oppvegd av reduksjon i ubrukte lånemidlar og utlån og at driftsinntektene er auka. Hå har ein robust balanse. Netto rente-eksponering når vi tar hensyn til innskudd, ubrukte lånemidlar, investeringar i sjølvkost og lån med fast rente er svært låg.

Det største enkelprosjektet i 2019 var arbeidet med bygging av to nye etasjar på Hå sjukeheim. 43,3 millionar kr (20 %) av investeringane i 2019 blei brukt her. Andre prosjekt med investeringar over 10 millionar kr er flaumtiltak på Vigrestad, vassleidning Prestakrysset – Håland, Varhaug skule og saneringsarbeidet i Dysjlandsvegen. Desse fem største prosjekta sto for 58 % av dei totale investeringane i 2019. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

## Vurdering

Rekneskapen viser at kommunen har god kontroll på ressursbruken knytt til den kommunale tenesteproduksjonen. Lånegjelda aukar ikkje lengre, og kommunen har relativt store ikkje disponerte midlar på disposisjonsfond. Det er viktig å fortsatt ha stor merksemd på god økonomistyring slik at ein kan oppretthalda dagens tenestetilbod og finansiere ein del av investeringane av drifta.

## Stadfesting

Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med rekneskapsforskrifta si § 10 den 15. februar 2020. Rekneskapen gjer eit dekkande bilet av Hå kommune sin økonomiske situasjon og resultat av verksemda i 2019. Hå kommune blir revidert av Rogaland Revisjon IKS.



Anne Berit Berge Ims

Rådmann



Bente C Iversen

Økonomisjef

<sup>1)</sup> Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar der totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekte frå.

## **Statlege rammevilkår**

Den største delen av inntektene til kommunen er skatt og rammetilskot. Også i 2019 var dette om lag to tredelar av driftsinntektene.

Rammetilskotet er fast om ikkje styresmaktene vedtek endringar i form av meir eller mindre finansiering knytt til bestemte saker.

Skatteinngangen vil variere med talet på skattytarar og inntektsnivået deira. Den delen kommunen får behalda av innbetalt skatt på inntekt og formue blir kalla skattøre. Dette var 11,55 % i 2019, ein reduksjon frå 11,8 % i 2018. Dersom skatteinngangen per innbyggjar er lågare enn landsgjennomsnittet vil kommunen få utbetalt inntektsutjamnande tilskot. Det betyr at kommunen får meir inntekter som blir finansiert av dei kommunane med høgare skatteinngang enn landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga blir betalt ut saman med rammetilskottet.

I høve til 2018 så auka skatteinngangen med 5,3 % og rammetilskott (inkludert inntektsutjamning) auka med 5,0 %. Skatt per innbyggjar ved utgangen av året blei 26 344 kroner i 2019. Dette var 4,3 % meir enn i 2018 då skatt per innbyggjar var 25 247 kroner.

Skatteinngangen blei 3,7 % høgare enn regulert budsjett. Skatteinngangen per innbyggjar aukte til 83,3 % av landsgjennomsnittet og Hå fekk derfor ikkje så mykje meir i inntektsutjamning enn budsjettert. Inntektsutjamninga tok skatteinngangen per innbyggjar opp til 94,5 % av gjennomsnittet i landet. Summen av skatt og rammetilskott blei 2,1 % høgare enn regulert budsjett.

Skatteinngangen i landet blei 4,7 % høgare enn i 2018. Skatteveksten på årsbasis blei i statsbudsjettet for 2019 anslått til 0,4 % for kommunane. Dette blei sett opp til 1,2 % i revidert nasjonalbudsjett (RNB). Det blei gjort nye vekstanslag for 2019 i samband med statsbudsjett for 2020, og anslaget for 2019 var då 3,8 %.

Likningsår	2014	2015	2016	2017	2018
Talet på skattytarar med skatt, forskottsordninga	13 969	14 209	14 295	14 205	14196
Talet på innanbygds arbeidsgjevarar	568	558	541	547	547

Bokføringsår	2015	2016	2017	2018	2019
Innbetalt skatt/avgift (millionar)	2 013	2 034	2 032	2 069	2 168
Hå kommune sin del (millionar)	437	468	470	475	500

Tabellen under viser totale driftsinntekter. Andre inntekter inkluderer brukar- og eigenbetalingar samt tilskot og refusjonar frå stat og andre kommunar.

Driftsinntekter millionar kr	2015	2016	2017	2018	2019
Skatt	436,8	468,0	470,0	475,0	500,3
Rammetilskott	435,9	453,3	484,9	504,2	529,7
Vertskommunetilskudd	40,3	36,1	31,7	30,2	31,6
Andre inntekter	383,3	432,7	438,5	463,3	455,3
Sum	1296,3	1390,1	1425,1	1472,7	1516,9

## Driftsrekneskap

Kommuneplanen sine mål for økonomistyring blei nådd i 2019:

- Driftsresultatet er på 3,1 %, godt over målet på 1,5 %.
- Der er reduksjon i ubundne fondsmidler på 26 millionar kr, men likevel slik at disposisjonsfondet ved utgangen av 2019 er på 243 millionar kr eller 16,1 % av driftsinntektene.
- Låneopptaket er innafor forsvarlege rammer.  
Netto langsiktig lånegjeld er 70,5 % av driftsinntektene. Målet i kommuneplanen er at dette forholdstallet skal vere innanfor 60 %. 67,9 % av investeringane er eigenfinansiert, dette er ein auke frå 40 % i 2017 og 52,5% i 2018. Netto finanskostnadene utgjer 3,8 % av driftsinntektene, som i 2018. Avskrivningar er framleis høgare enn ordinære avdrag på lån.
- Kontrollert vekst i driftsutgiftene.  
Samla har rammeområda har halde budsjetttrammene sine med endringar vedtatt gjennom året. Det er likevel ei stor utfordring å planleggja sidan det til dømes er uvisst kor mange ressurskrevjande brukarar det blir. Skatteinngangen er også uviss sjølv om denne utryggleiken blir dempa av inntektsutjamninga. Dette syner at kommunen har ein effektiv ressursbruk. Hå har, i følgje Kommunebarometeret for 2018, 14 lågaste administrasjonskostnadene i landet.
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter.  
Sjølvkostområda går i balanse med ei nedbygging av fond som planlagt. Dette er bruk av bunde fond, og prisane kan haldast låge framover også. Hå er blant dei 11 kommunane i landet som har lågaste gebyr og avgifter i følgje Kommunebarometeret for 2018.

I alle tabellar og analyser tar vi i tillegg til resultat for førre år, også med budsjett for 2019 med og utan vedtekne endringar. Dette reflekterer det som var planlagt og vedteke av politikarane i budsjettet med godkjente endringar gjennom året. Fullstendig årsrekneskap finns i eige dokument.

### Hovudtal

Millionar kroner	Rekneskap					Budsjett	Budsjett
	2015	2016	2017	2018	2019	2019 *)	2019
Driftsinntekter	1 296,0	1 390,2	1 425,1	1 472,7	1 516,9	1 462,4	1 441,9
Driftsutgifter inkl. avskrivninger	-1 243,0	-1 327,0	-1 380,5	-1 432,7	-1 499,4	-1 488,5	1 444,5
Finansposter	-18,0	-35,3	-93,0	-55,6	-57,8	-60,3	-63,6
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>86,0</b>	<b>81,3</b>	<b>21,0</b>	<b>63,5</b>	<b>46,9</b>	<b>0,8</b>	<b>16,5</b>
Avsetningar	51,0	36,7	-8,8	22,2	14,6	-0,8	-16,5
Overskott	34,0	44,6	29,8	41,3	32,3	-	-
<b>Netto driftsresultat i % driftsinntekter</b>	<b>6,6 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>4,3 %</b>	<b>3,1 %</b>	<b>0,1 %</b>	<b>1,1 %</b>

\*) Budsjett inkl endringar

<sup>1</sup> Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar der totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekte frå

## Kommentarar til dei ulike postane:

### *Skatt, rammetilskott og skatteutjamning – 1 030 millionar kr*

I høve til 2018 så auka skatteinngangen med 25,3 millionar kr (5,3 %) og rammetilskottet (inkludert inntektsutjamning) auka med 25,4 millionar kr, motsvarande 5,0 %. Samla auke var 50,7 millionar kr (5,2 %).

Skatteinngangen blei 17,9 million kr (3,7 %) høgare enn regulert budsjett. Skatteinngangen per innbyggjar var 83,3 % av landsgjennomsnittet og Hå fekk 2,8 millionar kr meir i inntektsutjamning enn regulert budsjett. Me mottok ikkje skjønstilskott i 2019.

Summen av skatt og rammetilskott blei 20,7 millionar kr høgare enn justert budsjett, motsvarande 2,1 %.

### *Overføringer, refusjonar og tilskot – 286,2 millionar kr*

Samla blei dette redusert med 19,5 millionar frå 2018. Mesteparten av dette er knytt til bestemte føremål slik som sjukepengar, moms-refusjon og tilskott til bestemte tenester eller føremål. Sjukepengerefusjonen er redusert med 9,1 % - eit resultat av lågare sjukefråvær. I forhold til regulert budsjett er bokførte inntekter 27,3 millionar kr (10,6 %) høgare.

### *Andre inntekter og kostnader*

Brutto lønnsutgifter inkludert sosiale kostnader var 1 060,4 millionar kr, motsvarande 70,7 %, av driftskostnadane inkludert avskriving. Denne delen er litt lågare enn i 2018. Tar ein omsyn til sjukelønsrefusjonar er lønn 67,6 % av driftskostnadane.

Netto lønnskostnadene er 47,0 millionar kr høgare enn i 2018.

I sum er driftsutgiftene litt høgare enn som budsjettert og om lag 67 millionar kr høgare enn i 2018.

I høve til regulert budsjett betyr dette at om lag 34 millionar kr av auken i netto driftsresultat skuldast auka inntekter i form av tilskott, refusjonar, eigenbetalingar og gebyr, mens driftsutgiftene aukte med 11 millionar kr.

### *Finans*

Netto finansutgifter er auka i forhold til 2018 som følgje at auka renteinntekter ikkje oppveger aukte utgifter til renter og avdrag på lån. Lånegjelda til kommunen er redusert med 2 millionar kr. I forhold til regulert budsjett blei netto finanskostnadane 2,5 millionar kr lågare på grunn av høgare renter på innskot.

### *Avsetning til og bruk av fond*

Netto overføringer og avsetningar til fond gjennom året var 14,6 millionar kr, 13,8 millionar kr meir enn budsjettert. Av dette er 1,5 millionar kr nedbygging av sjølvkostfond.

### *Rekneskapsmessig mindreforbruk (Overskott) – 32,3 millionar kr*

Hovudårsakene til overskottet på 32,3 millionar kr er høgare skatteinngang og andre inntekter og god økonomistyring i tenesteområda.

Kostnadsutviklinga i rammeområda er vist i tabellane nedanfor.

### Oversikt over driftsutgifter

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene inkludert avskrivingar slik det kommer fram i driftsrekneskapen. Her er ikkje bruk av eller avsetning til fond tatt med. Tala er også korrigert for interne overføringer.

Driftsutgifter	2015	2016	2017	2018	2019
Sektor i 1000 kr			Brutto driftsutgifter		
Sentraladm.	56 252	57 543	53 488	48 166	57 476
Eigedomsavdelinga (frå 2018)				114 119	126 838
Opplæring og kultur	574 308	613 384	626 702	586 299	589 628
Helse og sosial	496 819	546 439	570 975	561 217	593 317
Kyrkje	11 179	12 989	12 925	13 461	14 422
Teknisk og næring	113 748	114 808	127 551	137 120	146 475
Ymse	-8 900	-18 207	-11 159	-27 676	-28 709
Sum	1 243 406	1 326 956	1 380 482	1 432 706	1 499 447

Eigedomsavdelinga blei samla i sentraladministrasjonen i 2018 og dette er ein vesentleg grunn til at utgiftene i 2018 er lågare enn i 2017 for dei to store tenesteområda. Variasjonen i premieavviket er ei av hovudårsakene til at utgiftene under «ymse» varierer så mykje frå år til år.

### Investering

I 2019 blei det ført 216,0 millionar kr i investeringsutgifter i rekneskapen. Dette er 66,4 millionar kr mindre enn i 2018. Regulert budsjett var på 233,3 millionar kr medan opphavleg budsjett var 188,1 millionar kr. Hovudårsaken til at investeringsutgiftene blei høgare enn opphaveleg budsjettet er avvik i forhold til tidsfordelte budsjett innanfor tjenesteområdet for tekniske saker og næring og for Hå sjukeheim. Alle dei større prosjekta held seg godt innanfor godkjente rammer.

Kommunerekneskap må førast med årlige løyvingar for investering og lånepoptak. Dette gjer at det blir endringar i høve til årets budsjett på grunn endringar i framdrift, at prosjekt vert utsett og andre omprioriteringar. Prosjekt som går over fleire år kan få fleire justeringar sjølv om totalkostnaden ikkje endrast.

#### Investering per område

Investeringsutgifter	2015	2016	2017	2018	2019	Budsjett 2019 *)
Millionar kroner						
Sentral mm	19,9	13,5	10,4	5,8	6,2	9,6
Opplæring og kultur	231,5	193,3	147,4	65,9	37,9	51,6
Helse og sosial	37,2	35,6	31,0	85,1	51,5	68,4
Kyrkje	2,0	8,4	1,5	0,5	6,3	7,8
Teknisk og næring	182,6	184,8	202,8	125,0	115,1	95,5
Sum	473,3	435,5	393,1	282,3	217,0	233,0

## Finansiering

Investeringane blir betalt ved låneopptak, salsinntekter, bruk av fond og overføring over driftsbudsjettet. Meirverdiavgift på investering blir refundert og kommer òg fram som ei inntekt.

Opphavleg investeringsbudsjett var på 188,1 millionar kronar med bruk av lån på 18,2 millionar kr. Faktisk bruk av lån var 77,2 millionar kr. Differansen skuldast flytting av låneopptak som er frå 2018 til 2019. Dette skjer på grunn av kravet om årlege løyingar og at framdrift og finansiering på prosjekt derfor endrast i forhold til opphavleg vedtak.

Inntekter frå tomtesal var på 9,5 millionar kr i 2019. Budsjettet var 32 millionar kr. Differansen skuldast lågt sal av bustadomter, men også lågare sal av næringstromter enn budsjettet. Dette vil variere frå år til år. Salsinntekt er budsjettet lagt til Tomtefondet og er tenkt brukt til tilrettelegging av utbyggingsområder. Når det er lite sal, blir det tilsvarende lite lagt i fondet. Ved utgangen av 2019 var det 5,9 millionar kr på tomtefondet.

## Frå balansen

I balansen ser vi at dei store investeringane gjer at balansen aukar med 111 millionar kr frå 2018 til 2019 etter avskrivningar. Anleggsmidlane (inkl. pensjonsmidlar som aukar med 86 millionar kr) aukar med totalt 201 millionar kr. Langsiktig gjeld aukar med 79 millionar kr på grunn av auka pensjonsforpliktingar og låneopptak til investeringane. Netto auke i fond er 35 millionar kr. Hovedgrunnen til auken er at overskottet for 2018 blei sett av til fond. Jamfør elles note 1 og 2 og dokumentet «Årsrekneskap 2019».

### Balanse pr. 31. desember 2019

Eigendalar	Note	2015	2016	2017	2018	2019
Eigedom etc.		1 938	2 296	2 593	2 771	2 890
Utlån og aksjer		229	214	212	209	205
Pensjonsmidlar		1 215	1 258	1 369	1 483	1 570
Sum anleggsmidlar		3 382	3 769	4 174	4 463	4 664
Premieavvik		52	58	56	63	78
Andre omløpsmidlar		616	627	610	527	528
Sum omløpsmidlar		668	685	667	590	605
Sum eigendalar		4 050	4 453	4 841	5 053	5 269
Udisponert overskott		35	45	30	41	32
Fond	1,2	351	354	327	317	351
Annan eigenkapital		1 051	1 154	1 346	1 539	1 654
Sum eigenkapital		1 436	1 552	1 702	1 897	2 037
Kortsiktig gjeld		204	215	250	220	216
Pensjonsforpliktingar		1 508	1 591	1 684	1 724	1 815
Langsiktig gjeld		902	1 095	1 204	1 213	1 201
Sum gjeld		2 614	2 901	3 138	3 157	3 232
Sum eigenkapital og gjeld		4 050	4 453	4 841	5 053	5 269

Tal i mill kr

## **Finans**

Summen av renteinntekter, -utgifter og utbytte i driftsrekneskapen var 13,4 millionar kr i 2019 mot 12,9 millionar kr i 2018. Høgare renteinntekter på bankinnskott utgjorde 2,2 millionar kr, mens utbyttet auka med 1,9 millionar kr. Renteutgiftene auka med 3,5 millionar kr på grunn av høgare rentenivå.

Ordinære avdrag på lån auka med 2,8 millionar kr. Sum netto finansutgifter blei auka med 2,2 millionar kr i 2019 i forhold til 2018.

I 2019 blei det utbetalt 7,1 millionar kr i formidlingslån (lån til vidare utlån til huskjøparar eller husbyggjarar). Tilsvarande var utlånet i 2018 på 4,9 millionar kr. For 2019 var det budsjettert med opptak av lån på 5 millionar kr i Husbanken til vidare utlån og dette blei tatt opp. Det var ikkje bokførte tap på formidlingslån i 2019. Ekstraordinære innbetalingar gjorde at lån til utlån samla sett er redusert - frå 71,0 millionar kr pr. 31.12.2018 til 60,7 millionar kr pr. 31.12.2019.

Kommunen sine eigne lån er om lag uendra, frå 1 142 millionar kr i 2018 til 1 140 millionar kr ved utgangen av 2019.

### **Gjeld**

<b>Gjeld pr. 31.12</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Langsiktig/kortsiktig gjeld *)	1 106,0	1 309,8	1 454,3	1 432,6	1 417,5
Omløpsmidlar	668,4	684,9	666,8	589,8	605,0
Netto gjeld	437,6	624,9	787,5	848,6	812,5
<hr/>					
<b>Langsiktig lånegjeld</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Brutto samla lån*	900,5	1 093,8	1 204,1	1 212,8	1 201,0
Lån til utlån	101,8	84,7	70,1	70,9	60,6
Netto samla lån	798,7	1009,1	1134	1141,9	1 140,4
<hr/>					
Brutto pr. innbyggjar i kr	48 437	58 181	64 178	64 463	63 240
Netto pr. innbyggjar i kr	42 962	53 676	60 441	60 694	60 049
<hr/>					

\*eksl. pensjonsgjeld

## **Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)**

I det kommunale budsjett- og rekneskapssystemet skal budsjettet gå i balanse, det skal ikkje budsjetterast med overskot. Rekneskapsmessige meirinntekter og mindreutgifter jamført med budsjettet gjev eit over- eller underskot og det er høve til å gi løyve til at udisponerte midlar kan førast over frå eit år til eit anna via fond. I Hå avgjer kommunestyret i eigne saker i desember om og eventuelt storleik på midlar som kan førast over til neste år. Ved avslutning av rekneskapen blir endelige overføringer gjort.

Ei nærmare analyse av hovudoversyna i årsrekneskapen viser ei meirinntekt i driftsrekneskapen 2019 jamført med regulert budsjett på 33,9 millionar kr, meir utgifter på 10,9 millionar kr og 2,5 millionar kr sterkare finansresultat enn regulert budsjett. Dette gir samla eit netto driftsresultat på 46,9 millionar kr mot regulert budsjett på 0,8 millionar kr. Opphavleg budsjett var eit netto driftsresultat på 16,5 millionar kr.

Når ein tar omsyn til netto avsetningar, overføringer til investeringsrekneskapen og dei godkjende overføringane til 2020 på 14,6 millionar kr kjem 32,3 millionar kr fram som udisponert årsoverskot.



## Finansieringsanalyse

Ta inn frå PDF – her er [fil](#)

Drift:	Note	Rekneskap					Budsjett *)	Avvik
		2015	2016	2017	2018	2019	2019	
Skatt		436 779	467 976	470 013	474 998	500 305	482 380	17 925
Rammetilskott (inkl. inntektsutj.)		435 909	453 318	484 895	504 246	529 669	526 891	2 778
Andre inntekter		423 614	468 859	470 154	493 443	486 972	453 107	33 865
Sum driftsinntekter	3	1 296 302	1 390 153	1 425 062	1 472 687	1 516 946	1 462 378	54 568
Sum driftsutgifter	4	-1 192 372	-1 273 584	-1 312 863	-1 353 641	-1 412 260	-1 401 329	-10 931
Avskrivninger		-51 060	-53 369	-67 629	-79 065	-87 187	-87 176	-11
Brutto driftsresultat		52 870	63 200	44 570	39 981	17 499	-26 127	43 626
Netto renteinntekter , utbytte	5	20 348	14 325	11 286	13 027	13 640	11 208	2 432
Netto avdrag, utlån	6	-38 479	-49 592	-102 453	-68 614	-71 440	-71 470	30
Avskrivninger, motpost		51 060	53 369	67 629	79 065	87 187	87 176	11
Netto driftsresultat		85 799	81 302	21 032	63 459	46 886	787	46 099
<b>Investering:</b>		<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2019*)</b>	<b>Avvik</b>
Brutto investeringsutg.		-473 254	-435 583	-393 263	-282 318	-215 965	-233 329	17 364
Utlån/kjøp av andelar		-18 873	-10 969	-13 413	-8 649	-10 628	-9 935	-693
Avdrag		-16 191	-17 226	-19 675	-9 086	-10 331	-10 390	59
Tilsk., ref. e.ord.utb/avdrag, mva		97 692	70 082	80 010	90 407	41 693	49 966	-8 273
Netto investeringsutg.		-410 626	-393 696	-346 341	-209 646	-195 231	-203 688	8 457
<b>Finansiert ved:</b>		<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>		
Lån		338 284	267 303	244 056	134 208	77 198		
Sal aveigedom		13 059	30 212	30 501	25 014	9 459		
Andre eigne midlar		59 283	96 181	71 784	50 424	108 574		
Sum finansiering		410 626	393 696	346 341	209 646	195 231		
Endring i arb. kap før korrigeringar								
		26 517	13 174	-41 661	1 220	25 736		
Endring ubrukte lån		6 080	-7 381	-11 627	-47 807	-7 197		
Endring arbeidskapital		32 597	5 792	-53 288	-46 587	18 539		
<b>Kommunalt reknesaksresultat:</b>		<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>		
Endring arbeidskapital		32 597	5 792	-53 288	-46 587	18 539		
Endring ubrukte lån		-6 080	7 381	11 627	47 807	-7 197		
Netto intern finansiering	7	8 026	31 381	71 479	40 070	20 959		
Overskott for året		34 543	44 555	29 818	41 290	32 301		
<i>Tal i 1000 kr</i>							<i>*) Med godkjente endringar</i>	

# **Noter til årsresultatet**

## *Note 1 Fond*

Tall i mill. kr	2016	2017	2018	2019
2.51 Bundne driftsfond	44	40	32	31
2.55 Bundne kapitalfond	9	1	1	2
Fond bundet til bestemte formål	52	41	33	32
2.53 Ubundne kapitalfond	117	96	59	76
Fond bundet til kapitalformål	117	96	59	76
2.56 Disposisjonsfond drift	106	113	117	108
2.57 Disposisjonsfond kapital	79	77	108	135
Ubundne fond	184	190	225	243
Fond i alt 31.12.	354	327	316	351

Andeler i pengemarkedsfond kortsiktige finansielle plasseringar og oppført til marknadsverdi

## *Note 2 Disposisjonsfond pr 31. desember*

Disposisjonsfond Tall i mill. kr	Driftsrekneskap				Kapitalrekneskap			
	2016	2017	2018	2019	2016	2017	2018	2019
Sentral	3	4	3	3				
Opplæring og kultur	9	11	12	14				
Helse og sosial	39	46	54	48	1,5	1,5	1,6	0,0
Teknisk og næring	12	6	6	7				
Felles*	51	45	42	37	77,1	75,1	105,9	135,4
Sum	113	113	117	108	78,6	76,6	107,5	135,4

## *Note 3 Inntektspostar*

Inntektspostar	Millionar kroner				I prosent			
	2016	2017	2018	2019	2016	2017	2018	2019
Skatt	468	470	475	500	33,0	33,0	32,3	33,0
Rammetilskott	453	485	504	530	34,0	34,0	34,2	34,9
Vertskommunetilskudd	36	32	30	32	2,2	2,2	2,0	2,1
Andre inntekter	433	439	464	455	30,8	30,8	31,5	30,0
Sum	1 390	1 425	1 473	1 517	100,0	100,0	100,0	100,0

*Tall i mill. kr*

#### Note 4 Utgiftspostar som gjeld driftsrekneskap (inkl fordelede utgifter)

Utgiftspostar som gjeld driftsrekneskap	Millionar kroner				I prosent			
	2016	2017	2018	2019	2016	2017	2018	2019
Løn inkl. sos. utg.	959	997	1018	1060	73,6	74,4	73,9	73,8
Varer/ten. i produksjonen*	169	167	172	175	13,0	12,5	12,5	12,1
Varer/ten. som erstattar pr.**	79	86	89	98	6,1	6,4	6,5	6,8
Overføringsutgifter	96	91	99	104	7,4	6,8	7,2	7,3
<b>Sum</b>	<b>1303</b>	<b>1341</b>	<b>1378</b>	<b>1437</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100,0</b>

\* som inngår i eigen tenesteproduksjon    \*\* som erstattar eigen tenesteproduksjon

#### Note 5 Renter

Renter	2015	2016	2017	2018	2019
Renteinntekter driftsrekneskapen	14,7	12,5	8,4	8,9	10,8
Rente/utbytte Lyse Energi/JEV driftsrekn.	23,3	22,5	24,5	27,4	29,5
Renteutgifter driftsrekneskapen	-17,4	-20,5	-21,7	-23,4	-26,8
<b>Netto renteinntekter driftsrekneskapen</b>	<b>20,6</b>	<b>14,5</b>	<b>11,2</b>	<b>12,9</b>	<b>13,5</b>

Tall i mill. kr

#### Note 6 Avdrag løn

Avdrag løn	2015	2016	2017	2018	2019
Avdrag driftsrekneskapen	38,5	49,6	102,4	68,6	71,4
Mottatte avdrag driftsrekneskapen	0	0	0	0	
Netto avdrag driftsrekneskapen	38,5	49,6	102,4	68,6	71,4
Mottatte avdrag kapitalrekneskapen	-20,6	-17,3	-15,3	-12,4	-14,1
Avdrag kapitalrekneskapen	5,2	5,7	5,6	5,6	5,7
Avsett/bet. e.ord. avdrag kapitalrekn.	11,1	11,4	14,1	3,5	4,6
<b>Netto avdrag i alt</b>	<b>34,2</b>	<b>49,4</b>	<b>106,8</b>	<b>65,3</b>	<b>67,6</b>

Tall i mill kr

#### Note 7 Netto intern finansiering

Netto intern finansiering	2015	2016	2017	2018	2019
Endring fond	25,2	3,2	-27,1	28,7	20,4
Endring likv.res / rekneskapsprins.	0	0	0	0	0
Bruk av tidlegare overskott	-33,2	-34,5	-44,6	-29,8	-41,3
<b>Netto intern finansiering</b>	<b>-8</b>	<b>-31,3</b>	<b>-71,7</b>	<b>-41,2</b>	<b>-20,9</b>

Tal i mill. kr

Årsmelding 2019

